




Møre og Romsdal
fylkeskommune

- ein tydeleg medspelar



FYLKESSTATISTIKK 2022

Møre og Romsdal

INNHALD

1 Demografi	4	6 Eksport	37	12 Areal	64
Folketalsutvikling	4	7 Kultur	38	Bustadareal i kommuneplan	64
Flytting	8	Frivillighet og organisert aktivitet	38	Alder kommuneplanar	65
Innvandring	10	Helsestasjon og skolehelsetenesta	39	13 Bustadmarknaden	66
Fødslar og fruktbarheit	13	Universell utforming	40	Bustadsal	66
Framskrivningar	15	Tilskot til kulturminnevern	41	Igangsette og fullførte bustadar	67
2 Pendling	17	Netto driftsutgifter til kultursektoren	42	14 Samferdsel	68
3 Arbeidsmarknad	19	Bibliotek	43	Ferje	68
Arbeidsplassdekning	19	Spelemiddel	44	Buss	69
Sjukefråvær og arbeidsløyse	20	8 Utdanning og kompetanse	45	Hurtigbåt	70
4 Sysselsetting og næringsliv	21	Grunnskole	45	Miljøutslepp	71
Næringsstruktur	21	Vidaregåande skole - søkarar og elevar	47	Dekke	72
Fylkesfordelt næring	24	Gjennomføring vgs	51	Trafikksikkerheit	73
Utvikling i kommunane	25	Fagskole	53	Veginvesteringar	74
Syssette etter utdanningsnivå	26	Høgare utdanning	54	15 Kommuneøkonomi	75
Syssetting blant innvandrara	27	Kompetansebehov	56	Økonomiske indikatorar	75
Syssetting menn og kvinner	28	9 Tannhelse	58	Sektorvise netto driftsutgifter	76
Syssette etter sektor	29	10 Helse og sosialektoren	59	16 Personinntekt	77
Nyetableringar	30	Barn i låginntektshushald	59	17 Likestilling og demokrati	78
Reiseliv	31	Sjølvmord	60	Representasjon i kommunestyra	78
Landbruk	32	Fastlegeordninga	61	Likestilling	79
Fiskeri og havbruk	34	11 Klima og miljø	62		
5 Forsking og utvikling	35	Klimagassutslepp	62		
Tildelingar frå Innovasjon Norge og forskingsaktivitet i næringslivet	35	Avfall	63		
Prosjektstøtte	36				

Statusrapport i ei endringstid – vekk frå gamle «normalar»

Fylkesstatistikk blir lagt fram for fylkestinget i Møre og Romsdal på deira oktobermøte kvart år. Fylkesstatistikk 2022 inneheld ei rekke tal og statistikkar som både kan brukast til å måle utviklinga og til å seie noko om framtida i fylket.

På mange av områda som er omtalt i fylkesstatistikken viser tidslinjene no større endringar enn vi er vande med. Konjunkturar og oljepris har alltid gitt tydelege utslag i fylkesstatistikken for Møre og Romsdal, eit fylke der det eksportretta næringslivet sysselsett mange. I årets fylkesstatistikk er det fleire internasjonale hendingar som påverkar utviklingstrekk.

I 2020 vart fylket vårt til liks med resten av verda ramma av ein pandemi. Restriksjonar som følgje av denne varte heilt fram til februar 2022. Dette gav raskt utslag i statistikken, særleg for transportsektoren, kultursektoren, reiselivet og personleg tenesteyting. Omsettinga i store deler av næringslivet gjekk ned. Mange brukte mindre pengar, vi fekk nye vanar, både på jobb og fritid, og lærte oss nye teknologiske kommunikasjonsformer. Når restriksjonane for pandemien vart oppheva gjekk derfor ikkje alt tilbake til normalen. Vi ser det mellom anna i statistikken for overnattingar, kulturtilbod og kollektivreiser. På andre område var det eit oppdemma behov, som gav unor-

mal vekst for nokre næringar. Etterspurnaden etter arbeidskraft auka igjen, og talet på ledige stillingar er no rekordhøgt.

Men i februar 2022 invaderte Russland Ukraina og endra på nytt situasjonen både for folk og næringsliv – også i Møre og Romsdal. Over 8 millionar menneske har flykta frå Ukraina i år, og per 2. oktober har 1 242 av desse vorte busett i Møre og Romsdal. Krigen påverkar både matvareprisar og energiprisar, dette har ført til inflasjon og renteheving. Dette kjøler ned den økonomiske veksten, og det er grunn til å vente at arbeidsløysa vil stige igjen.

Ei anna global krise som også i større og større grad påverkar Møre og Romsdal er klima- og naturkrisa. Skal vi ha ei verd å gi vidare til seinare generasjonar, må vi endre forbruk og levemåtar. Utsleppstala for CO₂ i Møre og Romsdal viser berre ein marginal nedgang dei siste åra. EU sin taksonomi for berekraftig aktivitet, som også Noreg har slutta seg til, vil mellom anna påverke vilkåra for å få banklån. På fleire og fleire område blir vi tvingga over i eit grønt spor. Det kan vere eit konkurransefortrinn for det omstillingsdyktige næringslivet i Møre og Romsdal. Spørsmålet er om vi klarer å vinne kampen om arbeidskrafta.

Fylkesstatistikken inneheld som vanleg ein stor del om den demografiske utviklinga. Og vi må slå fast at sjølv om fylket har både befolknings- og selssettingsvekst, så er det det sentrale Austlandet som er den store vinnaren her. Utflyttinga frå Oslo under pandemien gjekk i hovudsak til kommunar på Austlandet.

Elles finn du som vanleg dei siste tala for arbeidsmarknaden, næringsutvikling, pendling, bustadmarknaden og kjønnslikestilling. Også utvikling på fylkeskommunale tenesteområde som utdanning, samferdsel, tannhelse og kultur er med, og i år har vi prioritert å ta inn meir om kompetansebehovet. Andre nye tema er areal til bustadformål, avfall frå hushaldingane og fastlegeordninga. Og det er på tide å sette sjølvmod på dagsorden.

Bruk fylkesstatistikken som grunnlag i debattar, og som grunnlag for planar og andre politiske avgjerder. Fakta trumfar syensing!

God lesing!

Ingunn Bekken Sjøholm
Fylkesplansjef



[mrfylke.no/
fylkesstatistikk](https://mrfylke.no/fylkesstatistikk)



1. DEMOGRAFI

Kjelde: SSB

Den svake veksten i folketalet held fram

Folketalet i Møre og Romsdal vaks med 304 personar frå 2021 til 2022, ein vekst på 0,1 prosent. Per 01.01.2022 bur det 265 848 personar i fylket mot 265 544 i 2021. Folkeveksten har vore marginal dei siste åra, med ein vekst på 268 personar frå 2019 til 2020 og 306 personar frå 2020 til 2021. Folketalet i Noreg auka med 33 901 personar frå 5 391 369 til 5 425 270 personar frå 2021 til 2022.


Dei siste 10 åra, frå 2012 til i dag, har folketalet i fylket vakse med 4,6 prosent. Til samanlikning har folketalet i landet dei siste ti åra vakse med 8,8 prosent. Veksten i folketalet er redusert om vi samanliknar med perioden 2002–2012. I denne perioden vaks folketalet i fylket med 5,4 prosent, mens folketalet i heile landet vaks med 10,2 prosent.

Nedgang i folketalet i 18 kommunar

Frå 2021 til 2022 var det nedgang i folketalet i 18 av dei 26 kommunane i fylket. Av dei tre største byane var det vekst i folketalet i Molde og Ålesund, mens det var negativ befolkningsutvikling i Kristiansund. Sterkast var veksten i Ålesund med 444 personar, ein vekst på 0,7 prosent. Molde kommune vaks med 132 personar, mens det i Kristiansund vart 86 færre innbyggjarar i løpet av 2021. Størst prosentvis vekst i folketalet frå 2021 til 2022 var det i Sula, der folketalet auka med 1,5 prosent. Aure kommune var i den andre enden av skalaen med ein prosentvis nedgang i folketalet på -2,4 prosent.

Dei siste 10 åra, frå 2012 til i dag, er det Giske som har hatt størst prosentvis vekst i folketalet med 17,6 prosent, tett følgt av Sula med ein vekst på 15,6 prosent. I same periode hadde Vanylven kommune og Fjord kommune ein nedgang i folketalet på -10,1 prosent og -9,9 prosent.

Folketalsutvikling i Møre og Romsdal 2012–2022



Forskjellar i befolkningsamansettinga

Det skil seg litt kommunane mellom kor stor del av befolkninga som er over 80 år. Lågast del eldre finn vi i kommunane Giske og Sula der innbyggjarane over 80 år i 2022 utgjer 4,2 prosent av befolkninga. Kommunane Fjord og Vanylven er dei kommunane som prosentvis har størst del eldre over 80 år med 8,4 og 8,1 prosent. Ser vi heile fylket under eitt er 5,1 prosent av befolkninga i 2022 over 80 år. I 2022 utgjer barn i aldersgruppa 0-5 år 6,1 prosent av befolkninga i fylket, ein nedgang frå 6,2 prosent i 2021. Det er i Giske at delen barn er størst, der er 8,0 prosent av befolkninga i aldersgruppa 0-5 år.

Stor reduksjon i talet på barn og unge

Sidan år 2000 til i dag er talet på barn og unge gått mykje tilbake i mange kommunar. Frå 2000 til 2022 er det berre 5 kommunar som har hatt vekst i aldersgruppa 0-19 år. Nedgangen, som følgje av låge fødselstal mot slutten av denne perioden, er størst i aldersgruppene 0-5 år og 6-15 år. Det vil seie barn i barnehage- og grunnskolealder. Kommunane har derfor først fått merke nedgangen i forhold til barn i barnehage og i grunnskolen. I denne perioden er det Sula som har hatt størst prosentvis vekst i aldersgruppa 0-19 år, med 24,0 prosent. Talet på ungdom i aldersgruppa 16-19 år har hatt vekst i perioden 2000 til 2022 om vi ser heile fylke under eitt. Ser vi framover dei neste 15 åra vil òg talet på ungdom i aldersgruppa 16-19 år gå ned. I følgje framskrivingane til SSB vil talet på barn og unge i aldersgruppa 0-19 år gå ned i fylket med -5 311 personar frå 2022 til 2037.

Utfordringa for kommunane framover blir å tilpasse seg dei store endringane i befolkningsamansettinga dei neste tiåra. Som følgje av nedgangen i talet på barn og unge vil kommunane få mindre statlege midlar til denne gruppa. Det betyr at driftsnivået må tilpassast endringane i talet på barn og unge. Samtidig må kommunane rigge ein eldreomsorg som tek høgde for den store auken i talet på eldre.

Folketalutviklinga 2002-2022, per 1. januar


	Personar						Endring i prosent			Endring i tal personar
	2002	2012	2017	2020	2021	2022	2002-2012	2012-2022	2021-2022	2021-2022
Kristiansund	22 225	23 813	24 442	24 179	24 099	24 013	7,1	0,8	-0,4	-86
Molde	29 080	30 480	31 870	31 967	31 870	32 002	4,8	5,0	0,4	132
Ålesund	55 125	61 090	64 720	66 258	66 670	67 114	10,8	9,9	0,7	444
Vanylven	3 899	3 388	3 203	3 117	3 083	3 045	-13,1	-10,1	-1,2	-38
Sande	2 633	2 588	2 540	2 461	2 445	2 422	-1,7	-6,4	-0,9	-23
Herøy	8 374	8 727	8 957	8 900	8 858	8 765	4,2	0,4	-1,0	-93
Ulstein	6 664	7 828	8 457	8 571	8 575	8 557	17,5	9,3	-0,2	-18
Hareid	4 780	5 000	5 185	5 175	5 140	5 126	4,6	2,5	-0,3	-14
Ørsta	10 218	10 398	10 744	10 825	10 830	10 833	1,8	4,2	0,0	3
Stranda	4 683	4 602	4 623	4 523	4 482	4 467	-1,7	-2,9	-0,3	-15
Sykkylven	7 446	7 664	7 695	7 625	7 596	7 558	2,9	-1,4	-0,5	-38
Sula	7 230	8 256	9 007	9 310	9 409	9 547	14,2	15,6	1,5	138
Giske	6 439	7 312	8 176	8 462	8 506	8 597	13,6	17,6	1,1	91
Vestnes	6 424	6 539	6 577	6 532	6 958	6 936	1,8	-0,2	-0,3	-22
Rauma	7 381	7 428	7 503	7 468	7 026	7 019	0,6	0,0	-0,1	-7
Aukra	3 026	3 289	3 547	3 509	3 522	3 518	8,7	7,0	-0,1	-4
Averøy	5 430	5 593	5 856	5 788	5 808	5 828	3,0	4,2	0,3	20
Gjemnes	2 627	2 579	2 611	2 629	2 658	2 669	-1,8	3,5	0,4	11
Tingvoll	3 146	3 101	3 109	3 025	2 985	2 960	-1,4	-4,5	-0,8	-25
Sunnadal	7 354	7 196	7 126	7 036	6 956	6 932	-2,1	-3,7	-0,3	-24
Surnadal	6 234	5 952	5 986	5 920	5 872	5 849	-4,5	-1,7	-0,4	-23
Smøla	2 329	2 182	2 160	2 150	2 128	2 120	-6,3	-2,8	-0,4	-8
Aure	3 747	3 511	3 590	3 507	3 468	3 384	-6,3	-3,6	-2,4	-84
Volda	9 526	9 913	10 300	10 473	10 781	10 809	4,1	9,0	0,3	28
Fjord	2 929	2 764	2 668	2 549	2 502	2 491	-5,6	-9,9	-0,4	-11
Hustadvika	12 221	12 926	13 195	13 279	13 317	13 287	5,8	2,8	-0,2	-30
Møre og Romsdal	241 170	254 119	263 847	265 238	265 544	265 848	5,4	4,6	0,1	304
Landet	4 524 066	4 985 870	5 258 317	5 367 580	5 391 369	5 425 270	10,2	8,8	0,6	33 901
Møre og Romsdal i prosent av landet	5,3	5,1	5,0	4,9	4,9	4,9				

Innbyggartalet for Vestnes og Rauma er i den prosentvise endringa for åra 2012-2022, justert som følgje av grensejusteringa.



Folketal etter aldersgrupper, per 1. januar 2022

	Personar												Prosent										
	0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-29 år	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60-69 år	70-79 år	80 år og eldre	Samla	0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-29 år	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60-69 år	70-79 år	80 år og eldre
Kristiansund	1 233	1 833	868	1 161	2 809	3 068	3 052	3 256	3 094	2 501	1 138	24 013	5,1	7,6	3,6	4,8	11,7	12,8	12,7	13,6	12,9	10,4	4,7
Molde	1 947	2 589	1 107	1 519	3 849	4 025	3 830	4 265	3 977	3 221	1 673	32 002	6,1	8,1	3,5	4,7	12,0	12,6	12,0	13,3	12,4	10,1	5,2
Ålesund	4 362	5 577	2 429	3 228	8 880	9 231	8 777	8 550	7 492	5 564	3 024	67 114	6,5	8,3	3,6	4,8	13,2	13,8	13,1	12,7	11,2	8,3	4,5
Vanylven	148	186	80	129	322	259	327	465	465	418	246	3 045	4,9	6,1	2,6	4,2	10,6	8,5	10,7	15,3	15,3	13,7	8,1
Sande	146	158	81	121	207	254	323	375	332	253	172	2 422	6,0	6,5	3,3	5,0	8,5	10,5	13,3	15,5	13,7	10,4	7,1
Herøy	522	724	344	477	850	1 054	1 134	1 233	1 105	835	487	8 765	6,0	8,3	3,9	5,4	9,7	12,0	12,9	14,1	12,6	9,5	5,6
Ulstein	571	758	323	519	944	1 030	1 173	1 240	911	707	381	8 557	6,7	8,9	3,8	6,1	11,0	12,0	13,7	14,5	10,6	8,3	4,5
Hareid	352	477	195	244	543	715	656	634	614	436	260	5 126	6,9	9,3	3,8	4,8	10,6	13,9	12,8	12,4	12,0	8,5	5,1
Ørsta	714	950	422	536	1 228	1 359	1 313	1 370	1 301	1 029	611	10 833	6,6	8,8	3,9	4,9	11,3	12,5	12,1	12,6	12,0	9,5	5,6
Stranda	233	313	157	211	473	587	533	634	522	475	329	4 467	5,2	7,0	3,5	4,7	10,6	13,1	11,9	14,2	11,7	10,6	7,4
Sykkylven	395	648	319	373	824	862	997	1 035	972	745	388	7 558	5,2	8,6	4,2	4,9	10,9	11,4	13,2	13,7	12,9	9,9	5,1
Sula	712	1 006	381	471	1 107	1 305	1 333	1 109	990	729	404	9 547	7,5	10,5	4,0	4,9	11,6	13,7	14,0	11,6	10,4	7,6	4,2
Giske	692	851	380	462	919	1 204	1 122	1 019	932	652	364	8 597	8,0	9,9	4,4	5,4	10,7	14,0	13,1	11,9	10,8	7,6	4,2
Vestnes	388	525	263	341	723	783	840	1 015	956	735	367	6 936	5,6	7,6	3,8	4,9	10,4	11,3	12,1	14,6	13,8	10,6	5,3
Rauma	412	598	240	341	681	829	856	979	881	779	423	7 019	5,9	8,5	3,4	4,9	9,7	11,8	12,2	13,9	12,6	11,1	6,0
Aukra	207	309	168	191	406	433	449	428	378	354	195	3 518	5,9	8,8	4,8	5,4	11,5	12,3	12,8	12,2	10,7	10,1	5,5
Averøy	308	498	217	298	583	669	728	803	782	630	312	5 828	5,3	8,5	3,7	5,1	10,0	11,5	12,5	13,8	13,4	10,8	5,4
Gjemnes	170	217	108	150	259	307	325	324	353	330	126	2 669	6,4	8,1	4,0	5,6	9,7	11,5	12,2	12,1	13,2	12,4	4,7
Tingvoll	147	212	97	159	281	297	357	421	420	359	210	2 960	5,0	7,2	3,3	5,4	9,5	10,0	12,1	14,2	14,2	12,1	7,1
Sunndal	389	509	215	355	776	763	727	1 047	1 034	683	434	6 932	5,6	7,3	3,1	5,1	11,2	11,0	10,5	15,1	14,9	9,9	6,3
Surnadal	343	419	205	246	709	599	610	879	798	673	368	5 849	5,9	7,2	3,5	4,2	12,1	10,2	10,4	15,0	13,6	11,5	6,3
Smøla	117	138	66	87	236	220	253	284	329	257	133	2 120	5,5	6,5	3,1	4,1	11,1	10,4	11,9	13,4	15,5	12,1	6,3
Aure	173	232	121	138	335	332	401	514	485	440	213	3 384	5,1	6,9	3,6	4,1	9,9	9,8	11,8	15,2	14,3	13,0	6,3
Volda	688	800	413	544	1 900	1 251	1 179	1 268	1 196	990	580	10 809	6,4	7,4	3,8	5,0	17,6	11,6	10,9	11,7	11,1	9,2	5,4
Fjord	107	175	107	140	249	212	285	362	359	286	209	2 491	4,3	7,0	4,3	5,6	10,0	8,5	11,4	14,5	14,4	11,5	8,4
Hustadvika	869	1 124	551	726	1 444	1 668	1 663	1 749	1 606	1 274	613	13 287	6,5	8,5	4,1	5,5	10,9	12,6	12,5	13,2	12,1	9,6	4,6
Møre og Romsdal	16 345	21 826	9 857	13 167	31 537	33 316	33 243	35 258	32 284	25 355	13 660	265 848	6,1	8,2	3,7	5,0	11,9	12,5	12,5	13,3	12,1	9,5	5,1



Årsak til endring i folketallet, 2021						
	Personar					
	Befolkning 1.1.21	Fødselsoverskot	Innanlandsk nettoflytting	Nettoinnvandring	Nettoinnflytting	Folketalet 1.1.22
Kristiansund	24 099	-16	-79	2	-77	24 013
Molde	31 870	27	46	69	115	32 002
Ålesund	66 670	273	28	137	165	67 114
Vanylven	3 083	-11	-38	10	-28	3 045
Sande	2 445	4	-41	16	-25	2 422
Herøy	8 858	-4	-76	-14	-90	8 765
Ulstein	8 575	50	-53	-17	-70	8 557
Hareid	5 140	5	-17	-2	-19	5 126
Ørsta	10 830	1	-23	21	-2	10 833
Stranda	4 482	-12	-32	32	0	4 467
Sykkylven	7 596	-19	-36	16	-20	7 558
Sula	9 409	31	68	38	106	9 547
Giske	8 506	61	3	21	24	8 597
Vestnes	6 958	-20	-33	29	-4	6 936
Rauma	7 026	-32	18	8	26	7 019
Aukra	3 522	-6	-12	16	4	3 518
Averøy	5 808	-8	5	25	30	5 828
Gjemnes	2 658	4	2	4	6	2 669
Tingvoll	2 985	-6	-56	40	-16	2 960
Sunnadal	6 956	-11	-47	34	-13	6 932
Surnadal	5 872	-2	-49	27	-22	5 849
Smøla	2 128	-12	-5	9	4	2 120
Aure	3 468	-20	-77	13	-64	3 384
Volda	10 781	44	-53	42	-11	10 809
Fjord	2 502	-3	-17	9	-8	2 491
Hustadvika	13 317	21	-57	-1	-58	13 287
Møre og Romsdal	265 544	339	-631	584	-47	265 848

Barn og unge (0-19 år) fordelt på kommunane i Møre og Romsdal – framskriving til 2037													
	2000			2022			2037			Endring i prosent		Endring i tal	
	0-5 år	6-15 år	16-19 år	0-5 år	6-15 år	16-19 år	0-5 år	6-15 år	16-19 år	Endring 0-19 år – 2000-2022 i %	Endring 0-19 år – 2022-2037 i %	Tal personar 0-19 år 2000-2022	Tal personar 0-19 år 2022-2037
Kristiansund	1 618	2 868	1 089	1 233	2 701	1 161	1 317	2 210	908	-8,6	-13,0	-480	-660
Molde	2 330	3 908	1 506	1 947	3 696	1 519	2 074	3 431	1 389	-7,5	-3,7	-582	-268
Ålesund	4 488	7 253	2 817	4 362	8 006	3 228	4 403	7 353	3 031	7,1	-5,2	1 038	-809
Vanylven	279	478	223	148	266	129	123	225	100	-44,6	-17,5	-437	-95
Sande	219	423	193	146	239	121	119	225	99	-39,4	-12,5	-329	-63
Herøy	738	1 166	447	522	1 068	477	457	812	351	-12,1	-21,6	-284	-447
Ulstein	650	937	331	571	1 081	519	587	1 011	420	13,2	-7,0	253	-153
Hareid	414	732	245	352	672	244	317	552	236	-8,8	-12,9	-123	-163
Ørsta	788	1 418	622	714	1 372	536	638	1 095	502	-7,3	-14,8	-206	-387
Stranda	382	626	217	233	470	211	246	412	175	-25,4	-8,9	-311	-81
Sykkylven	596	999	432	395	967	373	384	668	279	-14,4	-23,3	-292	-404
Sula	616	1 031	426	712	1 387	471	726	1 206	497	24,0	-5,5	497	-141
Giske	580	982	368	692	1 231	462	674	1 085	450	23,6	-7,4	455	-176
Vestnes	546	934	361	388	788	341	363	664	288	-17,6	-13,3	-324	-202
Rauma	535	1 001	373	412	838	341	372	661	280	-16,7	-17,5	-318	-278
Aukra	209	415	193	207	477	191	264	469	179	7,1	4,2	58	37
Averøy	372	761	288	308	715	298	356	619	254	-7,0	-7,0	-100	-92
Gjemnes	167	350	184	170	325	150	165	271	116	-8,0	-14,4	-56	-93
Tingvoll	202	410	160	147	309	159	154	276	108	-20,3	-12,5	-157	-77
Sunnadal	544	954	365	389	724	355	336	640	285	-21,2	-14,1	-395	-207
Surnadal	492	819	313	343	624	246	292	538	215	-25,3	-13,8	-411	-168
Smøla	151	288	133	117	204	87	106	177	78	-28,7	-11,5	-164	-47
Aure	271	489	209	173	353	138	176	293	124	-31,5	-10,7	-305	-71
Volda	837	1 367	513	688	1 213	544	873	1 350	525	-10,0	12,4	-272	303
Fjord	234	400	169	107	282	140	138	235	89	-34,1	-12,7	-274	-67
Hustadvika	1 028	1 806	696	869	1 675	726	826	1 384	558	-7,4	-15,4	-260	-502
Møre og Romsdal	19 286	32 815	12 873	16 345	31 683	13 167	16 486	27 862	11 536	-5,8	-8,7	-3 779	-5 311
Landet	363 539	583 619	212 949	340 693	640 378	253 663	358 287	585 125	239 091	6,4	-4,2	74 627	-52 231



Negativ nettoflytting

Nettoflyttinga er summen av den innanlandske nettoflyttinga og nettoinnvandringa. I 2021 var nettoflyttinga i Møre og Romsdal negativ, flytteunderskotet var på -47 personar. Ei viktig årsak til den negative utviklinga er ein ytterlegare nedgang i netto innvandring i forhold til året før. I 2020 var nettoinnvandringa til fylket på 719 personar, mens den i 2021 berre var på 584 personar. Det gir ein nedgang i nettoinnvandringa frå 2020 til 2021 på 135 personar eller 18,8 prosent.

16 av kommunane i fylket hadde i 2021 negativ nettoinnflytting. I tal personar var det kommunane Herøy, Kristiansund og Ulstein som hadde størst flytteunderskot med -90, -77, og -70 personar. Ser vi nettoflyttinga i prosent av folketallet er underskotet størst i Aure, Sande og Herøy med -1,8, -1,0 og -1,0 prosent. Størst netto flyttoverskot har Sula med 106 personar, noko som utgjør 1,1 prosent av folketallet. Ser vi nettoflyttinga i tal personar er overskotet størst i Ålesund, der det flytta 165 personar fleire til kommunen enn ut av kommunen.


Nettoflyttinga til fylket er redusert dei seinare åra, til dømes var nettoflyttinga i 2012 på 2 210 personar mot - 47 personar i 2021. Spesielt åra 2019, 2020 og 2021 var nettoflyttinga låg med -18, 58 og -47 personar. Den reduserte innvandringa dei seinare åra er årsaka til reduksjonen i nettoflyttinga.

Betring i innanlandsflyttinga

Møre og Romsdal har i lang tid hatt eit underskot i innanlandsflyttinga. Underskotet låg i fleire år rundt -1000 personar, som betyr at det flytta om lag 1000 fleire ut av fylket til andre kommunar i Noreg enn personar som flytta til. Det var ein markant nedgang i innanlandsflyttinga i 2020, då underskotet vart redusert frå -972 personar i 2019 til -661 personar i 2020. I 2021 er underskotet ytterlegare redusert til -631 personar. Sju kommunar hadde positiv innanlandsk flyttebalanse i 2021.

Innanlandsk, utanlandsk og samla flytting, 2021

	Innflyttingar			Utflyttingar			Netto flyttingar			
	Innanlandsk	Utanlandsk	Alle	Innanlandsk	Utanlandsk	Alle	Innanlandsk	Utanlandsk	Alle	1 % av folketallet
Kristiansund	896	134	1 030	975	132	1 107	-79	2	-77	-0,3
Molde	1 381	247	1 628	1 335	178	1 513	46	69	115	0,4
Ålesund	2 606	688	3 294	2 578	551	3 129	28	137	165	0,2
Vanylven	73	19	92	111	9	120	-38	10	-28	-0,9
Sande	75	49	124	116	33	149	-41	16	-25	-1,0
Herøy	219	62	281	295	76	371	-76	-14	-90	-1,0
Ulstein	357	52	409	410	69	479	-53	-17	-70	-0,8
Hareid	191	45	236	208	47	255	-17	-2	-19	-0,4
Ørsta	287	63	350	310	42	352	-23	21	-2	0,0
Stranda	126	75	201	158	43	201	-32	32	0	0,0
Sykkylven	199	62	261	235	46	281	-36	16	-20	-0,3
Sula	394	84	478	326	46	372	68	38	106	1,1
Giske	325	64	389	322	43	365	3	21	24	0,3
Vestnes	205	74	279	238	45	283	-33	29	-4	-0,1
Rauma	224	46	270	206	38	244	18	8	26	0,4
Aukra	161	37	198	173	21	194	-12	16	4	0,1
Averøy	251	62	313	246	37	283	5	25	30	0,5
Gjemnes	110	31	141	108	27	135	2	4	6	0,2
Tingvoll	119	50	169	175	10	185	-56	40	-16	-0,5
Sunndal	178	57	235	225	23	248	-47	34	-13	-0,2
Surnadal	136	43	179	185	16	201	-49	27	-22	-0,4
Smøla	84	18	102	89	9	98	-5	9	4	0,2
Aure	73	29	102	150	16	166	-77	13	-64	-1,8
Volda	698	101	799	751	59	810	-53	42	-11	-0,1
Fjord	102	22	124	119	13	132	-17	9	-8	-0,3
Hustadvika	463	81	544	520	82	602	-57	-1	-58	-0,4
Møre og Romsdal	9 933	2 295	12 228	10 564	1 711	12 275	-631	584	-47	-0,02



Innvandrarane flyttar ut

Det er innbyggjarar med innvandrarbakgrunn og barna deira som utgjer den største delen av det innanlandske flytteunderskotet. I 2021 flytta -535 fleire personar frå innvandrarbefolkninga ut av fylket enn som flytta til. I den resterande delen av befolkninga er det innanlandske flytteunderskotet på -96 personar.


Fleire personar i 20-åra flyttar ut

Det innanlandske flytteunderskotet i aldersgruppa 20-29 år aukar igjen etter eit par år med redusert flytteunderskot for denne aldersgruppa. I 2021 var det innanlandske flytteunderskotet for denne aldersgruppa på -714 personar mot -648 personar i 2020. For aldersgruppa 30-39 år er det ei positiv utvikling, eit innanlandsk flytteoverskot på 92 personar i denne aldersgruppa er betre enn på fleire år.

Stor tilflytting til Viken fylke

Viken fylke hadde eit innanlands flytteoverskot på heile 9 816 personar i 2021, ein auke på 2 507 personar frå 2020. Situasjonen var ein annan for Oslo der det innanlandsk flytteunderskotet i 2021 var på -6 487 personar mot -2 758 i 2020. Det gir ei auke i det innanlandske flytteunderskotet for Oslo på -3 729 personar frå 2020 til 2021. Den auka utflyttinga frå Oslo kjem i liten grad heile landet til gode, mange av dei som flyttar ut av Oslo slår seg ned i det sentrale austlandsområdet og aukar innbyggartalet i Viken. 7 av 11 fylke hadde i 2021 underskot i den innanlandske flyttinga. For Trøndelag sin del er dette underskotet marginalt med berre -33 personar, mens Troms og Finnmark har eit underskot på -1 932 personar. For Nordland var underskotet på -1 350 personar. Ser vi dette saman med underskotet i innlandsflyttinga til Troms og Finnmark, er det eit betydeleg underskot i den nordlegaste delen av landet. Innlandet fylke har eit lite overskot i innlandsflyttinga med 196 personar.

Innflyttingar, utflyttingar og nettoutflytting - Møre og Romsdal



Kjelde: SSB

Innanlandsk nettoutflytting etter befolkningskategori, Møre og Romsdal 2016-2021

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Innvandrarbefolkning	-698	-564	-528	-626	-602	-535
Øvrig befolkning	-459	-515	-443	-346	-59	-96
Samla	-1 157	-1 079	-971	-972	-661	-631


Kjelde: SSB

Innanlandsk nettoutflytting etter aldersgrupper for Møre og Romsdal, 2017-2021

	2017	2018	2019	2020	2021
0-5 år	49	71	45	122	118
6-15 år	-22	-51	-117	-46	-40
16-19 år	-147	-143	-82	-134	-80
20-29 år	-912	-849	-690	-648	-714
30-39 år	-9	23	-52	48	92
40-49 år	-16	-20	-13	-30	1
50-59 år	-13	5	-48	7	-13
60-66 år	-11	24	-25	47	0
67 år eller eldre	2	-31	10	-27	5
Samla	-1 079	-971	-972	-661	-631

Kjelde: SSB

Innanlandsk nettoutflytting etter fylke, 2021






Innvandrarane er viktige for folketalsutviklinga

Innvandringa til Møre og Romsdal dei siste tiåra har vore avgjerande for folketalsutviklinga, utan innvandringa hadde folketalet i fylket gått ned. For 20 år sidan, i 2002, var innvandrarbefolkninga i fylket på 7 814 personar. Med innvandrarbefolkninga meiner vi innvandrarar og barn av innvandrarar. I 2022 utgjer innvandrarbefolkninga 36 277 personar, ein auke på 28 463 personar dei siste 20 åra. Talet på norskfødde barn av innvandrarar i Møre og Romsdal var ved årsskiftet 5 031. Denne gruppa har utvikla seg i storleik i tråd med auken i innvandringa. Ser vi tilbake til 2002 var det berre 764 barn av innvandrarar i fylket. Norskfødde barn av innvandrarar har heilt andre føresetnadar enn sine foreldre til å tilpasse seg det norske samfunnet. Forholdet til språk og utdanning blir sjølvstapt langt lettare for dei som er fødte og veks opp i Noreg.

Den resterande delen av befolkninga har utvikla seg frå 233 356 innbyggjarar i 2002 til 229 571 i 2022, ein reduksjon på -3 785 personar. Heile befolkninga har vakse frå 241 170 i 2002 til 265 848 i 2022, ein auke i folketalet på 10,2 prosent.

Nettoinnvandringa til fylket har vore positiv alle dei siste 20 åra. Innvandringa hadde ein topp i 2012, då innvandra 3 916 personar til Møre og Romsdal. Same året utvandra 826 personar, noko som gir ei nettoinnvandring dette året på 3 090 personar. Nettoinnvandringa til fylket var god i perioden 2008 til 2016, men har etter 2017 gått ned. Spesielt låg har innvandringa vore dei tre siste åra, lågast var nettoinnvandringa i 2021 med 584 personar. Vi må tilbake til 2001 for å finne så låge innvandringstal, då var nettoinnvandringa på 454 personar. Som følgje av låg innvandring og låge fødselstal har folketalsutviklinga i fylket vore marginal dei siste åra.

Med stadig færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder, blir innvandringa viktig framover både for å opprett-



Befolkningsammansetning og innvandringsårsak 2021


Tal i prosent av befolkinga i parantes.

halde arbeidsstyrken og folketalet i fylket. Ei god integrering og kvalifisering til lokalt arbeidsliv har derfor aldri vore viktigare. Kommunane i fylket legg ned mykje ressursar og arbeid i dette feltet, og har i perioden med høg innvandring opparbeidd seg god kompetanse i integreringsarbeidet.

Flest arbeidsinnvandraraner blant innvandrarane i Møre og Romsdal

Det er forskjell mellom fylka når det gjeld kva som er den viktigaste innvandringsårsaka. Møre og Romsdal som er eit viktig industrifylke har over tid hatt mange som har kome hit for å arbeide i industri og byggjenæringa. Innvandrarane har dei siste tiåra vore ein viktig ressurs for arbeidslivet i fylket. I følgje IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) er det 11 042 personar som i 2021 er busett i Møre og Romsdal med arbeid som innvandringsårsak. Same året er det 9 110 innvandrare i fylket som har kome som følgje av familieinnvandring. I 2021 var det 7 077 innvandrarar i fylket som har kome med flukt som innvandringsstatus. Samtidig er det 1 257 personar som har utdanning som oppgitt innvandringsårsak. Ei relativ stor gruppe er i statistikken ikkje oppgitt med innvandringsårsak, for Møre og Romsdal sin del utgjør denne gruppa 2 660 personar i 2021.

I sju av fylka er det flukt som er den viktigaste årsaka til innvandringa. For Oslo er det til dømes 51 226 personar som har flukt som innvandringsårsak, mens det er 39 759 av innvandrarane busett i Oslo som har arbeid som årsak til innvandringa. Det same ser vi i Viken fylke der det i 2021 bur 66 295 personar som har oppgitt flukt som innvandringsårsak.



Større mangfold i befolkninga

Innvandrarbefolkninga utgjør ein større og større del av innbyggartalet i mange kommunar og er ein viktig del av befolkningsgrunnlaget i fylket. Det er over 31 000 innbyggjarar i fylket som ikkje er fødte i Norge – og dei kjem frå 154 land.

Tek vi med barn av innvandrarak, utgjorde innvandrarakbefolkninga i Møre og Romsdal 22 134 personar i 2012, fordelt på 10 264 kvinner og 11 870 menn. I 2022 består innvandrarakbefolkninga av 17 453 kvinner og 18 828 menn. I 2012 utgjorde innvandrarakbefolkninga 8,7 prosent av folketallet i fylket, i 2022 har dette auka til 13,6 prosent. Nasjonalt utgjorde innvandrarakbefolkninga 13,1 prosent av innbyggjarane i 2012, dette har auka til 18,9 prosent i 2022.


Størst del innvandrarak i Stranda og Sande

Det har vore vekst i innvandrarakbefolkninga i alle kommunar om vi måler opp mot 2012. Men frå 2017 har innvandringa gått ned og innvandrarakbefolkninga har berre vakse med 1,2 prosentpoeng dei siste fem åra. Som følgje av reduksjon i innvandringa er det fire kommunar der innvandrarakdelen av befolkninga har gått ned. Dette gjeld kommunane Aure, Sunndal, Tingvoll og Ulstein. Størst prosentvis nedgang har det vore i Ulstein, der innvandrarakbefolkninga utgjør 14,9 prosent av befolkninga i 2022 mot 17,2 prosent i 2017.

Det er i kommunane Surnadal, Vanylven og Hustadvika at innvandrarakdelen er lågast. Prosentvis utgjør innvandrarakbefolkninga 6,9, 7,8 og 9,7 prosent av befolkninga i desse kommunane. Det er i kommunane Stranda og Sande at innvandrarakdelen er høgst med 21,4 og 20,5 prosent. Av dei tre største byane i fylket er innvandrarakdelen størst i Ålesund, der innvandrarakbefolkninga i 2022 utgjør 16,5 prosent av befolkninga. I Kristiansund og Molde er innvandrarakdelen til samanlikning 13,3 og 12,8 prosent.

Innvandrarbefolkninga etter kjønn, per 1. januar

	Personar 2012				Personar 2017				Personar 2022				Innvandrarbefolkninga i prosent av befolkninga		
	Menn	Kvinner	Samla	Innbyggjarar	Menn	Kvinner	Samla	Innbyggjarar	Menn	Kvinner	Samla	Innbyggjarar	2012	2017	2022
Kristiansund	1 169	1 028	2 197	23 813	1 627	1 454	3 081	24 442	1 630	1 567	3 197	24 013	9,2	12,6	13,3
Molde	1 339	1 154	2 493	30 480	2 022	1 813	3 835	31 870	2 077	2 022	4 099	32 002	8,2	12,0	12,8
Ålesund	3 363	2 828	6 191	61 090	4 963	4 372	9 335	64 720	5 867	5 203	11 070	67 114	10,1	14,4	16,5
Vanylven	88	81	169	3 388	103	129	232	3 203	98	139	237	3 045	5,0	7,2	7,8
Sande	235	116	351	2 588	281	188	469	2 540	306	190	496	2 422	13,6	18,5	20,5
Herøy	355	385	740	8 727	570	567	1 137	8 957	640	606	1 246	8 765	8,5	12,7	14,2
Ulstein	713	379	1 092	7 828	893	563	1 456	8 457	733	545	1 278	8 557	13,9	17,2	14,9
Hareid	391	314	705	5 000	501	440	941	5 185	514	450	964	5 126	14,1	18,1	18,8
Ørsta	317	307	624	10 398	477	462	939	10 744	544	548	1 092	10 833	6,0	8,7	10,1
Stranda	298	252	550	4 602	460	380	840	4 623	529	425	954	4 467	12,0	18,2	21,4
Sykkylven	370	362	732	7 664	512	518	1 030	7 695	574	567	1 141	7 558	9,6	13,4	15,1
Sula	359	277	636	8 256	607	463	1 070	9 007	737	593	1 330	9 547	7,7	11,9	13,9
Giske	300	276	576	7 312	481	432	913	8 176	572	539	1 111	8 597	7,9	11,2	12,9
Vestnes	293	255	548	6 539	436	353	789	6 577	477	426	903	6 936	8,4	12,0	13,0
Rauma	237	231	468	7 428	325	304	629	7 503	402	342	744	7 019	6,3	8,4	10,6
Aukra	171	138	309	3 289	262	246	508	3 547	261	263	524	3 518	9,4	14,3	14,9
Averøy	189	191	380	5 593	304	291	595	5 856	355	360	715	5 828	6,8	10,2	12,3
Gjemnes	80	76	156	2 579	112	108	220	2 611	159	133	292	2 669	6,0	8,4	10,9
Tingvoll	128	117	245	3 101	174	148	322	3 109	155	144	299	2 960	7,9	10,4	10,1
Sunndal	256	236	492	7 196	378	366	744	7 126	340	364	704	6 932	6,8	10,4	10,2
Surnadal	104	122	226	5 952	164	174	338	5 986	203	202	405	5 849	3,8	5,6	6,9
Smøla	79	84	163	2 182	127	117	244	2 160	140	130	270	2 120	7,5	11,3	12,7
Aure	123	131	254	3 511	199	220	419	3 590	179	206	385	3 384	7,2	11,7	11,4
Volda	353	352	705	9 913	536	505	1 041	10 300	547	648	1 195	10 809	7,1	10,1	11,1
Fjord	145	159	304	2 764	170	182	352	2 668	154	185	339	2 491	11,0	13,2	13,6
Hustadvika	415	413	828	12 926	613	601	1 214	13 195	635	656	1 291	13 287	6,4	9,2	9,7
Møre og Romsdal	11 870	10 264	22 134	254 119	17 297	15 396	32 693	263 847	18 828	17 453	36 281	265 848	8,7	12,4	13,6
Landet	339 957	315 213	655 170	4 985 870	461 365	422 386	883 751	5 258 317	530 304	494 871	1 025 175	5 425 270	13,1	16,8	18,9



Fleire fødsler i fylket

Etter to år med låge fødselstal i fylket auka talet på fødsler igjen i 2021. Om dette skuldast Covid-19 pandemien og at folk har vore meir heime er vanskeleg å seie. I 2021 vart det i Møre og Romsdal fødd 2 670 barn mot 2 443 barn i 2020, ein auke på 227 barn. Det har ikkje vore fødd så mange barn i fylket sidan i 2017. Dette førte til ein auke i fødselsoverskotet trass i at talet på døde auka. Fødselsoverskotet er forholdet mellom talet på fødte og døde i løpet av eit år. I 2021 hadde fylket eit fødselsoverskot på 339, mot 266 og 263 i 2019 og 2020. Talet på døde aukar igjen etter ein nedgang frå 2019 til 2020. I 2021 var det 2 331 personar i fylket som døde, noko som er 151 fleire enn i 2020.

Talet på fødsler aukar i heile landet, med 3 081 fleire fødsler i 2021 enn i 2020. I 2021 var det totalt 56 060 fødsler i Noreg, ein auke på 5,8 prosent frå 2020. Fødselsoverskotet aukar nasjonalt i 2021 til 14 058 mot 12 368 personar i 2020.

Fødselsnedgang i 10 kommunar


Trass auken i talet på fødsler i fylket førre år, var det ikkje slik i alle kommunar. I 10 av 26 kommunar var det færre fødsler i 2021 enn kva som var tilfelle i 2020. Nedgangen var størst i Rauma, Averøy og Vestnes med ein nedgang på -12, -9 og -7 barn. Størst vekst i tal fødsler har Ålesund med ein vekst på 103 barn. Veksten i Molde og Kristiansund var meir beskjeden med 4 og 11 fødsler frå 2020 til 2021. Kommunane Ulstein og Hustadvika hadde begge ein auke på 24 fødsler i 2021 samanlikna med 2020. Størst prosentvis auke hadde Surnadal kommune, dei hadde i 2020 berre 40 fødsler, noko som auka til 62 fødsler i 2021, ein vekst på 55 prosent.

15 av kommunane i fylket hadde fødselsunderskot i 2021 mot 13 kommunar i 2020. Ei aldrande befolkning og låge fødselstal i mange kommunar er årsaka til dette. Så mange som 10 av kommunane i Møre og Romsdal har hatt fødselsunderskot dei siste tre åra.

Fødte og fødselsoverskot, etter kommune


	Tal fødte			Endring		Fødselsoverskot		
	2019	2020	2021	2019-2020	2020-2021	2019	2020	2021
Kristiansund	210	186	197	-24	11	-22	-23	-16
Molde	328	314	318	-14	4	66	62	27
Ålesund	640	657	760	17	103	118	158	273
Vanylven	20	17	28	-3	11	-21	-24	-11
Sande	21	23	30	2	7	-9	-1	4
Herøy	82	81	85	-1	4	4	6	-4
Ulstein	108	85	109	-23	24	55	26	50
Hareid	59	55	54	-4	-1	12	22	5
Ørsta	142	101	105	-41	4	53	18	1
Stranda	43	35	30	-8	-5	-4	-5	-12
Sykkylven	55	58	55	3	-3	-9	1	-19
Sula	91	101	97	10	-4	24	38	31
Giske	99	99	120	0	21	50	37	61
Vestnes	66	60	53	-6	-7	8	9	-20
Rauma	56	67	55	11	-12	-27	-7	-32
Aukra	30	20	26	-10	6	4	-15	-6
Averøy	44	51	42	7	-9	-6	24	-8
Gjemnes	20	22	30	2	8	-4	-3	4
Tingvoll	22	20	29	-2	9	-11	-18	-6
Sunnadal	66	54	59	-12	5	-4	-26	-11
Surnadal	53	40	62	-13	22	-11	-19	-2
Smøla	17	22	19	5	-3	-11	-2	-12
Aure	34	30	21	-4	-9	-9	-12	-20
Volda	105	104	123	-1	19	18	6	44
Fjord	13	19	17	6	-2	-22	-7	-3
Hustadvika	116	122	146	6	24	24	18	21
Møre og Romsdal	2 540	2 443	2 670	-97	227	266	263	339
Landet	54 495	52 979	56 060	-1 516	3 081	13 811	12 368	14 058

Tal fødte, døde og fødselsoverskot, Møre og Romsdal



Kjelde: SSB

Del fødte etter mors samlivsstatus, Møre og Romsdal



Færre einslege mødre

I 2021 var det færre kvinner som var einslege når dei fekk barn. Av kvinnene som fekk barn i Møre og Romsdal i 2021 var 9,1 prosent einslege. Dette er ein nedgang på eitt prosentpoeng frå 2020, då 10,1 prosent var einslege. Det er langt fleire som er sambuande når dei får barn enn som er gifte. I 2021 er 57,8 prosent av kvinnene som får barn sambuande, mens 33,2 prosent er gifte.

Høgast fruktbarheit i landet


Auken i talet på fødte gir også ein auke i fruktbarheitstala i 2021. Fruktbarheitstala viser i snitt kor mange barn kvar kvinne føder gjennom livet. I 2020 var fruktbarheitstala i fylket historisk låge med eit snitt på 1,58 fødsler per kvinne. I 2021 har snittet auka til 1,73 barn per kvinne. Vi er no det fylket, saman med Rogaland, som gjennomsnittleg har flest fødsler per kvinner. I 2021 er det nasjonale snittet 1,55, ein oppgang frå 1,48 i 2020. Det er i Oslo kvinnene føder færrest barn, gjennomsnittet er der på 1,42 barn i 2021. For Møre og Romsdal sin del må vi tilbake til 2017 for å finne betre fødselstala. Det er likevel langt unna dei gjennomsnittlege fødselstala per kvinne vi hadde mot slutten av 60-talet, i 1968 fødte kvar kvinne i fylket i snitt 3,20 barn i løpet av livet.

Kvinner sine fødealder stig


Den gjennomsnittlege alderen til fødande kvinner i fylket er 31,1 år i 2021, for landet er snittet 31,6 år. Mors fødealder har stige jamt og trutt dei siste 20 åra. I 2001 var gjennomsnittleg fødealder for kvinner 29,5 år, alderen har med andre ord auka med 1,6 år i perioden 2001 til 2021.

I 2021 er gjennomsnittsalderen for førstegongsfødande kvinner 30,1 år, mens menn er i gjennomsnitt 32,1 år første gongen dei blir far. Auka alder for førstegongsfødande er ein viktig årsak til nedgangen i fruktbarheita dei siste åra i Noreg.


Kjelde: SSB





Kjelde: SSB



Kjelde: SSB



Kjelde: SSB



Folketalsprognosen blir stadig nedjustert

SSB utformar nye framskrivingar av folketalet anna-
kvart år, det kom nye framskrivingar i juli 2022.

Framskrivingane er viktige i den langsiktige planleg-
ginga på alle forvaltningsnivå og er viktige reiskap
for å dimensjonere vare- og tenesteproduksjonen.
Dei bygger på demografiske føresetnader som
fruktbarheit, dødelegheit, innanlandsflytting og
prognosar for nettoinnvandringa framover. Regio-
nale forskjellar i demografisk åtferd dei siste 10 åra
er viktige føresetnader for prognosane.

Samfunnsutviklinga og føresetnadene for framskriv-
ingane endrar seg, det er derfor SSB kjem med nye
annakvart år. Dette ser vi om vi samanliknar dei
seinare års framskrivingar for folketalet i Møre og
Romsdal. I følge framskrivinga som SSB utarbeid-
de i 2012 skulle folketalet i fylket vere på 308 072
personar i 2037. Ser vi på framskrivinga som vart
utarbeidd no i 2022 er dette justert ned. Det er etter
dei nye framskrivingane forventa at folketalet i fylket
blir 273 328 personar i 2037. Lågare fødselstal og låg
innvandring til fylket dei seinare åra er faktorar som
har påverka SSB si nyaste framskriving.


I følge SSB sine framskrivingar vil folketalet fram
mot 2037 gå ned i 12 av kommunane i fylket. Størst
prosentvis nedgang blir det i Vanylven kommune,
der folketalet går ned med -12,8 prosent. Størst
prosentvis vekst har Aukra kommune, der prog-
nosane viser ein vekst på 13,2 prosent dei neste 15
åra. I kommunane Giske og Sula er det òg venta
folketalsauke fram mot 2037. Prognosane for desse
kommunane viser ein vekst i befolkninga på 12,8
og 12,1 prosent. Veksten i tal personar blir størst i
Ålesund kommune, der det er forventa ein vekst på
3 549 personar til 2037.

For Møre og Romsdal viser prognosane ein svak
befolkningsvekst på 2,8 prosent fram mot 2037.
For landet er det venta ein prosentvis vekst på 7,3
prosent, det inneber at folketalet i Noreg i 2037 blir
5 823 246 personar.

Endringar i folketalet fram mot 2037, fordelt på kommune, hovudalternativet (MMMM)											
	2022			2032			2037			Endring begge kjønn 2022-2037	
	Menn	Kvinner	Samla	Menn	Kvinner	Samla	Menn	Kvinner	Samla	Endring i tal	Endring i prosent
Kristiansund	12 191	11 822	24 013	12 279	11 860	24 139	12 337	11 898	24 235	222	0,9
Molde	16 037	15 965	32 002	16 469	16 589	33 058	16 615	16 840	33 455	1 453	4,5
Ålesund	34 379	32 735	67 114	35 633	34 089	69 722	36 010	34 653	70 663	3 549	5,3
Vanylven	1 583	1 462	3 045	1 414	1 341	2 755	1 350	1 304	2 654	-391	-12,8
Sande	1 291	1 131	2 422	1 318	1 114	2 432	1 316	1 119	2 435	13	0,5
Herøy	4 527	4 238	8 765	4 360	4 065	8 425	4 323	4 038	8 361	-404	-4,6
Ulstein	4 415	4 142	8 557	4 558	4 367	8 925	4 632	4 492	9 124	567	6,6
Hareid	2 634	2 492	5 126	2 665	2 525	5 190	2 677	2 540	5 217	91	1,8
Ørsta	5 506	5 327	10 833	5 426	5 219	10 645	5 408	5 219	10 627	-206	-1,9
Stranda	2 295	2 172	4 467	2 299	2 140	4 439	2 296	2 147	4 443	-24	-0,5
Sykkylven	3 810	3 748	7 558	3 688	3 579	7 267	3 629	3 513	7 142	-416	-5,5
Sula	4 945	4 602	9 547	5 392	4 989	10 381	5 560	5 141	10 701	1 154	12,1
Giske	4 347	4 250	8 597	4 738	4 609	9 347	4 918	4 777	9 695	1 098	12,8
Vestnes	3 607	3 329	6 936	3 562	3 327	6 889	3 543	3 316	6 859	-77	-1,1
Rauma	3 604	3 415	7 019	3 566	3 390	6 956	3 543	3 376	6 919	-100	-1,4
Aukra	1 759	1 759	3 518	1 918	1 940	3 858	1 975	2 007	3 982	464	13,2
Øverøy	2 970	2 858	5 828	3 097	3 064	6 161	3 131	3 106	6 237	409	7,0
Gjemnes	1 386	1 283	2 669	1 411	1 354	2 765	1 407	1 375	2 782	113	4,2
Tingvoll	1 505	1 455	2 960	1 521	1 452	2 973	1 526	1 449	2 975	15	0,5
Sunnadal	3 466	3 466	6 932	3 307	3 285	6 592	3 255	3 208	6 463	-469	-6,8
Surnadal	2 974	2 875	5 849	2 778	2 720	5 498	2 705	2 677	5 382	-467	-8,0
Smøla	1 082	1 038	2 120	1 075	1 018	2 093	1 063	1 014	2 077	-43	-2,0
Aure	1 753	1 631	3 384	1 702	1 570	3 272	1 695	1 573	3 268	-116	-3,4
Volda	5 350	5 459	10 809	5 639	5 813	11 452	5 754	5 957	11 711	902	8,3
Fjord	1 237	1 254	2 491	1 217	1 250	2 467	1 216	1 261	2 477	-14	-0,6
Hustadvika	6 768	6 519	13 287	6 806	6 567	13 373	6 832	6 612	13 444	157	1,2
Møre og Romsdal	135 421	130 427	265 848	137 838	133 236	271 074	138 716	134 612	273 328	7 480	2,8
Landet	2 737 332	2 687 938	5 425 270	2 873 176	2 834 515	5 707 691	2 925 984	2 897 262	5 823 246	397 976	7,3

Kjelde: SSB

Folketalet i Møre og Romsdal 2037 etter ulike års framskrivingar



Nær dobling i talet på eldre over 80 år

Framskrivingane til SSB viser at alderssamansetninga i fylket vil endre seg dei neste åra, talet på eldre over 80 år vil auke mykje dei neste 10 til 15 åra. I kommunane Gjemnes, Kristiansund og Vestnes aukar talet på eldre over 80 år med 124,6 prosent, 110,8 prosent og 109,3 prosent fram mot 2037. I tal personar utgjer dette for Gjemnes ein auke på 157 personar over 80 år, mens det for Kristiansund og Vestnes er snakk om ein auke på 1 261 og 401 personar.

Den prosentvise auken i talet på innbyggjarar over 80 år er noko lågare i fylket enn det nasjonale gjennomsnittet. I Møre og Romsdal aukar talet på eldre over 80 år med 83,2 prosent dei neste 15 åra, mens det nasjonalt i same periode blir ein auke på 86,7 prosent.

Levealderen vil auke

Når SSB utformar nye folketalsframskrivingar blir det samtidig utarbeidd prognosar for venta levealder.

Kvinner i Stranda kommune fødd i 2037 vil leve lengst av kvinnene i fylket, dei skal i snitt bli 88,7 år. Menn fødd i Stranda i 2037 er dei som vil leve lengst av mennene i Møre og Romsdal, dei skal i følge prognosane bli 86,2 år. Samanliknar vi med menn fødd i Stranda i 2022, aukar levealderen med 2,7 år for dei som blir fødd i 2037. At levealderen er venta å auke, er med å forsterke auken i talet på eldre.


SSB publiserer ikkje årleg venta levealder etter fylke, berre kommunar. Ser vi på forventa levealder for dei som vart fødd i 2014–2020, så toppar Møre og Romsdal fylkesrangeringa. For menn fødd i denne perioden er venta levealder 81,4 år og for kvinner 84,9 år.

Tal og framskrive tal, eldre over 80 år – alt. MMMM

	2022	2032	2037	2022–2037	
	Eldre over 80 år	Eldre over 80 år	Eldre over 80 år	Endring i tal	Endring i prosent
Kristiansund	1 138	1 998	2 399	1 261	110,8
Molde	1 673	2 690	3 157	1 484	88,7
Ålesund	3 024	4 651	5 650	2 626	86,8
Vanylven	246	352	411	165	67,1
Sande	172	214	252	80	46,5
Herøy	487	720	855	368	75,6
Ulstein	381	608	713	332	87,1
Hareid	260	362	440	180	69,2
Ørsta	611	878	1 037	426	69,7
Stranda	329	411	440	111	33,7
Sykkylven	388	622	735	347	89,4
Sula	404	626	776	372	92,1
Giske	364	549	688	324	89,0
Vestnes	367	614	768	401	109,3
Rauma	423	617	692	269	63,6
Aukra	195	287	308	113	57,9
Averøy	312	526	622	310	99,4
Gjemnes	126	255	283	157	124,6
Tingvoll	210	294	334	124	59,0
Sunndal	434	578	714	280	64,5
Surnadal	368	550	625	257	69,8
Smøla	133	205	253	120	90,2
Aure	213	350	396	183	85,9
Volda	580	830	961	381	65,7
Fjord	209	262	291	82	39,2
Hustadvika	613	1 031	1 228	615	100,3
Møre og Romsdal	13 660	21 080	25 028	11 368	83,2
Landet	240 293	382 668	448 532	208 239	86,7

Forventa levealder ved fødsel, alt. MMMM

	2022		2032		2037	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Kristiansund	81,6	84,0	83,8	86,0	84,8	86,9
Molde	82,1	85,6	84,2	87,4	85,2	88,2
Ålesund	82,1	85,4	84,2	87,2	85,1	88,1
Vanylven	82,3	85,5	84,4	87,3	85,3	88,2
Sande	83,2	84,8	85,1	86,8	85,9	87,7
Herøy	81,8	86,0	84,1	87,7	85,6	88,5
Ulstein	82,7	85,9	84,7	87,7	85,6	88,5
Hareid	81,3	84,8	83,5	86,7	84,5	87,6
Ørsta	82,1	85,6	84,3	87,4	85,3	88,2
Stranda	83,5	86,4	85,4	88,0	86,2	88,7
Sykkylven	82,7	85,3	84,7	87,1	85,6	87,9
Sula	83,0	85,3	85,1	87,1	86,0	88,0
Giske	83,2	86,1	85,1	87,8	85,9	88,5
Vestnes	82,0	85,4	84,1	87,2	85,1	88,1
Rauma	81,5	85,2	83,6	87,0	84,5	87,8
Aukra	82,2	86,0	84,3	87,7	85,2	88,4
Averøy	82,8	85,5	84,8	87,3	85,7	88,1
Gjemnes	82,3	85,1	84,4	86,8	85,4	87,6
Tingvoll	82,5	84,8	84,5	86,6	85,5	87,5
Sunndal	81,7	85,3	83,8	87,1	84,8	87,9
Surnadal	80,7	85,1	83,1	86,8	84,2	87,6
Smøla	82,1	83,2	84,3	85,2	85,3	86,2
Aure	82,4	85,1	84,4	86,8	85,4	87,6
Volda	82,8	85,7	84,8	87,4	85,7	88,1
Fjord	81,0	86,2	83,7	87,9	84,8	88,6
Hustadvika	81,4	85,3	83,6	87,2	84,6	88,0



2. PENDLING

Pendinga aukar meir enn sysselsettinga

Statistisk sentralbyrå sin definisjon på pendling mellom kommunar er når ein sysselsett er sysselsett i ei anna kommune enn bustadkommunen sin. Det betyr at den sysselsette kryssar minst ei kommunegrense mellom heim og arbeid, men det fortel oss ikkje noko om kor ofte det skjer, korleis eller kor mykje sysselsette reiser i arbeidet elles. Talet pendlarar blir altså berekna ut i frå bustad i folkeregisteret, mens arbeidsstad er registrert i ei anna kommune. I nokre tilfelle blir pendlartala unaturleg høge når det oppstår såkalla hovudkontorproblematikk, der all verksemd i ei bedrift blir registrert på hovudkontoret.


Frå 4. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021 auka pendlinga både internt i fylket og pendlinga inn- og ut av fylket. Innpendling frå andre fylke auka med heile 8,8 prosent, mens utpendlinga til andre fylke auka med 4,7 prosent. Korrigert for inn- og utpendling til andre fylke er veksten i pendlinga internt i fylket lik for inn- og utpendling da ein utpendlar i ein kommune er ein innpendlar i ai anna. Det gjer at ein kan berekne ein samla vekst i pendlinga, som frå 4. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021 var på 3,7 prosent. Det er høgare enn veksten i sysselsettinga i same periode, som var 2,3 prosent.

Etter kommunereforma er pendlartala mellom kommunane lågare, da meir av interaksjonen i arbeidsmarknaden skjer internt i kommunane. Framleis er Ålesund og Molde kommunane som har klart høgast innpendling med nær 8 000 og 5 800 innpendlarar. Sjølv om Ålesund har 2 200 fleire innpendlarar enn Molde, er nettointnpendling (tal innpendlarar minus utpendlarar) høgast i Molde, med 2 967 pendlarar. Utpendinga frå Ålesund er nær dobbelt så høg som utpendlinga frå Molde.

Kjelde: SSB


Pending per 4. kvartal 2021				
	Sysselette som pendlar inn til kommunen/fylket	Sysselette som pendlar ut av kommunen/fylket	Innpending i prosent av sysselette med arbeidsstad i kommunen/fylket	Utpending i prosent av busette i kommunen/fylket
Kristiansund	1 903	2 121	16.9	18.5
Molde	5 794	2 827	30.0	17.3
Ålesund	7 948	5 504	21.1	15.6
Vanylven	185	398	14.4	26.6
Sande	408	401	34.7	34.3
Herøy	1 157	1 200	26.6	27.3
Ulstein	2 185	1 736	46.2	40.6
Hareid	694	1 309	39.1	54.7
Ørsta	1 273	2 103	27.4	38.5
Stranda	537	434	21.5	18.1
Sykkylven	644	789	16.7	19.7
Sula	1 146	2 916	35.9	58.7
Giske	651	2 355	23.8	53.1
Vestnes	484	982	16.5	28.6
Rauma	471	733	14.3	20.6
Aukra	345	822	27.9	47.9
Averøy	495	1 170	22.3	40.5
Gjemnes	222	671	25.3	50.6
Tingvoll	148	542	14.2	37.7
Sunndal	617	485	17.8	14.5
Surnadal	523	525	18.0	18.0
Smøla	191	148	16.8	13.5
Aure	282	401	18.3	24.1
Volda	1 980	2 015	37.9	38.3
Fjord	376	392	29.1	29.9
Hustadvika	929	3 086	19.5	44.6
Samla i kommunane	31 588	36 065	24.2	26.7
Møre og Romsdal	5 740	10 217	4.4	7.6

Kjelde: SSB



Pendlingsstraumar mellom kommunane, per 4. kvartal 2021

Bustad	Arbeidsstad																										
	Kristiansund	Molde	Ålesund	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Ørsta	Stranda	Sykkylven	Sula	Giske	Vestnes	Rauma	Aukra	Averøy	Gjemnes	Tingvoll	Sunnadal	Surnadal	Smøla	Aure	Volda	Fjord	Hustadvika	
Kristiansund		310	71	0	1	12	25	2	0	0	1	0	1	3	2	6	249	63	42	34	15	50	44	9	0	44	
Molde	145		244	0	2	9	22	1	6	7	3	4	2	68	78	162	26	72	10	198	22	5	2	18	12	517	
Ålesund	62	327		26	33	95	202	57	55	141	296	885	524	146	41	7	11	1	2	7	17	2	1	64	151	15	
Vanylven	1	3	35		38	24	42	2	20	2	1	1	2	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	2	22	2	0
Sande	1	2	25	20		118	98	27	9	2	1	5	1	5	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	36	0	0
Herøy	11	12	102	6	120		426	85	63	6	2	8	1	4	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	78	0	2
Ulstein	7	27	259	10	108	344		404	104	7	13	14	6	9	2	0	1	0	0	2	0	0	0	0	145	3	1
Hareid	4	11	210	1	32	114	620		32	7	15	20	4	6	0	0	1	1	0	2	1	0	0	0	48	3	2
Ørsta	7	40	198	3	20	91	148	22		11	11	27	5	3	1	3	0	0	0	0	0	1	1	1147	2	1	
Stranda	0	12	80	0	0	0	2	1	5		113	4	2	6	2	0	0	0	0	0	1	0	0	0	13	74	1
Sykkylven	2	18	395	0	0	6	15	5	4	116		16	6	4	1	0	0	0	0	1	0	0	0	0	8	12	1
Sula	6	43	2323	2	1	23	41	24	17	25	51		32	12	2	0	0	0	0	2	1	2	1	8	13	3	
Giske	7	32	1877	1	4	12	37	9	6	12	11	40		4	1	0	2	0	0	0	0	1	0	5	28	5	
Vestnes	7	229	286	0	1	2	21	0	4	3	4	11	4		138	3	3	0	1	1	0	2	0	2	22	9	
Rauma	12	266	40	0	2	3	1	2	1	3	2	2	2	90		0	1	3	1	5	0	0	0	2	9	6	
Aukra	16	518	43	1	0	1	2	0	1	0	0	3	0	9	2		3	1	0	2	3	3	1	0	2	73	
Averøy	618	88	17	0	0	9	7	0	3	1	0	0	0	2	5	11		2	1	10	0	3	3	1	1	103	
Gjemnes	120	328	13	1	0	1	0	0	0	1	0	0	0	2	3	1	8		15	24	2	1	1	1	0	44	
Tingvoll	180	41	7	0	0	1	2	0	1	1	0	0	0	3	0	1	5	22		94	13	3	1	0	0	12	
Sunnadal	28	90	10	1	0	0	1	0	0	0	2	0	0	0	6	1	0	3	35		48	3	1	1	0	2	
Surnadal	23	24	10	0	0	1	2	0	0	1	0	0	0	0	2	0	2	0	9	91		5	3	1	0	3	
Smøla	38	8	9	0	0	1	2	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	1	1		11	0	0	0	
Aure	104	19	5	0	0	0	4	0	1	0	0	1	0	1	1	1	4	0	0	5	2	23		1	1	0	
Volda	5	34	128	54	10	80	115	23	800	33	11	17	4	2	1	0	3	0	0	3	0	0	0		5	1	
Fjord	0	16	204	0	1	0	0	0	3	82	2	9	0	5	2	0	0	0	0	0	0	0	0	4		1	
Hustadvika	114	1973	86	0	0	6	13	0	2	0	0	4	1	16	17	132	122	18	7	17	6	5	6	2	2		



3. ARBEIDSMARKNAD

Arbeidsplassdekning

Arbeidsplassdekning er talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad) i prosent av talet på arbeidstakarar (sysselsette etter bustad) i eit område, til dømes ein kommune. Arbeidsplassdekning på over 100 prosent betyr at talet arbeidstakarar som arbeider i kommunen er større enn talet på arbeidstakarar som er busette i kommunen.

Av dei tre største byane i fylket er det Molde som har høgast arbeidsplassdekning med 118,2 prosent. Tilsvarande er arbeidsplassdekninga 106,9 og 98,1 prosent i Ålesund og Kristiansund. For Kristiansund sin del betyr det at det er eit underskot på arbeidsplassar i forhold til talet på yrkesaktive som er busett i kommunen. Etter kommunesamanslåinga har arbeidsplassdekninga i Ålesund gått ned. Dette heng saman med at kommunane som gjekk inn i den nye storkommunen hadde sterk innpendling til Ålesund, dette blir no rekna som internpendling innanfor kommunen. Ålesund by er framleis ein viktig arbeidsmarknad i fylket, det har ikkje endra seg som følge av kommunesamanslåinga.


Det var 7 av kommunane i fylket som i 2021 hadde over 100 prosent arbeidsplassdekning. Kommunane Giske, Sula, Gjemnes og Hustadvika har alle låg arbeidsplassdekning. Dette er kommunar som ligg tett på dei tre største byane i fylket og mange pendlar inn til arbeidsmarknaden i byane. Giske og Sula har til dømes ei arbeidsplassdekning på 61,6 og 64,3 prosent, mange av dei yrkesaktive i desse kommunane er med andre ord avhengig av å pendle ut av kommunen på arbeid.

Totalt for Møre og Romsdal er det ei arbeidsplassdekning på 96,7 prosent. Det betyr at -4 477 møringar har arbeidstaden sin i eit anna fylke.

Kjelde: SSB

Arbeidsplassdekning, per 4. kvartal 2021					
	Sysselsette etter bustad	Sysselsette etter arbeidsstad	Arbeidsplassdekning	Over- eller underdekning av arbeidsplassar	Sysselsette som bor og arbeider i same kommune
Kristiansund	11 475	11 257	98,1	-218	9 354
Molde	16 330	19 297	118,2	2 967	13 503
Ålesund	35 192	37 636	106,9	2 444	29 688
Vanylven	1 499	1 286	85,8	-213	1 101
Sande	1 170	1 177	100,6	7	769
Herøy	4 391	4 348	99,0	-43	3 191
Ulstein	4 278	4 727	110,5	449	2 542
Hareid	2 391	1 776	74,3	-615	1 082
Ørsta	5 468	4 638	84,8	-830	3 365
Stranda	2 399	2 502	104,3	103	1 965
Sykkylven	3 995	3 850	96,4	-145	3 206
Sula	4 964	3 194	64,3	-1 770	2 048
Giske	4 435	2 731	61,6	-1 704	2 080
Vestnes	3 437	2 939	85,5	-498	2 455
Rauma	3 564	3 302	92,6	-262	2 831
Aukra	1 715	1 238	72,2	-477	893
Averøy	2 892	2 217	76,7	-675	1 722
Gjemnes	1 326	877	66,1	-449	655
Tingvoll	1 437	1 043	72,6	-394	895
Sunnadal	3 339	3 471	104,0	132	2 854
Surnadal	2 911	2 909	99,9	-2	2 386
Smøla	1 093	1 136	103,9	43	945
Aure	1 664	1 545	92,8	-119	1 263
Volda	5 266	5 231	99,3	-35	3 251
Fjord	1 310	1 294	98,8	-16	918
Hustadvika	6 921	4 764	68,8	-2 157	3 835
Møre og Romsdal	134 862	130 385	96,7	-4 477	124 645

Kjelde: SSB



Arbeidsplassdekning

Låg arbeidsløyse

Per august 2022 er 1,5 prosent av arbeidsstyrken i Møre og Romsdal registrert arbeidsledige. Dette er litt under den nasjonale arbeidsløysa på 1,6 prosent. Med andre ord er det høg sysselsetting og økonomien har tatt seg opp igjen etter eit par år som har vore sterkt prega av koronapandemien.

Det er variasjon i arbeidsløysa om vi samanliknar kommunane i fylket. Kommunane Stranda, Tingvoll, Surnadal og Smøla har ei arbeidsløyse på 0,6 prosent i august 2022, mens det i Sande kommune er 3,4 prosent av arbeidsstyrken som er arbeidsledige. Av dei tre største byane er arbeidsløysa lågast i Molde med 1,1 prosent. I Kristiansund og Ålesund er arbeidsløysa på 1,6 og 1,7 prosent, per august 2022.


Sterk prisstiging både på mat og energi kombinert med ei stigande rente, vil på sikt kunne påverke sysselsettingsgraden. Det er grunn til å tru at desse forholda på litt sikt kan føre til lågare etterspørsel etter varer og tenester, noko som vil kunne gje auka arbeidsløyse innanfor enkelte sektorar. Framover vil det vere avgjerande å få dempa trykket i økonomien og få stabilisert prisstiging (inflasjonen).

Auka sjukefråvær

Det legemelde sjukefråværet er i 2. kvartal 2022 på 5,7 prosent i Møre og Romsdal, ein auke på 1,8 prosent det siste året. Til samanlikning var det legemelde sjukefråværet i fylket på 4,9 prosent i 2. kvartal 2018. Det er berre Troms og Finnmark og Nordland som har høgare sjukefråvær i 2. kvartal 2022, med 6,1 prosent.


Det legemelde sjukefråværet er nasjonalt på 5,2 prosent, ein oppgang på 2,0 prosent om vi samanliknar med 2. kvartal 2021. Koronapandemien må ta ein del av skulda for det auka legemelde sjukefråværet dei siste to åra, sjølv om det nok er korttidsfråværet som har vore mest påverka av pandemien.

Heilt ledige i prosent av arbeidsstyrken, august 2022



Legemeldt sjukefråvær per 2.kvartal, 2018–2022, prosent

	2.kvartal 2018	2.kvartal 2019	2.kvartal 2020	2.kvartal 2021	2.kvartal 2022	Endring siste år, prosent
Agder	4.9	5	5.6	5.6	5.6	0.0
Innlandet	5.1	5.2	5.6	5.5	5.6	1.8
Møre og Romsdal	4.9	5.1	5.4	5.6	5.7	1.8
Nordland	5.4	5.8	6	6.1	6.1	0.0
Oslo	3.8	3.9	4	4	4.3	7.5
Rogaland	4.2	4.2	4.4	4.7	4.6	-2.1
Troms og Finnmark	5.4	5.4	5.8	6.1	6.1	0.0
Trøndelag	4.8	4.9	5.2	5.3	5.3	0.0
Vestfold og Telemark	4.9	4.8	5.1	5.3	5.3	0.0
Vestland	4.6	4.8	5	5.3	5.4	1.9
Viken	4.8	4.8	5.1	5.1	5.3	3.9
Landet	4.7	4.7	5	5.1	5.2	2.0



4. SYSSELSETTING OG NÆRINGS LIV

Kjelde: SSB

Nesten 3 000 fleire sysselsette

Etter ein vanskeleg periode i arbeidsmarknaden med pandemi og smitteverntiltak, auka sysselsettinga igjen med 2,3 prosent målt frå 4. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021. Under pandemien fall sysselsettinga både i fylket og landet med 1,1 prosent. Når sysselsettinga no aukar igjen, er veksten lågare her enn den nasjonale, som var på 3,0 prosent. Den nasjonale veksten var i tal sysselsette på om lag 80 000 og i Møre og Romsdal på om lag 3 000 sysselsette.

I eit litt lengre tidsperspektiv er det enda større skilnad mellom utvikling i fylket og i landet. Nasjonalt auka sysselsettinga med 4,3 prosent mellom 2017 og 2021, mens tilsvarende vekst i fylket var på 1,9 prosent, altså under halvparten av nasjonal vekst.


Både målt frå 2017 og 2020 er veksten til 2021 sterkast innan bergverksdrift og utvinning, med høvesvis ein vekst på 79,3 prosent frå 2017 og 23,1 prosent frå 2020. I denne næringa er det blant anna fleire store selskap som ligg i grenselandet mellom tenesteleverandørar til oljebransjen og klassisk industri.

Overnattings- og serveringsverksemd hadde nest best utvikling sidan 2020, noko som ikkje er unaturleg da sysselsettinga fall grunna restriksjonane i pandemien. Samtidig er desse tala frå starten av 4. kvartal 2021, ei tid da det framleis både var utbrot og restriksjonar for mange i bransjen.

Samanliknar vi næringsstrukturen i Møre og Romsdal med landet ser vi at Møre og Romsdal har ein langt høgare del sysselsett innan jordbruk, skogbruk og fiske. Innanfor sekundærnæringane er også sysselsettinga relativt sett høgare i fylket enn i landet, mens vi har ein lågare del sysselsett i sørvismnæringa, offentleg administrasjon og personleg tenesteyting.


Sysselsette personar i Møre og Romsdal, 4. kvartal 2017–2021									
	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2017–2021		Endring 2020–2021	
						Tal	Prosent	Tal	Prosent
Jordbruk, skogbruk og fiske	5 292	5 346	5 246	5 319	5 328	36	0,7	9	0,2
Bergverksdrift og utvinning	1 393	1 406	2 208	2 029	2 497	1 104	79,3	468	23,1
Industri	19 108	19 517	19 609	18 876	19 292	184	1,0	416	2,2
Elektrisitet, vatn og renovasjon	1 661	1 682	1 698	1 718	1 765	104	6,3	47	2,7
Bygge- og anleggsverksemd	10 215	10 064	9 909	10 080	10 532	317	3,1	452	4,5
Varehandel, reparasjon av motorvogner	15 838	15 734	15 434	15 207	15 411	-427	-2,7	204	1,3
Transport og lagring	8 370	8 256	7 768	7 614	7 131	-1 239	-14,8	-483	-6,3
Overnattings- og serveringsverksemd	3 333	3 497	3 534	3 149	3 670	337	10,1	521	16,5
Informasjon og kommunikasjon	1 689	1 727	1 816	1 877	2 116	427	25,3	239	12,7
Finansiering og forsikring	1 475	1 442	1 426	1 422	1 409	-66	-4,5	-13	-0,9
Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	5 586	5 859	5 931	6 103	6 250	664	11,9	147	2,4
Forretningsmessig tenesteyting	4 655	4 638	4 602	4 317	4 373	-282	-6,1	56	1,3
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	6 339	6 440	6 223	6 524	6 775	436	6,9	251	3,8
Undervisning	9 966	10 301	10 352	10 196	10 329	363	3,6	133	1,3
Helse- og sosialtenester	28 376	28 671	28 484	28 394	28 791	415	1,5	397	1,4
Personleg tenesteyting	3 661	3 782	3 778	3 728	3 923	262	7,2	195	5,2
Uoppgitt	964	934	834	843	793	-171	-17,7	-50	-5,9
Møre og Romsdal	127 921	129 296	128 852	127 396	130 385	2 464	1,9	2 989	2,3
Landet	2 647 297	2 683 447	2 710 435	2 681 548	2 762 177	114 880	4,3	80 629	3,0

Kjelde: SSB



Syssette personar, etter arbeidsstad og næring, 4. kvartal 2021

	Sum alle næringer	Jordbruk, skogbruk og fiske	Bergverksdrift og utvinning	Industri	Elektrisitet, vann og renovasjon	Bygge- og anleggsverksemd	Varehandel, reparasjon av motorvogner	Transport og lagring	Overnattings- og serveringsverksemd	Informasjon og kommunikasjon	Finansiering og forsikring	Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	Forretningsmessig tenesteyting	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	Undervisning	Helse- og sosialtenester	Personleg tenesteyting	Uppgjitt
Kristiansund	11 254	194	369	725	290	876	1 440	904	446	192	114	696	545	681	835	2 500	390	57
Molde	19 298	471	603	1 918	304	1 354	2 316	717	525	408	149	1 190	548	1 843	1 480	4 585	797	90
Ålesund	37 638	675	174	4 872	418	2 770	5 369	2 062	1 312	932	701	2 101	1 543	1 966	2 767	8 639	1 185	152
Vanylven	1 288	176	108	58	4	116	104	105	4	23	4	32	11	64	82	353	25	19
Sande	1 177	106	9	391	0	99	79	76	3	0	4	21	11	26	65	269	14	4
Herøy	4 347	422	222	594	105	255	396	365	97	49	18	251	155	100	338	773	164	43
Ulstein	4 728	48	714	961	45	338	491	112	142	57	58	278	152	185	394	603	119	31
Hareid	1 777	48	0	406	19	201	229	95	14	15	4	45	5	111	138	396	35	16
Ørsta	4 639	247	8	638	107	441	668	315	109	97	55	183	125	251	390	857	116	32
Stranda	2 501	95	0	785	35	344	151	111	122	0	11	47	68	54	182	393	93	10
Sykkylven	3 850	62	0	1 725	31	259	306	141	48	49	17	104	36	108	261	612	67	24
Sula	3 196	84	0	686	0	299	548	183	38	20	5	121	77	70	225	740	81	19
Giske	2 730	312	0	446	5	180	164	295	75	44	8	59	114	100	214	604	81	29
Vestnes	2 935	196	3	635	24	255	269	112	72	14	14	80	42	72	246	826	58	17
Rauma	3 299	120	10	473	64	350	512	345	131	53	8	80	89	110	218	614	89	33
Aukra	1 239	83	142	172	0	74	73	74	51	0	6	9	34	63	124	299	27	8
Averøy	2 217	224	4	348	41	201	135	155	54	26	4	92	198	63	154	460	36	22
Gjemnes	876	120	0	93	0	62	56	38	31	4	0	60	11	57	95	218	19	12
Tingvoll	1 042	110	0	113	3	104	85	47	21	3	6	76	37	52	102	240	30	13
Sunndal	3 473	86	0	1 132	129	288	313	101	69	42	41	144	95	95	216	616	79	27
Surnadal	2 910	210	0	480	54	205	351	150	51	38	39	231	72	117	228	604	57	23
Smøla	1 140	321	3	128	17	72	83	59	20	0	4	38	21	30	63	232	39	10
Aure	1 546	239	0	280	3	127	100	121	29	0	3	61	53	77	109	306	26	12
Volda	5 229	207	62	319	20	507	493	162	85	40	69	126	231	165	875	1 676	161	31
Fjord	1 294	160	7	79	33	227	156	39	41	3	4	38	11	45	85	327	24	15
Hustadvika	4 762	312	59	835	14	528	524	247	80	7	63	87	89	270	443	1 049	111	44
Møre og Romsdal	130 385	5 328	2 497	19 292	1 765	10 532	15 411	7 131	3 670	2 116	1 409	6 250	4 373	6 775	10 329	28 791	3 923	793
Landet	2 762 177	63 624	59 598	209 735	33 596	237 583	351 287	129 652	95 260	108 283	48 304	181 054	134 945	174 666	229 275	573 004	113 263	19 048



Sysselsette personar, etter arbeidsstad og næring, 4. kvartal 2021, prosent

	Jordbruk, skogbruk og fiske	Bergverksdrift og utvinning	Industri	Elektrisitet, vatn og renovasjon	Bygge- og anleggsvirksomhet	Varehandel, reparasjon av motorvogner	Transport og lagring	Overnattings- og serveringsvirksomhet	Informasjon og kommunikasjon	Finansiering og forsikring	Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	Forretningsmessig tenesteyting	Offisadm., forsvar, sosialforsikring	Undervisning	Helse- og sosialtenester	Personleg tenesteyting	Uoppgitt
Kristiansund	1,7	3,3	6,4	2,6	7,8	12,8	8,0	4,0	1,7	1,0	6,2	4,8	6,1	7,4	22,2	3,5	0,5
Molde	2,4	3,1	9,9	1,6	7,0	12,0	3,7	2,7	2,1	0,8	6,2	2,8	9,6	7,7	23,8	4,1	0,5
Ålesund	1,8	0,5	12,9	1,1	7,4	14,3	5,5	3,5	2,5	1,9	5,6	4,1	5,2	7,4	23,0	3,1	0,4
Vanylven	13,7	8,4	4,5	0,3	9,0	8,1	8,2	0,3	1,8	0,3	2,5	0,9	5,0	6,4	27,4	1,9	1,5
Sande	9,0	0,8	33,2	0,0	8,4	6,7	6,5	0,3	0,0	0,3	1,8	0,9	2,2	5,5	22,9	1,2	0,3
Herøy	9,7	5,1	13,7	2,4	5,9	9,1	8,4	2,2	1,1	0,4	5,8	3,6	2,3	7,8	17,8	3,8	1,0
Ulstein	1,0	15,1	20,3	1,0	7,1	10,4	2,4	3,0	1,2	1,2	5,9	3,2	3,9	8,3	12,8	2,5	0,7
Hareid	2,7	0,0	22,8	1,1	11,3	12,9	5,3	0,8	0,8	0,2	2,5	0,3	6,2	7,8	22,3	2,0	0,9
Ørsta	5,3	0,2	13,8	2,3	9,5	14,4	6,8	2,3	2,1	1,2	3,9	2,7	5,4	8,4	18,5	2,5	0,7
Stranda	3,8	0,0	31,4	1,4	13,8	6,0	4,4	4,9	0,0	0,4	1,9	2,7	2,2	7,3	15,7	3,7	0,4
Sykkylven	1,6	0,0	44,8	0,8	6,7	7,9	3,7	1,2	1,3	0,4	2,7	0,9	2,8	6,8	15,9	1,7	0,6
Sula	2,6	0,0	21,5	0,0	9,4	17,1	5,7	1,2	0,6	0,2	3,8	2,4	2,2	7,0	23,2	2,5	0,6
Giske	11,4	0,0	16,3	0,2	6,6	6,0	10,8	2,7	1,6	0,3	2,2	4,2	3,7	7,8	22,1	3,0	1,1
Vestnes	6,7	0,1	21,6	0,8	8,7	9,2	3,8	2,5	0,5	0,5	2,7	1,4	2,5	8,4	28,1	2,0	0,6
Rauma	3,6	0,3	14,3	1,9	10,6	15,5	10,5	4,0	1,6	0,2	2,4	2,7	3,3	6,6	18,6	2,7	1,0
Aukra	6,7	11,5	13,9	0,0	6,0	5,9	6,0	4,1	0,0	0,5	0,7	2,7	5,1	10,0	24,1	2,2	0,6
Averøy	10,1	0,2	15,7	1,8	9,1	6,1	7,0	2,4	1,2	0,2	4,1	8,9	2,8	6,9	20,7	1,6	1,0
Gjemnes	13,7	0,0	10,6	0,0	7,1	6,4	4,3	3,5	0,5	0,0	6,8	1,3	6,5	10,8	24,9	2,2	1,4
Tingvoll	10,6	0,0	10,8	0,3	10,0	8,2	4,5	2,0	0,3	0,6	7,3	3,6	5,0	9,8	23,0	2,9	1,2
Sunnadal	2,5	0,0	32,6	3,7	8,3	9,0	2,9	2,0	1,2	1,2	4,1	2,7	2,7	6,2	17,7	2,3	0,8
Surnadal	7,2	0,0	16,5	1,9	7,0	12,1	5,2	1,8	1,3	1,3	7,9	2,5	4,0	7,8	20,8	2,0	0,8
Smøla	28,2	0,3	11,2	1,5	6,3	7,3	5,2	1,8	0,0	0,4	3,3	1,8	2,6	5,5	20,4	3,4	0,9
Aure	15,5	0,0	18,1	0,2	8,2	6,5	7,8	1,9	0,0	0,2	3,9	3,4	5,0	7,1	19,8	1,7	0,8
Volda	4,0	1,2	6,1	0,4	9,7	9,4	3,1	1,6	0,8	1,3	2,4	4,4	3,2	16,7	32,1	3,1	0,6
Fjord	12,4	0,5	6,1	2,6	17,5	12,1	3,0	3,2	0,2	0,3	2,9	0,9	3,5	6,6	25,3	1,9	1,2
Hustadvika	6,6	1,2	17,5	0,3	11,1	11,0	5,2	1,7	0,1	1,3	1,8	1,9	5,7	9,3	22,0	2,3	0,9
Møre og Romsdal	4,1	1,9	14,8	1,4	8,1	11,8	5,5	2,8	1,6	1,1	4,8	3,4	5,2	7,9	22,1	3,0	0,6
Landet	2,3	2,2	7,6	1,2	8,6	12,7	4,7	3,4	3,9	1,7	6,6	4,9	6,3	8,3	20,7	4,1	0,7



Oslo og Agder med sterkast vekst i sysselsettinga

Alle fylka opplevde vekst i sysselsettinga frå 4. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021. Både i tal sysselsette og i prosent var veksten sterkast i Oslo, med ein vekst på 21 447 sysselsette eller 4,4 prosent. Det er nær 50 prosent høgare enn den nasjonale veksten på 3,0 prosent, og utgjør 26,6 prosent av den nasjonale veksten, som var på 80 635 sysselsette.

I tillegg til Oslo var veksten i Rogaland, Agder og Viken høgare enn landsgjennomsnittet. I dei sju andre fylka var veksten lågare, og lågast var den i Nordland (1,7 prosent) og Vestfold og Telemark (1,8 prosent).

Veksten speglar til ein viss grad dei stadane og næringane som var hardt råka av pandemien. Sterkast vekst i tal sysselsette var det i sørvisnæringa med ein vekst på 48 051 sysselsette, det utgjør 4,5 prosent vekst. Næringa personleg tenesteyting, som til dømes frisørar og tilsette innan kroppspleie og fysisk velvære, auka med 4,6 prosent og hadde dermed den sterkaste veksten målt i prosent. Sørvisnæringa hadde sterkast vekst i Oslo med 6,1 prosent, mens personleg tenesteyting auka mest i Rogaland, med 5,3 prosent.

Jordbruk, skogbruk og fiske hadde ein svak nedgang på -0,2 prosent, sjølv om veksten i næringa i Oslo var på heile 11,2 prosent, sterkast auke av alle næringar i alle fylka. Det var den einaste næringa som hadde nedgang i sysselsettinga. Kategorien «uoppgjitt» hadde størst nedgang, men speglar ikkje noko einskild næring.

Veksten innan offentleg administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester var høvesvis 1,7, 1,6 og 1,8 prosent. Det er langt lågare enn veksten i dei andre næringane som i større grad er dominert av føretak i privat sektor.


Tal sysselsette etter arbeidsstad og næring, 4. kvartal 2021

	Jordbruk, skogbruk og fiske	Sekundærnæringar	Sørvisnæringar	Offadm., forsv., sosialforsikring	Undervisning	Helse- og sosialtenester	Personleg tenesteyting	Uoppgjitt	Tal sysselsette	Endring frå 2020
Viken	7 380	104 815	222 298	31 259	42 725	118 217	20 061	4 632	551 387	17 607
Oslo	624	50 229	267 378	41 693	34 736	76 324	32 861	3 389	507 234	21 447
Innlandet	8 394	35 059	52 596	11 996	14 562	42 210	6 812	1 384	173 013	3 137
Vestfold og Telemark	3 412	40 902	64 672	10 902	15 519	43 501	6 643	1 533	187 084	4 045
Agder	2 744	31 839	46 949	7 998	13 535	33 165	5 801	1 109	143 140	4 620
Rogaland	6 092	76 116	85 348	10 880	19 281	47 116	8 578	1 402	254 813	7 563
Vestland	8 684	71 234	110 122	18 529	29 165	71 120	11 887	1 806	322 547	8 685
Møre og Romsdal	5 328	34 086	40 360	6 775	10 329	28 791	3 923	793	130 385	2 989
Trøndelag	8 973	45 306	84 825	13 582	25 863	52 489	8 362	1 585	240 985	6 123
Nordland	6 108	23 219	35 956	9 349	10 367	28 328	3 957	707	117 991	1 975
Troms og Finnmark	5 885	20 379	37 768	11 607	13 058	31 674	4 319	697	125 387	2 514
Svalbard	0	368	503	96	135	69	59	11	1 241	54
Sokkelen	0	6 960	10	0	0	0	0	0	6 970	-132
Landet	63 624	540 512	1 048 785	174 666	229 275	573 004	113 263	19 048	2 762 177	80 627
Endring frå 2019	-96	11 915	48 051	2 932	3 597	9 976	4 949	-689	80 635	

Kjelde: SSB

Sysselsette etter arbeidsstad, fylke og næring, prosentvis endring frå 4. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021

	Jordbruk, skogbruk og fiske	Sekundærnæringar	Sørvisnæringar	Offadm., forsv., sosialforsikring	Undervisning	Helse- og sosialtenester	Personleg tenesteyting	Uoppgjitt	Samla for alle næringar
Viken	-1,2	2,4	4,1	3,0	3,0	2,5	4,6	-1,7	3,3
Oslo	11,2	3,2	6,1	0,6	0,0	2,9	4,7	-3,2	4,4
Innlandet	-1,4	1,8	3,9	0,2	0,8	0,9	3,2	-6,0	1,8
Vestfold og Telemark	1,9	1,7	4,1	0,2	1,3	0,7	3,7	-8,9	2,2
Agder	-0,3	4,0	3,7	1,9	2,4	2,8	4,8	-3,3	3,3
Rogaland	1,7	1,1	5,2	3,9	2,4	1,1	5,3	-4,8	3,1
Vestland	-0,4	1,9	4,5	1,5	2,0	1,6	5,0	-3,8	2,8
Møre og Romsdal	0,2	4,2	1,7	3,8	1,3	1,4	5,1	-6,0	2,3
Trøndelag	0,8	2,0	3,8	1,7	2,1	1,6	4,1	4,3	2,6
Nordland	-0,7	2,2	2,3	2,0	-0,7	0,7	4,4	-6,1	1,7
Troms og Finnmark	-1,9	3,0	3,2	2,2	1,1	0,9	4,8	-7,6	2,0
Svalbard	-	3,1	3,0	1,1	0,7	0,0	5,4	-	4,6
Jan Mayen	-	-	0,0	-	-	-	-	-	0,0
Sokkelen	-	-2,0	-	-	-	-	-	-	-2,0
Landet	-0,2	2,3	4,5	1,7	1,6	1,8	4,6	-3,5	3,0



Størst vekst i sysselsetting på Sunnmøre

Den gode veksten i sysselsettinga frå 4. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021 vi finn på fylkesnivå fordelar seg ulikt mellom kommunane. Av dei 26 kommunane i fylket hadde 11 ein vekst som var høgare enn det nasjonale snittet (3,0 prosent), blant desse er åtte kommunar på Sunnmøre.

Målt i prosent var veksten sterkast i Volda, med 6,6 prosent, mens Giske (5,7 prosent) og Herøy (5,5 prosent) kom på plassane bak. Av dei andre vekst-kommunane hadde to ein vekst høgare enn fylkesgjennomsnittet (2,3 prosent), mens seks hadde ein vekst under fylkesgjennomsnittet.

Seks kommunar opplevde i same periode ein nedgang i sysselsettinga. Dels sterk nedgang, som til dømes i Sunndal og Smøla, med ein nedgang på 5,3 og 4,2 prosent. I Sunndal kom nedgangen i stor grad innafor industrien, mens på Smøla var nedgangen størst innan akvakultur.

Bak landsgjennomsnittet

Om ein ser på utviklinga frå 4. kvartal 2017 til 4. kvartal 2021, er skilnaden mellom det nasjonale snittet og Møre og Romsdal enda større. Sjølv om veksten i fylket var betre enn på mange år, var utviklinga 28 prosent betre på landsbasis frå 2020 til 2021, og utviklinga frå 2017 til 2021 54 prosent betre. Berre åtte kommunar i fylket hadde ein vekst som var høgare enn landsgjennomsnittet i den perioden.

Sysselsettinga auka mest i Herøy, Ålesund og Sykkylven i den tidsperioden, med ein prosentvis vekst på høvesvis 9,4, 6,7 og 5,6 prosent. Tre kommunar skil seg ut med ein relativ sterk nedgang i sysselsettinga i same periode. Sunndal hadde ein nedgang på -8,8 prosent, mens nedgangen i Aukra og Hareid var på -8,4 og -8,1 prosent. I alt hadde 15 kommunar vekst i sysselsettinga frå 2017 til 2021, mens 11 hadde nedgang.

Sysselatte personer etter arbeidsstad, 4. kvartal 2017 – 4. kvartal 2021

	2017	2018	2019	2020	2021	Endring 2017-2021		Endring 2020-2021	
						Tal	Prosent	Tal	Prosent
Kristiansund	11 448	11 215	11 173	11 109	11 254	-194	-1,7	145	1,3
Molde	18 390	18 734	18 672	18 624	19 298	908	4,9	674	3,6
Ålesund	35 273	36 092	36 814	36 537	37 638	2 365	6,7	1 101	3,0
Vanylven	1 354	1 370	1 329	1 324	1 288	-66	-4,9	-36	-2,7
Sande	1 221	1 166	1 130	1 135	1 177	-44	-3,6	42	3,7
Herøy	3 973	4 079	4 049	4 120	4 347	374	9,4	227	5,5
Ulstein	4 583	4 519	5 280	4 789	4 728	145	3,2	-61	-1,3
Hareid	1 934	1 923	1 799	1 774	1 777	-157	-8,1	3	0,2
Ørsta	4 667	4 608	4 513	4 501	4 639	-28	-0,6	138	3,1
Stranda	2 506	2 573	2 522	2 473	2 501	-5	-0,2	28	1,1
Sykkylven	3 647	3 658	3 621	3 672	3 850	203	5,6	178	4,8
Sula	3 062	3 101	3 048	3 132	3 196	134	4,4	64	2,0
Giske	2 603	2 641	2 728	2 582	2 730	127	4,9	148	5,7
Vestnes	2 798	2 933	2 884	2 829	2 935	137	4,9	106	3,7
Rauma	3 405	3 487	3 430	3 341	3 299	-106	-3,1	-42	-1,3
Aukra	1 353	1 291	1 277	1 190	1 239	-114	-8,4	49	4,1
Averøy	2 207	2 194	2 174	2 153	2 217	10	0,5	64	3,0
Gjemnes	867	858	900	853	876	9	1,0	23	2,7
Tingvoll	1 030	1 077	1 066	1 040	1 042	12	1,2	2	0,2
Sunndal	3 808	3 737	3 621	3 669	3 473	-335	-8,8	-196	-5,3
Surnadal	2 950	2 976	2 908	2 937	2 910	-40	-1,4	-27	-0,9
Smøla	1 097	1 157	1 121	1 190	1 140	43	3,9	-50	-4,2
Aure	1 641	1 658	1 597	1 574	1 546	-95	-5,8	-28	-1,8
Volda	4 981	5 020	4 960	4 904	5 229	248	5,0	325	6,6
Fjord	1 265	1 316	1 282	1 253	1 294	29	2,3	41	3,3
Hustadvika	4 746	4 829	4 736	4 691	4 762	16	0,3	71	1,5
Møre og Romsdal	126 809	128 212	128 634	127 396	130 385	3 576	2,8	2 989	2,3
Landet	2 647 297	2 683 448	2 710 436	2 681 542	2 762 177	114 880	4,3	80 635	3,0



Nest lågast del sysselsette med lang høgare utdanning

Syssette sin utdanningsbakgrunn fortel ein del om næringsstrukturen og befolkningsammansetninga i eit område. Når det relativt sett er fleire sysselsette med grunnskule som høgaste fullførte utdanning i Møre og Romsdal enn landsgjennomsnittet, fortel det oss at dei eldre utgjer ein relativt sett større del av syssettinga her enn på landsbasis, da det hovudsakeleg er eldre i denne utdanningsgruppa. På landsbasis utgjer dei 18,7 prosent av dei sysselsette, mens i Møre og Romsdal utgjer dei 21,0 prosent.


I Møre og Romsdal er det no eit fleirtal av elevane i vidaregåande skole som vel yrkesfaglege studieretningar. Dette ser ein att i syssettinga, der delen syssette med vidaregåande skole som høgaste fullførte utdanning er 12,0 prosent høgare her enn på landsbasis (43,2 prosent i Møre og Romsdal, 38,6 prosent på landsbasis). SSB skil dessverre ikkje mellom dei som har fagskoleutdanning frå vidaregåande og dei som har teke studiekompetanse, men ikkje har gjennomført høgare utdanning.

Når det gjeld delen syssette med høgare utdanning er det mindre skilnad mellom Møre og Romsdal og landet når det gjeld kort (1-4 år) høgare utdanning. I Møre og Romsdal utgjer denne gruppa 27,7 prosent av dei sysselsette, 1,5 prosentpoeng eller 5 prosent lågare enn landet. Delen som har lang (over 4 år) høgare utdanning er heile 40,2 prosent lågare i Møre og Romsdal enn landet. Dei utgjer berre 8,1 prosent her, mot 13,5 prosent for landet.

Samanlikna med dei andre fylka er det berre Innlandet som har ein lågare del syssette med lang høgare utdanning, med 8,0 prosent. Denne utfordringa for Møre og Romsdal er ikkje ny, men ser vi fem år bakover, finn vi at veksten i del med lang høgare utdanning er den same i Møre og Romsdal som landet, rundt 20 prosent auke.


Kjelde: SSB

Andel syssette med lang høgare utdanning, 4. kvartal 2021




Kjelde: SSB

Andel syssette med lang høgare utdanning, Møre og romsdal og landet, 2000-2021



Kjelde: SSB

Andel syssette etter høgaste fullførte utdanning, 4. kvartal 2021



Mange innvandrar innan sal- og sørvis, få innan jordbruk og fiske


Over fleire år har vi publisert statistikk som synar kor store delar av innvandarane som er sysselsett, og tala har synleggjort at innvandarane i Møre og Romsdal har høgare deltaking i arbeidslivet her i fylket enn på landsbasis. I år har vi valt å ta med statistikk som synar kva yrke innvandrargruppene er sysselsett i, og skilnaden mellom dei to «hov-udgruppene» som SSB delar innvandarane i etter landbakgrunn.

Innvandarane frå EU, EFTA, Storbritannia, USA, Canada, Australia og New Zealand utgjer i alt 11 660 sysselsette, men av dei er det 534 sysselsette kor ikkje det er oppgjeve yrke for hos SSB. I dei rest-erande 11 126 er handverkarar den største yrkes-gruppa, med 2 941 sysselsette. Det utgjer 26,4 prosent av dei sysselsette innvandarane frå denne landkategorien. I tillegg til handverkarar er sals- og sørvisyrke, prosess- og maskinoperatørar og rein-haldarar store yrkesgrupper.


Den andre innvandrargruppa, som har landbak-grunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania uta-nom Australia og New Zealand, og Europa utanom EU, EFTA og Storbritannia, utgjer i alt 7 564 syssel-sette, der 7 277 har oppgjeve yrke hos SSB. Den klart største yrkesgruppa er sals- og sørvisyrke, som sysselsett 2 898 personar. Det er nær 40 prosent av den innvandrargruppa, og samanlikna med inn-vandarane i den andre gruppa er sysselsettinga her nær 150 prosent høgare. Prosess- og maskinop-eratørar og reinhaldarar utgjer også ein relativ stor del av sysselsettinga i den gruppa.

Den yrkesgruppa som har lågast del sysselsette innvandarar, uavhengig av kva landbakgrunn dei har, er bønder, fiskarar m.v., kor innvandarar utgjer knapt 200 sysselsette. I overkant 600 sysselsette med innvandringsbakgrunn har ei leiarstilling.

Tal sysselsette etter landbakgrunn, Møre og Romsdal, 4. kvartal 2021



Yrkesfordeling blant sysselsette innvandarar etter landbakgrunn, Møre og Romsdal, 4. kvartal 2021, prosent



Kjønnsdelt arbeidsmarknad i Møre og Romsdal

Næringsstrukturen i Møre og Romsdal har ein relativt tydeleg kjønnsprofil. Størst kjønnsforskjell er det innan jordbruk, skogbruk og fiske. Næringa sysselsett 1,4 prosent av kvinnene i fylket og 6,4 prosent av mennene.


Av dei større næringane er skilnadene størst innan helse- og sosialtenester. Her er 39,6 prosent av kvinnene sysselsett, mens berre 7,0 prosent av menn. Skilnaden er på 32,6 prosentpoeng. Det er også stor kjønnsforskjell i sekundærnæringa, som 40,5 prosent av alle menn er sysselsette i, mens berre 10,1 prosent av kvinnene. Det betyr at det er fire gonger så mange menn som kvinner i den næringa.

Under samleomgrepet sørvisnæringar er det enkeltnæringar det er store skilnader, til dømes transport og lagring. Seks gonger så mange menn som kvinner sysselsett, eller overnatting- og serveringsverksemd kor det er dobbelt så mange kvinner som menn.



Det er ikkje slik at kjønnsdelinga i arbeidsmarknaden jamnar seg ut blant dei yngre arbeidstakarane. Vi finn omtrent same forskjell mellom næringane hos dei sysselsette under 40 år som vi finn for alle sysselsette. Utdanningsvala som ligg til grunn for yrke og næring viser seg svært stabile, og det er få teikn til endring.

Menn utgjer 83,7 av dei sysselsette innan jordbruk, skogbruk og fiske og 82,1 prosent av sekundærnæringar. Kvinner utgjer 83,1 prosent av helse- og sosialtenester. Det er i personleg tenesteyting, offentleg administrasjon og sørvisnæringar at det er størst grad av kjønnsbalanse blant dei sysselsette.

Næringsstruktur etter kjønn, Møre og Romsdal, 4. kvartal 2021



Andel sysselsette etter kjønn og næring, Møre og Romsdal, 4.kvartal 2021



32 prosent tilsett i offentlig sektor

Det er privat sektor som sysselsett flest, både på landsbasis og i Møre og Romsdal. Per 4. kvartal 2021 utgjorde sektoren 63,5 prosent av dei sysselsette i fylket, for landet utgjorde den 64,4 prosent. I fylket er det Sykkylven og Stranda som hadde høgast del sysselsette i privat sektor, med 75,0 og 75,9 prosent. Som einaste kommune i fylket hadde Volda ein del sysselsette i privat sektor på under 50 prosent (48,5 prosent).

Sysselsettinga i kommunal sektor speglar behovet befolkninga i kommunen har for kommunale tenester, men seier også noko om kor stor arbeidsmarknaden i kommunen er. I kommunar med lågt innbyggartal utgjør ofte kommunal sektor meir enn i folkerike kommunar der det er større innslag av private verksemder.

Talet sysselsette frå fylkeskommunen i kommunane speglar primært kor dei vidaregåande skolane er lokalisert, men også administrative funksjonar, tannhelsetenestene og vegarbeidarar.


Offentleg eigde føretak er selskap kontrollert av det offentlege, som statens forretningsdrift eller selskap kor det offentlege eig meir enn 50 prosent av aksjekapitalen. Tidlegare var sysselsette i denne kategorien plassert i ein samlekategori saman privat sektor. Selskapa i denne kategorien er alt frå små selskap eigd av ein eller fleire kommunar til store nasjonale aktørar som Statkraft, Equinor og Telenor. Her i fylket kan Kongsberg Gruppen vere eit god døme, kor Nærings- og fiskeridepartementet eig over 50 prosent.

Talet statlege arbeidsplassar utgjør berre 8,5 prosent av alle sysselsette i Møre og Romsdal. Det er nest lågast av alle fylka, og 26,5 prosent lågare enn landsgjennomsnittet. Statlege arbeidsplassar er ofte kompetansearbeidsplassar som kan vere konjunkturdepande, da dei i mindre grad påverkast av desse.

Kjelde: SSB


Sysselsette personar etter arbeidsstad og sektor, 4. kvartal 2021							
	Alle sektorar	Stat	Fylkeskommune	Kommune	Offentlege eigde føretak	Privat sektor	Prosentdel tilsette i offentlig sektor
Kristiansund	11 256	1 244	285	2 395	485	6 847	34,9
Molde	19 297	2 980	862	3 663	681	11 111	38,9
Ålesund	37 636	4 539	684	6 536	1 879	23 998	31,2
Vanylven	1 285	10	4	452	12	807	36,3
Sande	1 177	25	0	342	3	807	31,2
Herøy	4 348	35	76	901	104	3 232	23,3
Ulstein	4 728	80	89	853	408	3 298	21,6
Hareid	1 776	49	11	516	103	1 097	32,4
Ørsta	4 638	145	84	1 228	290	2 891	31,4
Stranda	2 501	29	29	513	55	1 875	22,8
Sykkylven	3 851	88	50	731	58	2 924	22,6
Sula	3 195	35	5	861	58	2 236	28,2
Giske	2 731	41	5	735	49	1 901	28,6
Vestnes	2 938	65	65	954	39	1 815	36,9
Rauma	3 302	97	39	750	94	2 322	26,8
Aukra	1 238	12	0	482	0	744	39,9
Averøy	2 217	53	5	548	6	1 605	27,3
Gjemnes	875	12	0	307	4	552	36,5
Tingvoll	1 044	37	30	365	17	595	41,4
Sunnadal	3 471	71	55	816	234	2 295	27,1
Surnadal	2 910	79	54	779	186	1 812	31,3
Smøla	1 138	32	3	313	20	770	30,6
Aure	1 545	44	3	475	157	866	33,8
Volda	5 233	1 160	97	1 289	151	2 536	48,7
Fjord	1 293	9	3	385	117	779	30,7
Hustadvika	4 764	147	95	1 343	82	3 097	33,3
Møre og Romsdal	130 387	11 118	2 633	28 532	5 292	82 812	32,4
Landet	2 762 175	320 522	47 371	505 593	111 005	1 777 684	22,2

Tal sysselsette i offentlig eigde føretak, etter næring, Møre og Romsdal, 4. kvartal 2021



Kjelde: SSB

Del statlege arbeidsplassar av alle arbeidsplassar, 4. kvartal 2021, prosent



Stor auke i nyetableringar i 2021

I 2021 var det registrert 2 668 nye føretak i Møre og Romsdal. Dette er ein auke på 8,5 prosent frå året før, då det vart registrert 2 460 føretak. I landet elles gjekk tala på nyetableringar opp med 9,5 prosent. 13 av kommunane hadde auke i nyetableringar høgare enn landsgjennomsnittet. Averøy, Smøla og Vestnes hadde høgast vekst med over 40 prosent auke frå året før.

Lågare etableringsgrad enn landsgjennomsnittet

Etableringsgraden er talet på nyregistrerte føretak i forhold til eksisterande føretak. I 2021 var etableringsgraden i Møre og Romsdal på 14 prosent og for landet 17 prosent. Tre kommunar i fylket har høgare etableringsgrad enn landsgjennomsnittet, og høgast var graden i kommunane Sula og Giske med 19 prosent. Lågast etableringsgrad var det i kommunane Fjord og Tingvoll med 7 og 8 prosent.

Målt i nyetablerte føretak per 1 000 innbyggjarar var talet på føretak i Møre og Romsdal mindre enn for landet sett under eit. Smøla, Sula, Vestnes, Averøy og Ålesund ligg nærast opp til landsgjennomsnittet med 12 nyetablerte føretak pr. 1000 innbyggjarar.

Nedgang i føretak som overlever


Av nyetablerte føretak etablert i 2014 er 29,2 prosent framleis i drift etter 5 år. Det er 1,6 prosent høgare enn landsgjennomsnittet, men ein nedgang på 3 prosent i fylket samanlikna med året før. Finnmark og Troms, Innlandet, Agder og Nordland har høgare overleving enn Møre og Romsdal.

Flest føretak vart det etablert innan tekniske tenester. Det vart etablert 556 nye føretak som er ein liten nedgang på 24 frå året før. Det var størst prosentvis auke innan overnatting og servering med 50 prosent. Det vart etablert 86 nye føretak i denne bransjen, det er 29 fleire enn året før.



Tal føretak, nyetableringar, etableringsgrad og nyetableringar per 1000 innbyggjarar, 2021

	Føretak	Nyetableringar	Etableringsgrad	Nyetableringar per 1000 innbyggjarar
Kristiansund	1 711	236	14	10
Molde	2 334	315	13	10
Ålesund	5 037	771	15	12
Vanylven	241	32	13	10
Sande	130	17	13	7
Herøy	685	86	13	10
Ulstein	684	85	12	10
Hareid	257	34	13	7
Ørsta	736	92	13	8
Stranda	352	39	11	9
Sykkylven	537	44	8	6
Sula	574	111	19	12
Giske	455	88	19	10
Vestnes	550	83	15	12
Rauma	618	63	10	9
Aukra	186	30	16	9
Averøy	388	68	18	12
Gjemnes	192	27	14	10
Tingvoll	228	19	8	6
Sunnadal	424	51	12	7
Surnadal	558	62	11	11
Smøla	191	26	14	12
Aure	278	33	12	10
Volda	745	109	15	10
Fjord	262	18	7	7
Hustadvika	871	129	15	10
Møre og Romsdal	19 224	2 668	14	10
Landet	441 833	75 517	17	14

Relativ del nyetablerte føretak i drift 5 år etter oppstart i 2014



Nyetablerte føretak i utvalde næringer, Møre og Romsdal



Framleis Covid-effekt i reiselivet

Også 2021 var prega av Covid-19 pandemien og restriksjonar som særleg ramma reiselivsnæringane. Noreg var i praksis lukka for internasjonale turistar nesten heile 2021 bortsett frå ein kort periode sommaren 2021. Likevel viser tal frå 2021 og tal per juni 2022 at trafikken er i ferd med å ta seg opp igjen. Seinare på sommaren påverka det dårlege været besøkstala i fylket.


Det er naturleg å samanlikne trafikktala for 2021 med 2019 då det er det siste året som kan karakteriserast som eit normalår.

Møre og Romsdal hadde i 2021 totalt 1 464 845 kommersielle overnattingar. Dette er ein nedgang frå 2019 på 180 177 overnattingar, det utgjør -11 prosent. Nedgangen skuldast bortfall av internasjonale gjestar, med ein reduksjon på 396 135 overnattingar (- 63,6 prosent) frå 2019. Nordmenn heldt i 2021 fram med å feriere i eige land, noko som resulterte i ein auke på 215 958 overnattingar (21,1 prosent) frå 2019. Med unntak frå Storbritannia og Danmark, har alle dei viktigaste internasjonale marknadene for Møre og Romsdal ein auke frå 2020 til 2021.

Hotellovernattingar utgjorde heile nedgangen i 2021. Camping/hytte og vandreheimar hadde ein auke i 2021 samanlikna med 2019. Nedgangen i hotellsektoren representerte ein nedgang på 216 321 overnattingar (- 20,8 prosent). Auken i camping/hytte og vandreheimar utgjorde 6 prosent.

Kurs og konferanse-gjestane gjekk ned frå rundt 63 000 overnattingar i 2019 til 22 000 overnattingar i 2020. I 2021 var talet overnattingar med dette formålet på omkring 43 000. Overnattingar i jobbsamanheng gjekk ned med 30 prosent frå 2019 til 2020, og nedgangen heldt fram i 2021. Det blir spennande å sjå tala for 2022, dei kan gi indikasjon på om pandemien har ført til ein varig reduksjon i overnattingar på grunn av nye digitale arbeidsformer.

Overnattingar etter formål med overnattinga, Møre og Romsdal 2010–2021



Kjelde: SSB

Overnattingar ved hotell, campingplassar, hyttegrener og vandreheimar, Møre og Romsdal, samla marknad

	Overnattingar			Endring 2020–2021	
	2019	2020	2021	Tal	Prosent
Nordmenn	1 021 745	1 127 694	1 237 703	110 009	9,8
Utlendingar	623 277	160 945	227 142	66 197	41,1
I alt	1 645 022	1 288 639	1 464 845	176 206	13,7
Dei største marknadene					
Tyskland	175 294	50 123	84 100	33 977	67,8
Polen	48 025	12 807	19 198	6 391	49,9
Sverige	52 760	8 398	15 973	7 575	90,2
Nederland	47 747	8 418	14 379	5 961	70,8
Storbritannia	25 461	28 125	13 384	-14 741	-52,4
USA	40 233	8 016	12 367	4 351	54,3
Danmark	19 817	13 626	11 166	-2 460	-18,1
Italia	23 251	2 942	8 480	5 538	188,2
Litauen	5 251	5 694	8 349	2 655	46,6
Frankrike	30 585	3 800	6 575	2 775	73,0

Kjelde: SSB

Overnattingar ved hotell, camping/hytte og vandreheimar, Møre og Romsdal, 2019–2021

	Overnattingar			Endring 2020–2021	
	2019	2020	2021	Tal	Prosent
Hotellovernattingar	1 039,452	756 687	823 131	-216 321	-20,8
Camping/hytte*	605 570	531 952	641 714	36 144	6,0
Samla	1 645 022	1 288 639	1 464 845	-180 177	-11,0

* I tala er tal for overnattingar ved vandreheimar medrekna



Nedgang i verdiskaping og sysselsetting i jordbruket




NIBIO har laga ei verdiskapingsanalyse for jordbruket i fylket. Jordbruket står for i overkant av 1 mrd. kroner i verdiskaping. Verdiskapinga er utrekna som resultat før avskrivningar, men kostnader med leigd hjelp og jordleige er ikkje trekt frå. Dette er ca. 50 mill. kroner (4,5 prosent) mindre enn for ti år sidan. Sysselsettinga er berekna til ca 2 300 årsverk, 24 prosent mindre enn for ti år sidan. I tillegg kjem indirekte sysselsetting, m.a. i foredling og transport.

Mjølkeproduksjonen er viktigast, målt i kroner og øre, med 67 prosent av verdiskapinga, men er også den produksjonen som har gått mest ned. Fem av kommunane i fylket (Hustadvika, Volda, Surnadal, Molde og Ørsta) står for halvparten av verdiskapinga i mjølkeproduksjonen. I den andre enden står halvparten av kommunane for til saman berre 15 prosent av verdiskapinga. Det betyr at det er veldig tynne produsentmiljø mange stader, og det er fare for at heile kommunar kan bli utan mjølkeprodusentar om få år.

Elles har det vore nokså stabil utvikling når det gjeld verdiskaping på sau og på planteproduksjonar (korn, bær, frukt), mens det for kjøttproduksjon på ammekyr har vore ein viss auke. Produsentar som sluttar med mjølk går ofte over til ammekyr, i alle fall for ein periode.

Den store utfordringa er at nedgangen i mjølkeproduksjonen er merkbar. Denne produksjonen betyr mest i verdiskaping og sysselsetting, både i landbruket og i foredlingsindustrien. Det er også den produksjonen som møter ein del nye krav i åra som kjem, med investeringsbehov for veldig mange.

Analysen viser òg tydeleg utviklinga i strukturen. No er det nesten like mange produsentar som har meir enn 40 kyr, som dei som har under 20 kyr. For 10 år sidan var det mange gonger fleire som hadde under 20 kyr, samanlikna med over 40 kyr.



Ny oversikt over skogressursane i Møre og Romsdal

Landsskogtakseringa har levert ny statistikk over skogressursane i Møre og Romsdal. Det er gjennomført tilsvarande takstar fem gongar tidlegare, og den første allereie i 1930.

Skog utgjer om lag 30 prosent (459 000 hektar) av fylket sitt totalareal. Av dette er ca 75 % rekna som produktivt skogareal, altså skogareal som kan produsere trevirke over eit gitt nivå.


Mengda trevirke aukar

Skogen i Møre og Romsdal legg på seg med nesten ein million m³ i året. Tilveksten i granskogen er over dobbelt så stor som for furuskogen. Dei siste åra er det hogd rundt 250 000 m³ med gran årleg, mens tilveksten ligg på over 450 000 m³. Furuskogen legg på seg rundt 180 000 m³ i året, og hogsten har vore rundt 25 000 m³. Dette betyr at mengda trevirke i skogane våre aukar mykje kvart år.

Når vi ser på takstresultata frå 1930 og fram til i dag, ser vi at ståande volum i skogane våre er mange-dobla. Det gjeld alle treslag. Tilveksten har gått svakt ned for furu i dei siste takstperiodane. Det kjem nok av at furua byrjar å bli gammal. For gran- og lauvskog er tilveksten omtrent lik føregåande takst. Det vart ikkje registrert tilvekst på gran i 1930. Den store skogreisinga med gran byrja ikkje før på 50-talet. Areal med eldre skog har auka kraftig. Dette ser ein og på diameterutviklinga på ståande skog – den er aukande. Det vert difor meir hogstmoden skog.


Det er ikkje berre sal av tømmer som gir inntekt til skogeigaren. I tillegg kjem mellom anna tømmer til eige bruk, virke til ved, juletre og pyntegrønt, jaktutleige og nettotilvekst på skogen. Bruttoverdien på tømmeret som vert selt til industri er rundt 100 millionar i Møre og Romsdal. Industrien som foredlar dette tømmeret har gjerne ei omsetjing som er 10-12 gonger tømmerverdien.

Areal produktiv skog, fordelt på dominerande treslag i prosent



Kjelde: NIBIO

Ståande volum fordelt på treslag i prosent



Vekst i salet frå akvakultur

Akvakulturnæringa i Møre og Romsdal er prega av sykliske variasjonar, og salet har dei seinare åra variert kraftig både i selde tonn og i pris. I 2021 var salet av matfisk frå Møre og Romsdal på 221 988 tonn, ein auke på 132,6 prosent frå 2020. Verdien på det samla salet var på 11,0 milliardar kroner, ein auke på 146,5 prosent frå året før. For landet samla auka salet i tonn med 10,3 prosent, mens salet i verdi auka med 17,2 prosent.

Salet frå Møre og Romsdal utgjør 13,5 prosent av samla sal frå Noreg i vekt, og 13,7 prosent i verdi. Dei sykliske variasjonane i fylket ser ut til å ha ein motpart i Trøndelag, der dei har kraftig auke når Møre og Romsdal har nedgang, og omvendt. Dermed påverkar desse sykliske variasjonane i mindre grad tala for landet samla sett.

Fartøy frå fylket hadde høgast verdi på fangsten

Fangsten av fartøy frå fylket gjer at Møre og Romsdal framleis kan kalle seg fiskerifylket, med ein samla verdi i 2021 på 5,7 milliardar kroner. Det er mest av alle fylka, og utgjør om lag ein fjerdedel av den samla verdien til fangsten nasjonalt. Målt i tonn var fangsten frå fartøy frå Møre og Romsdal på 558 075 tonn, tredje mest, etter Nordland og Vestland. Nasjonalt var fangsten på 2,6 millionar tonn, til ein verdi på 23,2 milliardar kroner.

Det er pelagisk fisk, som til dømes sei og makrell, som utgjør mest av fangsten til fartøya frå fylket, med 347 125 tonn, det utgjorde 62,2 prosent av fangsten i 2021. Torsk og torskeartar stod for 29,1 prosent, mens flatfisk, skaldyr og bruskfisk utgjorde resten. Frå 2020 til 2021 gjekk fangsten med pelagisk fisk ned med -8,3 prosent. Torskefisk auka med 2,3 prosent, flatfisk auka med 27,7 prosent og skaldyr hadde ein auke på heile 91,7 prosent.


Akvakultur, sal av slakta matfisk per fylke, 2020–2021								
	Matfisk (tonn)		Endring 2020–2021		Matfisk (1 000 kr)		Endring 2020–2021	
	2020	2021	Tonn	Prosent	2020	2021	Tal	Prosent
Troms og Finnmark	303 919	363 584	59 665	19,6	13 650 020	17 295 474	3 645 454	26,7
Nordland	300 503	354 748	54 245	18,1	14 161 441	17 987 703	3 826 262	27,0
Trøndelag	328 323	246 710	-81 613	-24,9	15 770 775	12 407 867	-3 362 908	-21,3
Møre og Romsdal	95 454	221 988	126 534	132,6	4 470 682	11 019 180	6 548 497	146,5
Vestland	361 631	334 088	-27 543	-7,6	15 952 173	15 814 102	-138 071	-0,9
Rogaland	86 537	94 420	7 884	9,1	4 158 436	4 699 064	540 628	13,0
Øvrige fylker	11 639	25 000	13 362	114,8	547 353	1 276 970	729 616	133,3
Landet	1 488 005	1 640 538	152 533	10,3	68 710 881	80 500 360	11 789 479	17,2

Kjelde: Fiskeridirektoratet

Fangst i rundvekt (tonn) av fartøy frå Møre og Romsdal, etter art, 2017–2020						
	2018	2019	2020	2021	Endring 2019–2020	
					Tal	Prosent
Pelagisk fisk	407 024	353 584	378 441	347 125	-31 315	-8,3
Torsk og torskearta fisk	172 368	166 063	158 616	162 206	3 590	2,3
Flatfisk, anna botnfisk og djupvassfisk	20 602	24 771	29 760	38 004	8 245	27,7
Skaldyr, blautdyr og pigghuder	5 375	3 949	5 334	10 227	4 893	91,7
Bruskfisk (haifisk, skater, rokker og havmus)	476	538	560	512	-48	-8,6
Samla	605 846	548 904	572 711	558 075	-14 636	-2,6

Kjelde: Fiskeridirektoratet

Menge og verdi på fangst, norske fartøy, fordelt på fartøyets heimfylke, 2017–2020								
	Fangstverdi (1 000 kr)				Rundvekt (tonn)			
	2018	2019	2020	2021	2018	2019	2020	2021
Uoppgitt	102 919	128 545	138 742	98 223	173 785	167 670	157 232	162 274
Oslo	3 299	3 174	7 452	3 725	93	62	107	58
Rogaland	481 585	553 206	719 147	637 529	81 472	83 884	113 369	87 045
Møre og Romsdal	5 171 205	5 253 729	5 522 742	5 683 950	605 846	548 904	572 711	558 075
Nordland	4 477 815	4 677 178	4 580 171	4 509 712	618 897	593 664	606 416	623 651
Trøndelag	575 459	617 154	702 355	763 325	82 467	70 731	73 232	81 881
Viken	98 985	98 473	165 739	166 357	3 948	3 568	15 400	13 248
Vestfold og Telemark	60 882	57 235	54 032	47 207	1 139	909	979	807
Agder	463 947	511 149	568 556	509 733	34 575	49 017	55 556	40 208
Vestland	4 444 138	4 589 803	5 183 805	5 175 135	734 555	660 372	705 196	654 508
Troms og Finnmark	4 981 474	5 147 709	5 270 180	5 562 025	328 528	304 741	322 812	345 194
Landet	20 861 709	21 637 356	22 912 923	23 156 922	2 665 305	2 483 523	2 623 010	2 566 949



5. FORSKING OG UTVIKLING



Kjelde: Innovasjon Norge

Innovasjon Norge – viktig medspelar for forskning og utvikling i næringslivet


Innovasjon Norge bidreg med finansiering av prosjekt og kompetanse for å hjelpe norsk næringsliv. Ny kompetanse og kapital er viktig for å styrke næringslivet sitt fokus på forskning og utvikling. I 2021 bidro Innovasjon Norge med over 9,2 milliardar kr til utvikling og innovasjon i norske bedrifter og verksemder. I 2021 fekk heile 5 459 prosjekt finansiering frå Innovasjon Norge. Dette er ein nedgang frå 2020, då det var gjort ekstraordinære tildelingar som følgje av Koronapandemien. I 2020 vart det gitt støtte til 8 109 prosjekt, mens det i 2019 vart tildelt støtte eller finansiering til 4 600 prosjekt.

Innovasjon Norge gir både tilskot, garantiar og lån til verksemder. I 2021 fekk bedrifter og verksemder i Møre og Romsdal tilført lån, tilskot og garantiar frå Innovasjon Norge for 952 millionar kr. Dette fordelar seg på 294 millionar kr i tilskot, 37 millionar kr i garantiar og 621 millionar kr i lån. Det vart gitt tilskot til 220 prosjekt, 17 prosjekt fekk garantiar og det vart gitt lån til 55 prosjekt i 2021.

Nedgang i FoU-aktiviteten det første pandemiåret

Det var i Møre og Romsdal ein nedgang i FoU-aktiviteten i 2020. Dette må nok Koronapandemien ta noko av skulda for. Til dømes vart det brukt mindre middel til eigenutført FoU. Det vart i 2019 brukt 1 442 millionar i fylket til eigenutført FoU mot 1 281 millionar i 2020, ein nedgang på -161 millionar. Det var òg brukt 50 millionar mindre i 2020 enn i 2019 på innkjøpte tenester på FoU-området. Talet på tilsette som arbeider med FoU gjekk ned frå 2 231 tilsette i 2019 til 2 007 tilsette i 2020.

Tildelte middel frå Innovasjon Noreg til verksemder i Møre og Romsdal



Kjelde: SSB

Forskning og utviklingsarbeid i næringslivet, Møre og Romsdal, 2010–2020

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kostnader til eigenutført FoU (mill. kr)	627	498	695	695	794	1 289	1 161	1 318	1 301	1 442	1 281
Kostnader til innkjøpt FoU (mill. kr)	119	106	141	101	122	178	141	257	206	210	160
FoU-personale i alt	1 137	953	1 173	1 253	1 330	2 061	2 083	2 281	2 221	2 231	2 007
FoU-årsverk i alt	571	485	669	686	714	875	858	1 002	954	1 007	928
FoU-årsverk utført av personer med høyere grads utdanning, inkl. doktorgrad (årsverk)	287	203	333	351	293	442	430	405	475	485	484
Andel av virksomheter med FoU (prosent)	19	15	19	19	18	27	25	26	26	26	22
Egenutført FoU per sysselsatt (1 000 kr)	16	13	17	16	18	30	29	33	32	33	33

Tildelingar frå Innovasjon Norge og forskingsaktivitet i næringslivet



Skattefunn-ordninga – viktig verkemiddel for FoU-arbeidet i norsk næringsliv


Skattefunn-ordninga vart etablert i 2002 for å stimulere til satsing på forskning og utvikling (FoU) i norsk næringsliv. Ordninga er ei skatteinsentivordning og bedriftene har krav på skattefrådrag for sine FoU-kostnader etter retningslinjer utarbeidd av Finansdepartementet. Skattefunn er, i følge Forskningsrådet, mykje brukt. Berre dei siste 10 åra har det blitt tildelt 48,5 milliardar til forskning og utvikling i norske bedrifter frå denne ordninga. Forsking- og utviklingsarbeid er viktig for å skape nye produkt og utvikle allereie etablert teknologi. Det har dei siste åra vore retta mykje merksemd på «det grønne skifte». For å skape rom for forskning på ny grøn teknologi, er støtteordningar som «Skattefunn» veldig viktige.

I 2021 vart næringslivet i Møre og Romsdal tilført i overkant av 192 millionar kroner til forskning og utvikling frå Skattefunn-ordninga. Heile 308 prosjekt fekk støtte frå ordninga i 2021. I 2017 fekk næringslivet i fylket tildelt i overkant av 312 millionar, det er den største tildelinga det siste tiåret. I 2021 var det berre fylka Agder, Innlandet, Troms og Finnmark og Nordland som fekk mindre middel tildelt frå Skattefunn. Skattefunn-ordninga tilførte i 2021 næringslivet i Oslo om lag 1,5 milliardar kr. Næringslivet i Viken fekk til samanlikning tildelt i overkant av 800 millionar kr.

Tildeling på 4,8 milliardar



Ser vi heile landet under eitt vart det utbetalt 4,8 milliardar kr frå Skattefunn-ordning i 2021. Dette omfattar 6 266 prosjekt innanfor ei breitt fagspekter. Det er på teknologiområdet det er flest tildelingar, heile 5 359 prosjekt har fått støtte innan dette området i 2021.

Økonomisk støtte gjennom "Skattefunn-ordninga", Møre og Romsdal



Kjelde: Skattefunn/Norges forskningsråd

Tildelte midlar gjennom Skattefunn-ordninga, 2021 (i 1000 kr)



6. EKSPORT

Stadig nye eksportrekordar

Sterkt drive av høge prisar vart 2021 eit rekordår for eksporten frå Noreg. Samla fastlandseksport vart på 542,6 milliardar kroner, opp 22,4 prosent frå året før. Fastlandseksport er eksport av såkalla tradisjonelle varer og inkluderer ikkje råolje, naturgass, skip og oljeplattformer. Veksten frå 2020 til 2021 var på 99,2 milliardar kroner.

Fastlandseksporten frå Møre og Romsdal auka frå 42,6 til 47,8 milliardar kroner, ein vekst på 12,2 prosent frå 2020 til 2021. Det er tredje lågast av alle fylka, berre Viken og Innlandet hadde lågare relativt vekst enn Møre og Romsdal. Sterkast vekst hadde Vestland, med heile 41,1 prosent og Nordland med 28,6 prosent. Desse fylka, saman med veksten i eksport av varer med opphav frå fleire fylker, var grunnlaget for den høge nasjonale veksten.

Tala for perioden januar til august for 2022 fortel oss at denne utviklinga held fram. Samanlikna med same periode for 2021 har det vore ein vekst på 103,1 milliardar for landet samla i fastlandseksporten, medan den har auka med 6,4 milliardar i Møre og Romsdal. Det gir ein vekst på landsbasis på 30,4 prosent og i fylket på 21,8 prosent.

Møre og Romsdal hadde ei svakare utvikling i eksporten av fisk samanlikna med dei andre store fiskeeksportfylka. Verdien av eksporten hadde ein vekst frå 2020 til 2021 på 10,4 prosent. Det er lågare enn veksten i same periode for Vestland, Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark. Veksten i desse fylka var høgare. Lågast vekst hadde Trøndelag (12,5 prosent), mens den var høgast i Nordland, (26,2 prosent).

Fiskeeksporten frå Møre og Romsdal var i 2021 på om lag 21 milliardar og utgjorde 17,7 prosent av den nasjonale fiskeeksporten.

Kjelde: SSB


Fastlandseksport av tradisjonelle varer, etter produksjonsfylke, i millionar kroner.					
	2019	2020	2021	Endring 2020 - 2021	
				Mill. kr	Prosent
Viken	38 040	33 969	37 358	3 389	10,0
Oslo	7 924	9 327	11 130	1 803	19,3
Innlandet	12 032	11 233	12 284	1 051	9,4
Vestfold og Telemark	45 609	38 695	45 749	7 054	18,2
Agder	40 271	41 193	48 895	7 702	18,7
Rogaland	42 337	38 541	45 654	7 113	18,5
Vestland	89 265	73 799	104 107	30 308	41,1
Møre og Romsdal	45 144	42 579	47 773	5 194	12,2
Trøndelag	26 428	28 133	32 618	4 485	15,9
Nordland	31 688	29 866	38 404	8 538	28,6
Troms og Finnmark	19 465	17 674	20 284	2 610	14,8
Svalbard	83	31	69	38	122,6
Norske varer med opphav frå fleire fylker	15 557	14 392	30 440	16 048	111,5
Reeksport av varer produsert i utlandet	51 286	50 815	55 059	4 244	8,4
Uoppgjeve fylke	8 963	13 179	12 778	-401	-3,0
Landet	474 197	443 428	542 600	99 172	22,4

Kjelde: SSB

Fastlandseksport av varer, januar-august 2021-2022, i millionar kroner				
	Jan.-aug. 2021	Jan.-aug. 2022	Endring jan.-aug. 2021-2022	
			Mill. kr	Prosent
Viken	24 759	29 811	5 052	20,4
Oslo	6 884	7 248	364	5,3
Innlandet	7 856	9 724	1 868	23,8
Vestfold og Telemark	31 303	32 242	939	3,0
Agder	31 764	32 190	426	1,3
Rogaland	28 525	36 714	8 189	28,7
Vestland	63 181	89 755	26 574	42,1
Møre og Romsdal	29 394	35 809	6 415	21,8
Trøndelag	20 308	27 742	7 434	36,6
Nordland	23 822	33 577	9 755	40,9
Troms og Finnmark	12 057	15 882	3 825	31,7
Svalbard	30	0	-30	-100,0
Norske varer med opphav frå fleire fylker	16 029	41 140	25 111	156,7
Reeksport av varer produsert i utlandet	34 819	41 196	6 377	18,3
Uoppgjeve fylke	8 457	9 272	815	9,6
Landet	339 189	442 303	103 114	30,4

Kjelde: SSB

Eksport av fisk, etter fylke, 2020 og 2021



7. KULTUR

Frivilligheita – limen i samfunnet

I 2022 er det frivilligheita sitt år i Noreg. Dette blir feira av lag og foreningar over heile landet med eit breitt spekter av aktivitetar og arrangement. For mange menneske betyr fritidsaktivitetar og frivillig arbeid mykje, mange får eit rikare liv gjennom slik aktivitet. Opplevinga av eit sosialt fellesskap og det å skape noko saman er viktig for mange. Lag og foreningar er viktige for lokalsamfunna, dei skapar møteplassar og sosiale arenaer for innbyggjarane.


Nesten ein fjerdedel av befolkninga i Møre og Romsdal deltek ikkje i organisert aktivitet

Våren 2021 gjennomførte Møre og Romsdal fylkeskommune, i samarbeid med Folkehelseinstituttet, ei folkehelseundersøking i fylket. I denne undersøkinga var det med spørsmål knytt til fritidsaktivitetar og frivillig arbeid. Resultata frå denne undersøkinga viser at det er langt frå alle som deltek i fritidsaktivitetar.


På spørsmålet om «Kor ofte deltek du i organisert aktivitet, som til dømes idrettslag, politiske lag, trussamfunn, kor eller liknande?», er det innbyggjarane i Kristiansund kommune som har høgst svarprosent på at dei aldri deltek i organisert aktivitet på fritida. Det var 29,9 prosent av kristiansundarane som svarte at dei aldri deltek i slik aktivitet.

Høgast del som oppgga at dei ikkje deltek på aktivitetar som møte, å treffe venner, trimturar med venner/kollegaer var det i Vanylven kommune. Eit gjennomsnitt av resultata viser at 23,8 prosent av innbyggjarane i Møre og Romsdal aldri deltek på ein organisert aktivitet, og 4,4 prosent ikkje deltek i uorganisert sosial aktivitet.

Kjelde: Folkehelseundersøkinga 2021



Kjelde: Folkehelseundersøkinga 2021



Pandemien set preg på helsestasjon- og skolehelsetenesta


Helsestasjon er eit tilbod til barn frå 0-5 år. Målet er at; foreldre skal oppleve meistring, ein skal fremme fysisk, psykisk og sosial utvikling hos sped- og småbarn, forebygge og avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt og bidra til å avdekke avvik, og følgje opp og visa vidare til andre tenester. Skolehelsetenesta er eit tilbod for dei mellom 5 og 20 år. Barn, ungdom og foreldre skal få råd og rettleiing for å fremme psykisk og fysisk helse, og for å forebygge sjukdom og skader.

KOSTRA-tala om kommunehelse er tal som kommunane sjølve har rapportert til SSB. SSB opplyser at det er ein større auke enn normalt mellom 2020 og 2021 i rapporterte årsverk i helsestasjon- og skolehelsetenesta, og at fleire kommunar har inkludert midlertidig tilsett personell som har bidrege med koronavirusing.


Frå 2020 til 2021 har 16 kommunar i Møre og Romsdal ein auke i talet på årsverk i helsestasjon- og skolehelsetenesta, mens 7 kommunar har uendra tal. Resten av kommunane har ein nedgang. Av byane er det Kristiansund som har flest årsverk med 66,7 årsverk per 10 000 innbyggjarar i aldersgruppa 0-20 år. Molde og Ålesund ligg nokså likt, og noko under Kristiansund.

Både i 2020 og i 2021 har kommunane omdisponert personell frå helsestasjon- og skolehelsetenesta til å handtere korona. Oversikt over fylka viser at Vestlandet og Innlandet hadde størst del kommunar med omdisponert personell, medan Agder har lågast del omdisponert personell. I Møre og Romsdal var det 73 prosent av kommunane i 2020 som omdisponerte personell, medan det var 80 prosent i 2021. Det er særleg helsesjukepleiarar som er omdisponert. Tenesta har vore styrka dei siste åra, men aktiviteten i 2021 har vore lågare enn i eit normalår. Det er vanskeleg å vite kva som er reell vekst dei to siste åra.

Avtalte årsverk i helsestasjon- og skolehelsetenesten per 10 000 innbyggjarar 0-20 år (årsverk)



Del kommunar som har omdisponert personell frå helsestasjon- og skolehelsetenesta på grunn av korona, prosent



* For Oslo kommune er bydelane nytta til å berekne delen.



Mangel på brøyting og strøing til hinder for framkomst til offentlege møtestadar

Universell utforming er å planlegge utforminga av miljøet på ein slik måte at det kan nyttast av så mange menneske som mogleg, der hensikta er å oppnå lik samfunnsdeltaking og motverke diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne.


Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal inneheld spørsmål om universell utforming, blant anna inneheld den spørsmål om ein opplev vanskar med å besøke butikkar, serveringsstadar eller offentlege tenester og møteplassar. Her er manglande strøing og brøyting det som skapar vanskar for flest.

Heile 64 prosent svarar i folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal (2021) at manglande brøyting og strøing av og til eller ofte er eit hinder for å besøke butikkar, serveringsstadar eller offentlege tenester og møteplassar. Tala viser at det er dei eldste (70 år +) og dei yngste (18 - 29 år) som opplev i størst grad at brøyting og strøing er til hinder for bruk av tilbod og møteplassar. Blant dei som svarer at dei opplever dårleg brøyting og strøing så ofte at dei ikkje går ut på grunn av det, er det flest i alderen 18 - 29 år.



Mange manglar trinnlaus framkomst til eigen bustad

Universell utforming av private bustadar er viktig for at fleire skal kunne bu heime lenger. I folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal blei det også samla inn informasjon om kor mange av deltakarane som har trinnlaus framkomst til eigen bustad. Om lag to av tre av dei som svarte på undersøkinga rapporterer at dei ikkje har trinnlaus tilgang inn og ut av eigen bustad. Her er det Sunndal kommune som kjem dårlegast ut, der 83,3 prosent svarar at dei ikkje har trinnlaus framkomst til eigen bustad. Hareid kommune kjem best ut, der 39 prosent rapporterer trinnlaus framkomst.

Når du er ute, kor ofte opplever du at følgjande gjer det vanskeleg å besøke butikkar, serveringsstader eller offentlege tenester og møteplassar: Dårlig brøyting og strøing. Prosent



Har bustaden din noko av følgjande: Trinnlaus tilgang inn og ut av bustaden? Prosent



Høg oppslutning om tilskot innan kulturminnevern i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommunen forvaltar årleg både statlege og fylkeskommunale midlar knytt til fleire tilskotsordningar innan kulturminnevern.

I samband med regionreforma har ansvaret for fordeling av tilskot knytt til teknisk og industrielle kulturminne, fartøyvern, brannsikring av tette trehusområde og tilskot til freda middelalderhus i privat eige frå før 1537 blitt overført frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. I 2022 delte Riksantikvaren ut øymerke midlar til prosjekt knytt til historiske ferdselsårer i fylkeskommunane (frivillighetens år).

Dei fylkeskommunale tilskotsordningane knytt til kulturminnevern består av tilskot til kystkultur/fiskevær, regionale kulturminne og kulturmiljø, og skjøtsel, skilting, merking og mindre friluftstiltak. Dette tilskotet er delt mellom seksjon for kulturarv og seksjon for folkehelse, idrett og friluftsliv.

I perioden 2019–2022 vart det registrert 366 tilskotsøknadar innan kulturminnevern i Møre og Romsdal. Samla søknadssum blant dei statleg finansierte tilskotsordningane i perioden 2019–2022 var på 97,1 millionar kroner. Tilskotsordningane med høgast søknadssum var freda kulturminne i privat eige og fartøyvern. Teknisk og industrielle kulturminne scorar også høgt då det i 2021 kom inn søknadar på over 17 millionar kroner. Tildelt sum frå Riksantikvaren i perioden 2019–2022 var på 36,4 millionar kroner, og det blei utbetalt 36,8 millionar kroner.

Samla søknadssum blant dei fylkeskommunale tilskotsordningane var i perioden 2019–2022 på 50,8 millionar kroner. Tilskotsordninga for kulturminne og kulturmiljø av regional verdi hadde dei høgaste søknadssummane. Tildelt sum frå fylkeskommunen var på 6,4 millionar kroner, og totalt blei det utbetalt 7,6 millionar kroner.


Tilskot til kulturminnevern i Møre og Romsdal 2019–2022

Statleg tilskotsordningar 2019–2022	Søknadstal	Søknadssum	Ramme	Tildelt
Freda kulturminne i privat eige	55	28 518 813	15 650 000	16 257 000
Teknisk og industrielle kulturminne	18	19 340 000	2 015 000	1 521 000
Brannsikring av tette trehusområde	9	7 750 000	4 350 000	3 232 000
Fartøyvern	27	27 132 430	5 950 000	8 200 000
Bygningar og anlegg i verdsarvområdet	33	11 697 474	7 500 000	7 568 500
Freda middelalderhus frå før 1537	1	31 000	31 000	31 000
Tilrettelegging av historiske ferdselsårer 2022	26	1 681 590	252 000	
Sum	168	97 159 957	36 434 000	36 809 500
Fylkeskommunale tilskotsordningar 2019–2022	Søknadstal	Søknadssum	Ramme	Tildelt
Skjøtsel, skilting og tilrettelegging	83	7 956 220	2 000 000	2 836 000
Kystkultur/fiskevær	6		400 000	400 000
Kulturminne og kulturmiljø med regional og høg lokal verdi	109	42 890 338	4 000 000	4 366 000
Sum	198	50 846 558	6 400 000	7 602 000

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



Møre og Romsdal bruker minst pengar i landet på kultursektoren

Kommunane i Møre og Romsdal ligg lågast i landet på lista når det gjeld netto driftsutgifter til den samla kultursektoren. Mens Møre og Romsdal samla bruker 3,0 prosent av dei totale driftsutgiftene på kultur, blir nærmare 4 prosent eller meir av dei totale driftsutgiftene brukt på kultur i dei andre fylka.

Det er store skilnader på kor mykje som blir brukt per kommune. I Møre og Romsdal ligg Sunndal kommune høgst med 5,2 prosent, tett følgt av Ulstein og Smøla. I den andre enden bruker Averøy, Sande, og Giske kommune minst pengar på kultursektoren.

I ei liste over alle kommunar i Noreg, er Sunndal kommune på 52. plass i Noreg, mens Giske kommune er nede på 353. plass av 357 kommunar.

...og på aktivitet for barn og unge

Det er framleis store skilnader i bruk av midlar mellom kommunane til aktivitet for barn og unge. Nokre kommunar bruker meir pengar på barn og unge enn i 2020, men dei fleste bruker mindre.

I snitt er Møre og Romsdal det einaste fylket som bruker mindre pengar på aktivitetsmidlar til barn og unge enn i fjor. Oslo bruker framleis mest, og landsgjennomsnittet utan Oslo er på 180,9 kroner per innbyggjar. Det er langt over Møre og Romsdal som er nede på 55,0 kroner per innbyggjar.

...men mest på kulturskole!

Når det gjeld pengar brukt på kulturskole, er Møre og Romsdal som i 2021 det fylket som har størst netto driftsutgifter til kulturskole per innbyggjar. Frå i fjor har netto driftsutgiftene til kulturskole i Møre og Romsdal auka med 17 kroner per innbyggjar. Her er landsgjennomsnittet utan Oslo på 365,1 kroner i netto driftsutgifter per innbyggjar og Møre og Romsdal bruker 434 kroner per innbyggjar.


Netto driftsutgifter til kulturformål, per kommune						
	Prosent av netto driftsutgifter til kultur per kommune*			Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud for barn og unge i kroner per innbyggjar per kommune*		
	2019	2020	2021	2019	2020	2021
Kristiansund	4,1	3,0	2,4	49	43	-66
Molde	-	3,3	3,9	-	96	97
Ålesund	-	3,0	2,7	-	51	17
Vanylven	3,4	1,7	2,3	541	-122	216
Sande	1,9	1,9	1,9	12	47	71
Herøy	4,1	3,7	3,9	159	162	224
Ulstein	5,5	5,2	5,1	163	171	124
Hareid	2,1	2,5	2,4	54	12	2
Ørsta	3,1	3,1	2,9	65	62	64
Stranda	2,2	2,0	2,0	8	15	-4
Sykkylven	3,4	3,4	3,2	27	19	25
Sula	2,2	2,1	2,2	105	83	122
Giske	2,0	1,5	1,3	28	11	1
Vestnes	3,0	3,0	2,7	9	2	-21
Rauma	3,2	2,9	2,9	120	70	63
Aukra	4,0	3,8	3,0	345	296	363
Averøy	1,9	1,9	1,9	53	44	35
Gjemnes	3,3	4,2	3,3	112	17	11
Tingvoll	3,5	3,5	3,5	117	118	67
Sunndal	4,5	4,8	5,2	242	239	294
Surnadal	4,5	5,0	4,6	81	105	116
Smøla	5,8	4,6	5,1	108	90	85
Aure	2,6	2,5	2,1	61	31	27
Volda	-	2,2	2,5	-	92	65
Fjord	-	4,0	3,5	-	31	15
Hustadvika	-	2,1	2,0	-	20	16

* Dei kommunane som oppstod etter kommune- og regionreforma har ikkje tal for 2019.

Netto driftsutgifter til kulturformål, per fylke				
Fylke	Prosent av netto driftsutgifter til kultur		Utgifter til aktivitetstilbud for barn og unge i kroner per innbyggjar	
	2020	2021	2020	2021
Viken	3,8	4,1	197	206
Oslo	4,7	5,6	639	732
Innlandet	3,8	3,9	133	146
Vestfold og Telemark	3,8	3,9	137	162
Agder	4,2	4,4	185	220
Rogaland	4,8	4,9	201	204
Vestland	4,1	4,0	127	144
Møre og Romsdal	3,1	3,0	68	55
Trøndelag	4,4	4,5	192	221
Nordland	4,0	3,9	166	200
Troms og Finnmark	3,9	3,8	212	251

Kjelde: SSB / Kostra

Netto driftsutgifter til kulturskole i beløp per innbyggjar		
Fylke	2020	2021
Viken	260	278
Oslo	127	149
Innlandet	348	380
Vestfold og Telemark	265	295
Agder	277	283
Rogaland	356	403
Vestland	325	342
Møre og Romsdal	417	434
Trøndelag	373	406
Nordland	387	414
Troms og Finnmark	386	416



Størst auke for Møre og Romsdal i nasjonal lesekampanje for barn

Sommarles er ein nasjonal, digital lesekampanje for alle barn i 1.–7. klasse i regi av biblioteka som oppfordrar barn til å lese gjennom heile sommaren. Alle kommunar i Møre og Romsdal deltek i kampanjen, der Smøla og Sunndal hadde størst oppslutning der over 70 prosent av alle barn i målgruppa deltok.

Etter ein nedgang i deltakarar i 2020, gjekk tala opp med 12 prosent i 2021. Møre og Romsdal hadde då den største prosentvise auka i landet. Berre Rogaland, Trøndelag og Agder hadde større totaloppslutning enn Møre og Romsdal. I 2021 leste 8 540 barn i Møre og Romsdal 124 000 bøker og over 12 millionar sider litteratur.

Bibliotekarane blir færre og har mindre å rutte med


Medieutgifter viser kor mykje biblioteka har brukt til innkjøp av fysisk og digitalt materiale som blir gjort tilgjengeleg for utlån eller bruk i biblioteka. Dette kan inkludere bøker, filmar, spel og aktivitetsmateriale.

I gjennomsnitt bruker biblioteka i Møre og Romsdal 25,50 kr per innbyggjar, mens landsgjennomsnittet er på kr 27,40. Seks kommunar i Møre og Romsdal brukte under kr 20 per innbyggjar i 2021. Fjord og Aukra kommune er dei to einaste som brukte over kr 50 per innbyggjar. Av 26 kommunar i fylket hadde heile 15 mindre å kjøpe bøker og anna materiale for, enn året før.

I biblioteka i fylket var det i 2021 til saman 74,9 årsverk fordelt på 109 tilsette. Dette er ein nedgang frå året før på over éi heil stilling. Det er 6 fylke som har hatt ein negativ utvikling i tal på årsverk frå 2020 til 2021. Møre og Romsdal er fylket med færrest årsverk totalt, med 2,8 årsverk per 10 000 innbyggjarar og einaste fylket som ligg under 3 årsverk.


Kjelde: Sommarles.no

Prosentvis oppslutning på Sommarles





Kjelde: SSB

Årsverk i biblioteka per 10 000 innbyggjar



Kjelde: SSB

Medieutgifter i biblioteka per innbyggjar (kr)



Meir spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, men dei dekker liten del av kostnadane

Det var meir spelemidlar i potten til anlegg for idrett og fysisk aktivitet enn nokon gong før i 2022. For første gong var det meir enn 100 millionar kroner til fordeling i Møre og Romsdal. Midlane vart fordelt på 104 søknader av i alt 197 godkjente søknader.

Mest spelemidlar gjekk til Ålesund, Molde og Kristiansund. Minst gjekk til Gjemnes, Sande og Vanylven. Om vi ser på kven som søkte om mest midlar så var det Molde, Ålesund og Volda. Dei som søkte om minst var Gjemnes, Sande og Smøla.

Det er likevel stor forskjell på kor mykje av anleggskostnadane som blir dekt av spelemidlane for høvesvis nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Nærmiljøanlegg er anlegg for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Eit typisk eksempel er ein ballbinge. Ordinære anlegg er anlegg for både organisert og uorganisert idrett og fysisk aktivitet. Eit typisk eksempel er ein fotballbane for trening og kampar.

For nærmiljøanlegg dekte spelemidlane i gjennomsnitt 44 prosent av dei totale anleggskostnadane. I gjennomsnitt 8 prosent av anleggskostnadane for ordinære anlegg vart dekt av spelemidlane. Dette talet seier likevel ikkje alt om dekninga. Kvart år blir tilskotet til 10-15 søknader delt opp over 2-4 år på grunn av størrelsen på søknadsbeløpet. Det betyr at ein søknad som blir imøtekome med 5 millionar kroner i 2022 potensielt kan få 5 millionar kroner til kvart år dei tre neste åra, altså 20 millionar kroner til saman.

I tillegg får dei aller fleste meirverdiavgiftskompensasjon frå staten for tilskotsberettiga kostnader ved bygging av idrettsanlegg. Dei som bygger nærmiljøanlegg får dermed i gjennomsnitt godt over halvparten av kostnadane dekt av spelemidlar og meirverdiavgiftskompensasjon.


Godkjent søknadssum og tildeling spelemidlar per kommune 2022

Kommune	Tal søknader	Tal godkjente søknadar	Samla søknadssum	Godkjent søknadssum	Tildelt
Kristiansund	9	9	21 492 514	17 072 000	8 706 000
Molde	24	24	74 055 978	71 479 978	13 197 000
Ålesund	28	28	56 437 000	53 137 000	21 163 000
Vanylven	3	3	5 688 000	5 688 000	388 000
Sande	1	1	3 625 000	300 000	300 000
Herøy	3	3	12 900 000	12 900 000	2 900 000
Ulstein	8	8	37 824 667	30 510 000	5 498 000
Hareid	1	1	7 116 000	7 116 000	2 372 000
Ørsta	11	11	17 071 000	15 721 000	3 096 000
Stranda	4	4	16 087 000	1 087 000	787 000
Sykkylven	4	4	2 389 000	2 389 000	1 389 000
Sula	5	5	3 066 187	2 213 000	2 213 000
Giske	9	9	11 072 000	10 421 000	3 453 000
Vestnes	5	5	1 996 000	1 996 000	1 996 000
Rauma	14	14	12 678 000	12 678 000	2 022 000
Aukra	3	3	18 515 000	18 515 000	3 327 000
Averøy	10	10	15 114 000	15 114 000	2 602 000
Gjemnes	1	1	736 000	147 000	147 000
Tingvoll	7	7	17 282 000	16 082 000	4 634 000
Sunnadal	7	7	3 524 000	3 224 000	2 176 000
Surnadal	4	4	3 542 000	2 392 000	1 881 000
Smøla	1	1	663 000	663 000	663 000
Aure	2	2	1 469 000	1 469 000	469 000
Volda	14	14	32 628 000	30 548 000	8 112 000
Fjord	8	8	16 982 000	15 227 000	3 233 000
Hustadvika	11	11	11 098 000	11 098 000	4 594 000
Totalt	241	197	405 051 346	359 186 978	101 318 000

Kjelde: Anleggsregisteret.no/KD

Del spelemidlar av totale kostnader i Møre og Romsdal

Anleggsklasse	Totale kostnader	Tilskot	Del tilskot av kostnader
Nærmiljøanlegg	25 916 693	11 352 000	44%
Ordinære anlegg	1 139 100 343	89 966 000	8%
Totalt	1 165 017 036	101 318 000	9%



8. UTDANNING OG KOMPETANSE

Reduksjon i talet på grunnskoleelevar

Mange kommunar har over tid hatt nedgang i talet på barn og unge, dette fører sjølvstalt til færre elevar i grunnskolen. Med låge fødselstal dei siste åra er det grunn til å tru at dette er ei utvikling som vil halde fram. Ein auke i innvandringa kan motverke denne utviklinga, til dømes har det i løpet av første halvår 2022 kome barn frå Ukraina til kommunane i fylket. Dette vil påverke elevtala i grunnskolen skoleåret 2022–2023, for desse kommunane.

Ser vi heile fylket under eitt har nedgangen i talet på elevar i barneskolealder dei siste tre åra vore på –814 elevar. Frå 2018 til 2021 har nedgangen i talet på ungdomsskoleelevar vore meir moderat med –93 elevar i fylket.

Talet på kommunale skolar går ned

Talet på kommunale grunnskolar i fylket har over tid gått ned. Sidan 2016 er talet redusert med 20 skolar, frå 181 til 161. Dette gir ein prosentvis nedgang på 11,0 prosent i denne perioden. Frå 2020 til 2021 vart 4 kommunale grunnskolar lagt ned i Møre og Romsdal. Den store elevtalsnedgangen i mange kommunar er hovudårsaken til at skolar har blitt lagt ned. Skolestruktursaker er vanskelege for kommunane og fører ofte til krevjande politiske debattar i formannskap og kommunestyre. Likevel er utfordringa i mange kommunar å balansere ressursbruken i den enkelte sektor. Den store nedgangen i talet barn og unge gir lågare statlege overføringar, som resulterer i at fleire kommunar må ta ned ressursbruken i grunnskolen og i tilboda elles til barn og unge.

Talet på private grunnskolar i fylket har halde seg stabilt på 19 skolar sidan 2016. Det er med andre ord ikkje slik at ein nedlagt skule i ein kommune, nødvendigvis fører til etablering av ein privatskole.

Kjelde: SSB

Tal elevar i grunnskolen (kommunale og private), etter kommune						
	Barneskole (1.-7. trinn)			Ungdomsskole (8.-10. trinn)		
	2018	2021	Endring 2018– 2021	2018	2021	Endring 2018– 2021
Kristiansund	1 981	1 818	-163	857	863	6
Molde	2 620	2 592	-28	1 176	1 106	-70
Ålesund	5 621	5 532	-89	2 406	2 446	40
Vanylven	198	185	-13	108	80	-28
Sande	160	144	-16	91	70	-21
Herøy	799	733	-66	386	361	-25
Ulstein	759	748	-11	370	302	-68
Hareid	463	469	6	193	188	-5
Ørsta	992	946	-46	376	416	40
Stranda	337	300	-37	144	150	6
Sykkylven	702	647	-55	283	315	32
Sula	958	990	32	338	366	28
Giske	833	840	7	349	369	20
Vestnes	530	521	-9	234	253	19
Rauma	622	591	-31	290	245	-45
Aukra	345	305	-40	198	224	26
Averøy	526	492	-34	233	214	-19
Gjemnes	222	212	-10	106	103	-3
Tingvoll	240	212	-28	121	98	-23
Sunnadal	477	498	21	277	219	-58
Surnadal	454	421	-33	187	207	20
Smøla	169	137	-32	70	64	-6
Aure	273	235	-38	124	118	-6
Volda	774	798	24	352	407	55
Fjord	223	178	-45	114	110	-4
Hustadvika	1 184	1 104	-80	485	481	-4
Møre og Romsdal	22 462	21 648	-814	9 868	9 775	-93

Kjelde: SSB

Talet på kommunale og private grunnskolar i Møre og Romsdal, 2016–2021												
	2016		2017		2018		2019		2020		2021	
	Kommunal	Privat	Kommunal	Privat	Kommunal	Privat	Kommunal	Privat	Kommunal	Privat	Kommunal	Privat
Kristiansund	13	0	12	0	12	0	12	0	12	0	12	0
Molde	17	2	17	2	17	2	17	2	17	2	16	2
Ålesund	33	7	33	7	32	7	32	7	31	7	31	7
Vanylven	3	0	3	0	3	0	3	0	3	0	3	0
Sande	5	0	5	0	5	0	5	0	3	0	3	0
Herøy	7	1	7	1	7	1	7	1	7	1	7	1
Ulstein	5	0	5	0	5	0	5	0	5	0	5	0
Hareid	4	1	4	1	4	1	4	1	4	1	4	1
Ørsta	7	1	7	1	7	1	7	1	7	1	7	1
Stranda	5	0	5	0	5	0	4	0	4	0	4	0
Sykkylven	6	2	6	2	5	2	5	2	5	2	5	2
Sula	5	0	5	0	5	0	5	0	5	0	5	0
Giske	5	0	5	0	5	0	5	0	5	0	5	0
Vestnes	4	1	4	1	4	1	4	1	4	1	4	1
Rauma	6	1	6	1	6	1	6	1	5	1	5	1
Aukra	2	0	2	0	2	0	2	0	2	0	2	0
Averøy	5	1	4	1	4	1	3	1	3	1	3	1
Gjemnes	2	1	2	1	2	1	2	1	2	1	2	1
Tingvoll	3	0	3	0	3	0	3	0	3	0	3	0
Sunnadal	6	0	6	0	6	0	6	0	6	0	6	0
Surnadal	6	0	6	0	6	0	6	0	6	0	4	0
Smøla	3	0	2	0	2	0	2	0	2	0	2	0
Aure	5	0	5	0	5	0	4	0	3	0	3	0
Volda	9	1	9	1	9	1	8	1	8	1	7	1
Fjord	3	0	3	0	3	0	3	0	3	0	3	0
Hustadvika	12	0	12	0	11	0	11	0	10	0	10	0
Møre og Romsdal	181	19	178	19	175	19	171	19	165	19	161	19


Store forskjellar i tildelinga av spesialundervisning i grunnskolen

Spesialundervisninga er heimla i opplæringslova § 5.1 og skal gis til elevar som ikkje har utbyte av den ordinære undervisninga. På bakgrunn av ei sakkunnig utgreiing skal kommunane fatte enkeltvedtak og det skal utarbeidast ein individuell opplæringsplan (IOP), som skal skissere opplæringa til eleven. Ser vi heile landet under eitt får 7,8 prosent av elevane i grunnskolen spesialundervisning, i Møre og Romsdal får 9,6 prosent av elevane eit slik tilbud. I 20 av kommunane i fylket ligg delen elevar som får vedtak om spesialundervisning over det nasjonale snittet. Det er variasjon kommunane mellom i forhold til kor stor del av elevmassen som får tildelt spesialundervisning. I dei små kommunane vil nokre få elevar gi eit stort prosentvis utslag. Sjølv om dette er tatt omsyn til, er variasjonen stor mellom kommunane. Det varierer frå 5 prosent til over 20 prosent av elevane som har fått vedtak om spesialundervisning. Om dette skuldast store variasjonar i elevføresetnadene, ulik praksis i sakkunnigarbeidet, eller korleis den enkelte kommune organiserer den ordinære opplæringa i grunnskolen, er vanskeleg å seie.

Elevane i Sande har flest grunnskolepoeng

Skoleåret 2021/2022 var det elevane i Sande kommune som gjekk ut av grunnskolen med flest grunnskolepoeng. Elevane i Sande hadde i snitt 45,5 grunnskolepoeng ved avslutninga av grunnskolen, til samanlikning var snittet på 43,2 poeng for alle elevane i fylket. Elevane i grunnskolen har dei siste åra gått ut med fleire grunnskolepoeng enn tidlegare. Dei siste tre skoleåra har skolen vore sterkt påverka av Covid-19 pandemien. Som følgje av den krevjande opplærings situasjonen elevane har vore i, har avgangseksamen blitt avlyst. Då elevane tradisjonelt gjer det dårlegare til eksamen enn til standpunkt, er dette hovudårsaka til auken i grunnskolepoeng.


Kjelde: SSB



Kjelde: Udir

Grunnskolepoeng, kommunar i Møre og Romsdal

	Skoleåret 2019–2020	Skoleåret 2020–2021	Skoleåret 2021–2022
Kristiansund	42,6	43,2	42,5
Molde	43,1	43,4	43,1
Ålesund	43,9	43,2	43,7
Vanylven	44,8	44,6	44,0
Sande	40,9	44,1	45,5
Herøy	43,3	42,6	44,9
Ulstein	41,5	43,2	44,3
Hareid	43,3	41,8	40,4
Ørsta	43,4	42,8	41,8
Stranda	42,6	42,7	41,4
Sykkylven	42,1	41,8	43,2
Sula	42,6	43,8	42,2
Giske	42,9	43,5	42,2
Vestnes	41,9	42,3	44,9
Rauma	43,1	43,5	45,0
Aukra	43,8	43,3	43,0
Averøy	43,5	42,9	42,9
Gjemnes	47,6	46,0	43,1
Tingvoll	43,3	40,8	42,5
Sunnadal	41,5	39,8	40,5
Surnadal	42,4	42,8	43,0
Smøla	41,4	41,4	42,6
Aure	42,2	43,5	43,3
Volda	42,9	42,1	44,2
Fjord	43,2	44,7	43,1
Hustadvika	42,8	43,0	41,9
Møre og Romsdal	43,1	43,0	43,2
Landet	43,2	43,3	43,4



Nedgang i søkinga til vidaregåande opplæring

Skoleåret 2022/2023 var det 3 563 søkarar med ungdomsrett som søkte skoleplass på Vg1 mot 3 671 søkarar skoleåret 2021/2022, ein nedgang på -108 søkarar. Møre og Romsdal har over tid hatt god søking til yrkesfaga, skoleåret 2022/2023 var det 58 prosent av søkarane som ønska opptak på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Dette er ein liten nedgang frå skoleåret 2021/2022, då 59 prosent av søkarane søkte yrkesfagleg utdanning.

Til seks av utdanningsprogramma var det nedgang i søkinga til skoleåret 2022/2023, størst prosentvis nedgang var det til utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk med -20 prosent. IT og medieproduksjon hadde ein nedgang i søkartalet på -18 prosent. Det største yrkesfaglege utdanningsprogrammet, Helse- og oppvekst, hadde 499 søkarar til skoleåret 2022/2023, ein nedgang frå førre skoleår på 40 søkarar. Flest søkarar er det til utdanningsprogrammet Studiespesialisering med 966 søkarar. Programmet hadde ein nedgang på -85 søkarar eller 8 prosent i forhold til skoleåret 2021/2022.

Fleire jenter ønsker seg inn i byggenæringa

I mange tiår har søkinga til vidaregåande opplæring vore veldig tradisjonell. Sett på spissen har jenter søkt studiespesialisering og helse- og oppvekst og gutane har søkt dei tekniske faga som Teknologi- og industrifag, Elektrofag og Bygg- og anleggsgfag. Framleis er det langt fleire gutar som søker desse faga, men dei siste åra er det fleire jenter som har søkt Bygg- og anleggsteknikk og Teknologi- og industrifag. Skoleåret 2022/2023 var 18,9 prosent av søkarane til Bygg og anleggsteknikk jenter, ein oppgang frå 9,6 prosent skoleåret 2020/2021.

Søkarar til Vg1 til fylkeskommunale skolar i Møre og Romsdal etter utdanningsprogram (1. ønske/ungdomsrett)						
Utdannings- type	Utd.program- kode	Utdanningsprogram	Tal 1. ønske søkarar		Endring siste år	
			2021/2022	2022/2023	Tal søkarar	Prosent
ST	ID	Idrettsfag	243	284	41	17
ST	KD	Kunst, design og arkitektur	89	92	3	3
ST	MD	Musikk, dans og drama	127	127	0	0
ST	ME	Medier og kommunikasjon	12	17	5	42
ST	ST	Studiespesialisering	1 051	966	-85	-8
Talet på søkarar til studieførebuande utdanningsprogram			1 522	1 486	-36	-2
YF	BA	Bygg- og anleggsteknikk	205	164	-41	-20
YF	DT	Håndverk, design, produktutvikling	15	21	6	40
YF	EL	Elektro og datateknologi	294	301	7	2
YF	FD	Frisør, blomst, int, eksp.design	64	70	6	9
YF	HS	Helse- og oppvekstfag	539	499	-40	-7
YF	IM	IT og medieproduksjon	83	68	-15	-18
YF	NA	Naturbruk	200	230	30	15
YF	RM	Restaurant- og matfag	112	114	2	2
YF	SR	Salg, service og reiseliv	101	94	-7	-7
YF	TP	Teknologi- og industrifag	536	516	-20	-4
Talet på søkarar til yrkesfaglege utdanningsprogram			2 149	2 077	-72	-3
Samla tal søkarar			3 671	3 563	-108	-3
Søkarar til studieførebuande utdanningsprogram i prosent			41%	42%		
Søkarar til yrkesfaglege utdanningsprogram i prosent			59%	58%		


Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Tal søkarar til Vg1 på fylkeskommunale vidaregåande skolar i Møre og Romsdal per skoleår etter utdanningsprogram og kjønn. Søkarar med ungdomsrett, 1. ønske, per mars									
	2020		2021		2022		2020	2021	2022
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Del kvinner	Del kvinner	Del kvinner
Bygg- og anleggsteknikk	18	170	26	179	31	133	9,6	12,7	18,9
Elektro og datateknologi	42	351	24	270	28	273	10,7	8,2	9,3
Frisør, blomst, int, eksp. design	56	5	63	1	63	7	91,8	98,4	90,0
Helse- og oppvekstfag	452	68	462	77	440	59	86,9	85,7	88,2
Håndverk, design, produktutv.	13	6	14	1	16	5	68,4	93,3	76,2
Idrettsfag	135	177	97	146	134	150	43,3	39,9	47,2
IT og medieproduksjon	6	55	10	73	16	52	9,8	12,0	23,5
Kunst, design og arkitektur	56	16	77	12	81	11	77,8	86,5	88,0
Medier og kommunikasjon	11	11	10	2	12	5	50,0	83,3	70,6
Musikk, dans og drama	106	44	89	38	83	44	70,7	70,1	65,4
Naturbruk	32	142	48	152	57	173	18,4	24,0	24,8
Restaurant- og matfag	46	56	52	60	58	56	45,1	46,4	50,9
Salg, service og reiseliv	62	42	59	42	57	37	59,6	58,4	60,6
Studiespesialisering	688	458	647	404	567	399	60,0	61,6	58,7
Teknologi- og industrifag	73	409	100	436	92	424	15,1	18,7	17,8
Totalt	1 796	2 010	1 778	1 893	1 735	1 828	47,2	48,4	48,7



Elevar frå Møre og Romsdal på vidaregåande skolar skoleåret 2021/2022, etter skole og bustadkommune. Elevar på skolar eigd av Møre og Romsdal fylkeskommune, alle nivå, ungdomsrett, ekskludert fagopplæring, per september 2021

	Atlanten vgs	Borgund vgs	Fagerlia - Ålesund vgs, avd Ålesund	Fagerlia - Ålesund vgs, avd Fagerlia	Gjemundnes vgs	Haram vgs	Herøy vgs	Hustadvika vgs	Kristiansund vgs	Molde vgs	Rauma vgs	Fannefjord vgs	Romsdal vgs	Speilvik vgs	Stranda vgs	Sunnadal vgs	Surnadal vgs	Sykkylven vgs	Tingvoll vgs	Ulstein vgs	Volda vgs	Ørsta vgs
Kristiansund	365	8	3	1	5	0	0	2	406	0	0	3	4	0	0	0	1	0	2	0	0	0
Molde	3	10	7	12	16	24	0	75	15	425	12	27	489	0	1	17	0	1	1	0	3	1
Ålesund	2	453	258	658	10	222	6	0	3	5	0	2	9	402	4	0	0	13	0	4	2	1
Vanylven	0	5	5	3	0	0	6	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	12	24	22
Sande	0	4	4	2	0	1	13	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	36	15	6
Herøy	0	4	2	4	1	0	149	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	152	25	4
Ulstein	0	16	2	11	0	0	40	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	257	19	11
Hareid	0	11	3	39	0	1	34	0	0	1	0	0	0	1	0	0	0	0	0	73	2	0
Ørsta	0	9	3	9	3	2	3	0	1	0	0	0	2	1	0	0	0	0	0	12	170	142
Stranda	0	26	1	8	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	58	0	0	23	0	0	2	4
Sykkylven	0	15	7	31	3	0	0	0	0	0	0	0	0	2	24	1	0	169	0	0	0	0
Sula	0	103	57	60	2	0	0	0	0	1	0	0	0	97	0	0	0	6	0	0	0	0
Giske	0	74	93	105	0	0	0	0	0	0	0	2	0	3	0	0	0	1	0	0	1	0
Vestnes	0	17	10	16	31	1	0	0	4	40	8	5	93	4	0	1	0	1	0	0	0	0
Rauma	5	3	7	3	7	0	0	4	8	18	129	3	38	0	0	0	0	1	0	0	0	0
Aukra	1	2	2	5	0	0	0	17	1	53	0	0	65	0	0	1	0	0	0	0	0	0
Averøy	82	2	0	1	2	1	0	3	90	2	0	2	1	0	0	0	0	0	0	3	0	0
Gjemnes	12	0	0	0	2	0	1	3	18	16	0	1	29	0	0	0	0	0	0	5	0	0
Tingvoll	3	0	0	0	14	0	0	1	33	1	0	0	0	0	0	3	0	0	0	49	0	0
Sunnadal	1	3	0	0	0	0	1	1	9	8	0	1	5	0	0	209	5	0	9	0	0	0
Surnadal	10	0	0	0	0	0	0	0	10	0	0	0	3	0	0	1	142	0	1	0	0	0
Smøla	21	1	0	0	2	0	0	0	33	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Aure	26	3	1	0	1	0	0	0	41	1	0	0	2	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Volda	0	10	1	4	2	0	5	0	0	1	0	0	1	0	0	0	0	1	0	11	197	100
Fjord	0	35	2	18	2	3	0	0	0	0	0	0	0	4	30	0	0	0	0	0	0	0
Hustadvika	2	13	0	8	12	1	1	246	12	73	0	11	139	0	0	1	2	0	0	0	0	0
Andre	10	0	1	5	0	0	1	0	12	14	3	2	5	0	0	1	59	0	1	1	2	0
Møre og Romsdal	543	827	469	1 003	115	256	260	352	697	660	152	59	886	514	117	235	209	216	71	558	462	291



Søkarar til fylkeskommunale vidaregåande skolar i Møre og Romsdal skoleåret 2022/2023, etter skole og bustadkommune. Søkarar til skolar eigd av Møre og Romsdal fylkeskommune, ungdomsrett, 1. ønske, alle nivå, fagopplæring og PBPB4YK*-er ikkje rekna med, per mars 2022

	Atlanten vgs	Borgund vgs	Gjemundnes vgs	Haram vgs	Herøy vgs	Hustadvika vgs	Kristiansund vgs	Molde vgs	Rauma vgs	Romsdal vgs	Spjelkavik vgs	Stranda vgs	Sunnal vgs	Surnadal vgs	Sykkylven vgs	Tingvoll vgs	Ulstein vgs	Volda vgs	Ørsta vgs	Ålesund vgs
Kristiansund	372	13	4	1	0	4	400	0	1	7	0	0	0	0	0	5	0	0	0	6
Molde	1	20	14	20	0	58	7	400	2	512	0	0	8	1	0	0	1	0	0	15
Ålesund	0	502	9	205	1	0	1	1	0	5	404	2	0	0	7	0	3	3	3	982
Vanylven	0	4	0	0	3	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	2	22	26	8
Sande	0	1	0	0	8	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	33	11	1	6
Herøy	0	20	1	0	128	1	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	122	23	1	9
Ulstein	0	15	0	1	34	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	260	22	15	13
Hareid	0	14	1	1	22	0	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0	77	3	2	38
Ørsta	0	17	2	2	5	0	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0	4	151	146	22
Stranda	0	21	1	0	0	0	0	0	0	0	0	68	0	0	16	0	1	4	1	16
Sykkylven	0	22	2	1	2	0	0	0	0	0	0	25	1	0	188	0	0	0	0	38
Sula	0	124	2	0	0	0	0	1	0	0	93	0	0	0	1	0	0	0	1	106
Giske	0	70	1	2	0	0	0	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	220
Vestnes	0	23	31	4	0	0	1	43	4	102	3	0	0	0	1	0	1	0	0	23
Rauma	3	20	6	0	1	5	2	15	121	45	0	0	0	0	0	0	0	0	0	6
Aukra	1	1	2	0	0	21	0	40	0	82	0	0	0	0	0	0	0	0	0	3
Averøy	70	0	4	1	0	3	102	1	0	4	0	0	0	0	0	2	0	0	0	3
Gjemnes	12	0	6	3	0	2	20	25	0	37	0	1	0	0	0	5	0	0	0	1
Tingvoll	2	7	4	0	1	1	30	1	0	0	0	0	2	0	0	52	0	0	0	0
Sunnal	4	1	0	0	0	0	10	8	0	8	0	0	181	5	0	7	0	0	0	0
Surnadal	12	4	1	0	0	0	14	1	0	4	0	0	0	139	0	2	0	1	0	1
Smøla	17	0	4	0	0	0	36	1	0	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0
Aure	31	2	1	0	0	1	45	2	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Volda	0	10	2	0	9	0	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0	6	203	130	11
Fjord	0	31	2	5	0	0	0	0	0	0	2	26	0	0	0	0	0	0	0	24
Hustadvika	1	5	15	2	0	254	7	66	0	143	0	0	2	2	0	0	1	0	0	11
Andre	1	4	0	0	1	0	4	11	10	3	1	1	1	4	1	1	1	1	1	3
Møre og Romsdal	527	951	115	248	215	350	680	618	138	958	506	124	195	151	214	75	512	444	327	1565

*Påbygg til studiekompetanse for yrkesfag elevlar



God søking til læreplass

Etter nedgangen i søkinga til læreplass skoleåra 2019/2020 og 2020/2021 var det oppgang i søkinga til skoleåret 2021/2022, då 1 246 søkarar ønskte seg læreplass. Skoleåret 2022/2023 var det 1 254 som hadde læreplass som 1. ønske, ein ytterlegare forbedring i forhold til førre skuleår.

Teknologi- og industrifag er det faget med flest søkarar til læreplass. Heile 457 søkarar hadde søkt dette faget til skoleåret 2022/2023, ein solid auke i søkartalet samanlikna med skoleåret 2021/2022. Auken i søkinga til dette faget er på 63 søkarar, eller 15,9 prosent. Naturbruk har over fleire år hatt auke i talet på søkarar til læreplass, skoleåret 2022/2023 søkte 87 søkarar om læreplass i dette faget mot 71 førre skoleår. Til faget helse- og oppvekst er det tilbakegang i søkinga om læreplass. Skoleåret 2022/2023 er det 195 søkarar til læreplass i dette faget, ein nedgang frå skoleåret 2021/2022 på -22 søkarar. Med tanke på behovet for arbeidstakarar i helse- og omsorgsyрка er det sjølvsagt ei lite ønskeleg utvikling.

Fleire frå Molde søker læreplass

Søkinga til læreplass varierer litt frå skoleår til skoleår om vi ser på kva kommune søkarane kjem frå. Her vil sjølvsagt storleiken på elevkulla og kva utdanningsprogram elevane valte da dei starta i vidaregåande opplæring spele inn. Til skoleåret 2022/2023 var det 149 søkarar til læreplass frå Molde kommune mot 100 skoleåret 2021/2022, med andre ord ei solid auke i talet på søkarar.


Det var litt færre søkarar til læreplass frå Ålesund kommune enn kva som var tilfelle skoleåret 2021/2022, 256 søkte om læreplass mot 281 førre skoleår. Det var 114 søkarar til læreplass frå Kristiansund skoleåret 2022/2023, noko som er på same nivå som skoleåret 2021/2022.

Tal søkarar frå Møre og Romsdal med fagopplæring som 1. ønske etter utdanningsprogram, per mars

	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023
Bygg- og anleggsteknikk	156	148	171	147	157
Design og handverk	54	43	27	34	2
Elektro og datateknologi	232	198	183	223	195
Frisør, blomst, int, eksp.design	0	0	0	0	31
Helse- og oppvekstfag	208	182	219	203	181
Medier og kommunikasjon	0	0	1	0	0
IT og medieproduksjon	0	0	0	0	42
Naturbruk	56	68	65	71	87
Restaurant- og matfag	67	78	63	63	55
Service og samferdsel	149	131	97	111	47
Teknologi- og industrifag	322	332	358	394	457
Samla	1 244	1 180	1 184	1 246	1 254

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Tal søkarar frå Møre og Romsdal med fagopplæring som 1. ønske etter bustadkommune



Stadig større del av elevane i fylket gjennomfører vidaregåande opplæring

Gjennomføringa i vidaregåande opplæring er målt fem år etter at elevane på dei studieførebuande utdanningsprogramma starta i vidaregåande opplæring og etter 6 år for elevane som går eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Av elevane som starta i vidaregåande opplæring i 2015 gjennomførte 82,8 prosent av elevane vidaregåande opplæring. Dette er ein oppgang på 2,3 prosentpoeng om vi samanliknar med 2014-kullet. Samtidig var det 1,8 prosent av 2015-kullet som gjennomførte vidaregåande opplæring med grunnkompetanse som mål. Av elevane i 2006-kullet gjennomførte 73,2 prosent av elevane den vidaregåande skolen. Gjennomføringa i vidaregåande opplæring har auka med 9,6 prosentpoeng frå 2006-kullet til 2015-kullet. Den auka innsatsen på gjennomføringa i vidaregåande opplæring har med andre ord bore frukter. Denne auken betyr at langt fleire av elevane i kvart kull får fullført utdanninga si og kan vere ein ressurs i arbeidslivet.

Ser vi heile landet under eitt gjennomførte 80,4 prosent av elevane i 2015-kullet vidaregåande opplæring, ein auke på 0,9 prosentpoeng i forhold til 2014-kullet. Den same positive utviklinga vi har sett i Møre og Romsdal har òg gjort seg gjeldande nasjonalt. Av elevane i 2006-kullet gjennomførte 72 prosent av elevane i Noreg vidaregåande opplæring, gjennomføringa har auka med 8,4 prosentpoeng om vi samanliknar med gjennomføringa til 2015-kullet.



Møre og Romsdal i landstoppen i gjennomføring

Gjennomføring i vidaregåande opplæring har dei siste ti åra vorte stadig betre. Mange av elevane i fylket gjennomfører om vi samanliknar oss med dei andre fylka. Det er berre i Sogn og Fjordane og Akershus at 2015-kullet har betre gjennomføring

Gjennomføring av vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år etter skolefylke, historisk

	Fullføringsgrad									
	2006-2012	2007-2013	2008-2014	2009-2015	2010-2016	2011-2017	2012-2018	2013-2019	2014-2020	2015-2021
Fullført med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år										
Møre og Romsdal	73.2	74.3	76.1	75.7	79.2	78.5	79	79.1	80.5	82.8
Landet	72	72.3	73.6	73.9	75.8	76.2	77.6	78.1	79.5	80.4
Fullført med planlagt grunnkompetanse i løpet av fem/seks år										
Møre og Romsdal	-	-	-	-	1.3	1.5	1.7	1.8	2.3	1.8
Landet	-	-	-	-	2.4	2.4	2.5	2.6	2.6	2.7
Samla fullføring inkludert elevar med planlagt grunnkompetanse										
Møre og Romsdal	73.2	74.3	76.1	75.7	80.5	80	80.7	80.9	82.8	84.6
Landet	72	72.3	73.6	73.9	78.2	78.6	80.1	80.7	82.1	83.1

Gjennomføring i vidaregåande opplæring etter fem/seks år 2015-kullet



i vidaregåande opplæring. Vi deler «tredjeplassen» med Rogaland der det òg var 82,8 prosent av 2015-kullet som gjennomførte den vidaregåande skolen.

Jentene best på gjennomføring

Av kullet som kom inn i vidaregåande opplæring i 2015, er det flest jenter som gjennomførte vidaregåande opplæring. På dei studieførebuande utdanningsprogramma gjennomfører 94,3 prosent av jentene, mens 89,6 prosent av gutane gjennomfører desse utdanningsprogramma. Jentene har òg betre gjennomføring i yrkesfaga med 76,7 prosent, gjennomføringa for gutane er i yrkesfaga 73,0 prosent.

Grunnlaget for gjennomføringa blir lagt tidleg


Resultata elevane får på dei nasjonale prøvene er ein viktig indikator på korleis det vil gå med elevane i vidaregåande opplæring. Det er ein sterk samanheng med resultatet på desse prøvene og gjennomføringa i vidaregåande opplæring, sterkast er samanhengen for den nasjonale prøva i rekning. Elevane sine resultat på den nasjonale prøva er i ungdomssteget delt inn i 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 5 er det høgaste nivået. Av elevane i 2015-kullet i vidaregåande opplæring som skåra på meistringsnivå 5 på den nasjonale prøva i rekning på 8. årsteg, gjennomførte 96,7 prosent den vidaregåande skolen. Av elevane som skåra på meistringsnivå 1, gjennomførte 54,8 prosent av elevane opplæringa.

Kristiansundarane er best på gjennomføring

Heile 21 av kommunane i Møre og Romsdal har betre gjennomføring enn det nasjonale snittet. For 2015-kullet var det elevar frå Kristiansund kommune som hadde best gjennomføring i vidaregåande opplæring, med 88,7 prosent.


Kjelde: SSB

Gjennomføring i vidaregåande opplæring, studie eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år for 2015-kullet, etter kjønn, Møre og Romsdal





Kjelde: SSB

Gjennomføring i vidaregåande opplæring for 2015-kullet etter meistringsnivå på den nasjonale prøva i rekning på 8. årsteg i grunnskolen



Kjelde: SSB

Gjennomføring 2015-kullet - alle utdanningsprogram



Fire fagskoletilbud i fylket

Fagskole er ei toårig utdanning som bygger på fagbrev frå vidaregåande opplæring eller realkompetanse. I studieåret 2021/2022 var det fire fagskolar i Møre og Romsdal kor tre er offentleg eigd og ein er privat eigd. Fagskolen i Møre og Romsdal, med studiestad i Ålesund og Kristiansund er eigd av Møre og Romsdal fylkeskommune. *Fagskolen i Viken* med studiestad Sunndal er eigd av Viken fylkeskommune. *Ytre kunstfagskole* i Ålesund er privat eigd og *Fagskolen i Aldring og helse* med studiestad i Ålesund/nettbasert er organisert under Sykehuset i Vestfold.

Ein liten auke i talet på fagskolestudentar i fylket

Våren 2022 er det ein auke i talet fagskolestudentar i Møre og Romsdal. Til saman var det 370 fagskolestudentar i fylket våren 2022 mot 340 våren 2021 og 360 våren 2020. Dette skuldast eit auka tal studentar ved Fagskolen i Møre og Romsdal studiestad Kristiansund, og det nye tilbodet Industriell Automatisert Digitalisering i Sunndal i regi av Viken fylkeskommune. Elevtala fordelt på kjønn på dei ulike fagskolane er meir eller mindre statiske frå år til år, og samla sett er det ei overvekt av menn.

Nasjonalt er det stor auke i talet på fagskolestudentar

På landsbasis er det 25 110 fagskolestudentar kor 11 590 går på private fagskolar og 13 520 går på offentlege. Møre og Romsdal er fylket i landet med færrest fagskolestudentar trass i større befolkning enn Nordland og Troms og Finnmark og høg søking til yrkesfaglege utdanningsprogram på vidaregåande skole. Nasjonalt har det dei siste to åra vore ein sterk auke i talet på fagskolestudentar. Våren 2020 var det 18 055 fagskolestudentar i Noreg, dette har auka til 25 115 studentar i 2022. Dette gir ein auke i talet på fagskolestudentar sidan 2020 på 7 060 studentar eller 39,1 prosent.


Kjelde: HKDir - Database for statistikk om høgare utdanning

Studentar ved fagskolane i Møre og Romsdal, vår*					
	2018	2019	2020	2021	2022
Fagskolen Aldring og helse		15	15	10	5
Fagskolen i Viken, studiestad Sunndal	0	0	0	0	25
Fagskolen Møre og Romsdal, studiestad Kristiansund	100	90	95	90	105
Fagskolen Møre og Romsdal, studiestad Ålesund	270	300	230	220	210
Ytre kunstfagskole	25	30	25	20	20
Samla Møre og Romsdal	395	435	360	340	370

Kjelde: HKDir - Database for statistikk om høgare utdanning

Studentar ved Ytre kunstfagskole etter kjønn og utdanning, vår*				
Utdanningstilbud	2021		2022	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Visuelle kunsthøgskole	5	15	5	20
Samla	5	15	5	20

Kjelde: HKDir - Database for statistikk om høgare utdanning



* Database for statistikk for høgare utdanning nyttar 5 som minste talverdi grunna personomsyn.

Kjelde: HKDir - Database for statistikk om høgare utdanning

Studentar ved Fagskolen i Møre og Romsdal, studiestad Ålesund etter kjønn og utdanning, vår*						
Utdanningstilbud	2020		2021		2022	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Anlegg	5		5		5	
Automatisering	20	5	20	5	20	
Bygg	15		15		25	
Dekksoffiser på ledelsesnivå	80	5	85		70	
Elkraft	5					
Elkraft	5		10		15	
Maskinoffiser på ledelsesnivå	50		50	5	50	5
Maskinteknikk	35		25		20	
Samla	215	15	205	15	200	10

Kjelde: HKDir - Database for statistikk om høgare utdanning

Studentar ved Fagskolen i Møre og Romsdal, studiestad Kristiansund etter kjønn og utdanning, vår*						
Utdanningstilbud	2020		2021		2022	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Boring	5				10	
Dekkoffiser på ledelsesnivå	20		25		20	
Maskinoffiser på ledelsesnivå	20		15		15	
Prosessteknikk	10		10		10	
Prosessteknikk			10		15	5
Psykisk helsearbeid og rusarbeid		35	5	20	5	20
Samla	55	35	65	25	80	30

Kjelde: HKDir - Database for statistikk om høgare utdanning

Studentar ved Fagskolen Aldring og helse etter kjønn og utdanning, vår*			
Utdanningstilbud	2021		2022
	Kvinner		Kvinner
Utviklingshemming og aldring	10		
Utviklingshemming, miljøarbeid og aldring			5
Samla	10		5



Auke i tal studentar på høgskolane i fylket i 2021

Det har dei siste åra vore ein stor auke i talet på studentar ved høgskolane i fylket. I 2016 var det samla talet på studentar (per 1.10) på høgskolane i fylket 8 270, i 2021 er det 10 268 studentar. Dette representerer ein auke på 1 998 studentar, eller 24,2 prosent.

Høgskulen i Volda er framleis den av høgskolane i fylket som har flest studentar. I Volda var det i 2021 4 310 studentar, noko som er ein liten nedgang på -105 studentar frå 2020. Høgskulen i Volda har hatt ein vekst i talet på studentar sidan 2016 på 660 studentar, ein auke på 18,1 prosent.

I 2021 var det 2 847 studentar ved høgskolen i Molde. Høgskolen hadde ein auke i talet på studentar frå 2020 til 2021 på 399 studentar, i prosent ein auke på 16,3. I perioden 2016–2021 har studenttalet ved skolen auka med 699, ein auke i perioden på 32,5 prosent.

NTNU Ålesund hadde ein auke i talet på studentar frå 2 477 i 2020 til 2 512 i 2021, ein auke på 35 studentar. I perioden 2016–2020 auka talet på studentar med 179 studentar eller 7,7 prosent.


Fleire studentar ved Høgskolen i Molde sitt studietilbod i Kristiansund

Høgskolen i Molde og Dronning Maud er dei to høgskolane som har studietilbod ved høgskolesenteret i Kristiansund. Desse tilboda skal flytte inn i Campus Kristiansund når det står ferdige i 2024 og vil utgjere ein viktig del av Campus. Det er Høgskolen i Molde som har flest studentar og breiast studietilbod i Kristiansund. Dronning Maud har eit desentralisert tilbod om barnehagelærarutdanning, i 2021 var det 75 studentar ved dette tilbodet. Totalt var det 599 studentar ved høgskulesenteret i 2021, ein oppgang på 125 studentar frå 2020. Høgskolen i Molde har dei seinare åra bygd opp eit høgskoletilbod i Kristiansund med over 500 studentar.

Studentar i høgare utdanning ved institusjonar i Møre og Romsdal, etter skolekommune og kjønn

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Høgskolen i Molde						
Begge kjønn	2 148	2 046	1 936	2 139	2 448	2 847
Menn	786	811	792	939	1 116	1 271
Kvinner	1 362	1 235	1 144	1 200	1 332	1 576
Del kvinner	63.4	60.4	59.1	56.1	54.4	55.4
Høgskolen i Ålesund						
Begge kjønn	2 333	2 338	2 403	2 401	2 477	2 512
Menn	1 152	1 187	1 250	1 254	1 318	1 268
Kvinner	1 181	1 151	1 153	1 147	1 159	1 244
Del kvinner	50.6	49.2	48.0	47.8	46.8	49.5
Høgskuletilbodet i Kristiansund						
Begge kjønn	139	239	301	308	474	599
Menn	50	68	95	124	166	214
Kvinner	89	171	206	184	308	385
Del kvinner	64.0	71.5	68.4	59.7	65.0	64.3
Høgskolen i Volda						
Begge kjønn	3 650	3 897	3 842	4 234	4 415	4 310
Menn	1 065	1 154	1 208	1 331	1 346	1 354
Kvinner	2 585	2 743	2 634	2 903	3 069	2 956
Del kvinner	70.8	70.4	68.6	68.6	69.5	68.6
Samla i Møre og Romsdal						
Begge kjønn	8 270	8 520	8 482	9 082	9 814	10 268
Menn	3 053	3 220	3 345	3 648	3 946	4 107
Kvinner	5 217	5 300	5 137	5 434	5 868	6 161
Del kvinner	63.1	62.2	60.6	59.8	59.8	60.0

Studentar i høgare utdanning ved institusjonar i Møre og Romsdal etter skolekommune



Fleire tek høgare utdanning


Delen av befolkninga som har høgskoleutdanning har auka mykje dei siste tiåra. Det er vanleg å skilje mellom kort og lang høgare utdanning. Med lang høgare utdanning er det her meint utdanning på over 4 år. I 1981 hadde 7,4 prosent av innbyggjarane i fylket kort høgare utdanning, mens 1,3 prosent av befolkninga hadde ei lang høgare utdanning. Nasjonalt var det 9,1 prosent som hadde ei kort høgare utdanning og 2,5 prosent som hadde ei lang utdanning på høgskole eller universitet. Utdanningsnivået var med andre ord lågare i Møre og Romsdal enn for landet som heile. I 2021 hadde 23,5 prosent av befolkninga i Møre og Romsdal tatt ei kort høgare utdanning og delen med lang høgare utdanning har auka til 6,5 prosent. Nasjonalt har 25,0 prosent ei kort høgare utdanning og 11,0 prosent har tatt ei lang høgare utdanning. Utdanningsnivået i fylket ligg framleis noko lågare enn det nasjonale snittet. Dette til trass har utdanningsnivået i fylket auka mykje sidan 1981, delen som har tatt ei kort høgare utdanning har til dømes auka med 16,1 prosentpoeng.

Samanliknar vi oss med alle fylke er vi eit av fylka med lågast utdanningsnivå, det er berre innbyggjarane i Innlandet og Nordland som har lågare utdanningsnivå enn i Møre og Romsdal.


Utdanningsgap mellom kvinner og menn i Møre og Romsdal

I 2021 er det langt fleire kvinner i fylket som har utdanning frå høgskole eller universitet enn menn. Av kvinnene er det 36,0 prosent som har høgare utdanning mot menn der 24,2 prosent har slik utdanning. Går vi tilbake til 1981 hadde 10,0 prosent menn høgare utdanning, mens 7,5 prosent av kvinnene hadde utdanning på tilsvarande nivå. Det var først nærmare tusenårsskiftet at dette snudde i kvinnene sin favør. I Oslo har 57,2 prosent av kvinnene høgare utdanning og er i ei særstilling om vi samanliknar med resten av fylka.


Kjelde: SSB



Kjelde: SSB



Kjelde: SSB



Kjelde: SSB

Del av befolkninga, 16 år eller eldre, med høgare utdanning, 2021, prosent

	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Viken	35,2	31,1	39,2
Oslo	54,0	50,9	57,2
Innlandet	28,0	22,6	33,4
Vestfold og Telemark	31,1	26,6	35,7
Agder	31,9	27,2	36,5
Rogaland	34,6	29,5	39,7
Vestland	35,5	30,1	41,0
Møre og Romsdal	30,0	24,2	36,0
Trøndelag	35,5	30,6	40,4
Nordland	28,5	23,1	34,2
Troms og Finnmark	33,0	26,3	40,0




Regionen manglar arbeidskraft og kompetanse

Menon Economics har på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeidd ein rapport om kompetansebehovet i Møre og Romsdal. 72 bedrifter og 18 kommunar har gitt innspel til rapporten. Heile 60 prosent av bedriftene og 70 prosent av kommunane melder tilbake at dei har hatt vanskar med å rekruttere kvalifisert personell dei siste to åra. I næringslivet gjeld dette fleire av dei store næringane som til dømes bygg- og anlegg, maritim sektor og anna industri. I kommunane er det krevjande å rekruttere tilsette med ingeniørkompetanse og tilsette til helse- og omsorgssektoren. I tillegg veit vi at mange kommunar òg har vanskar med å rekruttere nok undervisningspersonell til skulesektoren. Bedriftene meiner at dei, som følgje av auka aktivitet, vil få behov for fleire tilsette fram mot år 2030. Det betyr ein ytterlegare tilspissa konkurranse om arbeidskrafta i åra som kjem.



Færre i yrkesaktiv alder

Som følgje av store endringar i befolkningssamansettinga vil det i tiåra som kjem bli langt færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder i forhold til talet på pensjonistar. I Møre og Romsdal var det i 2010 3,5 personar i yrkesaktiv alder (20-64 år) per innbyggjar over 65 år, i 2022 er dette redusert til 2,7. I følgje framskrivingane til SSB vil dette endre seg mykje framover, i 2040 vil det i fylket vere 1,9 personar i yrkesaktiv alder per innbyggjar over 65 år. Same trenden finn vi på landsbasis der det i 2010 var 4,0 personar mellom 20-64 år i forhold til talet på dei over 65 år. Dette ser vi er halvert til 2050, då det berre vil vere 2,0 personar i yrkesaktiv alder per person over 65 år. Skal dei same oppgåvene løysast og velferda oppretthaldast må samfunnet ytterlegare effektiviserast. Strukturendringar, auka digitalisering og robotisering kan vere døme på tiltak for å gjere samfunnet meir effektivt og redusere behovet for arbeidskraft.

Tal personar i yrkesaktiv alder (20-64 år) per innbyggjar over 65 år – 2022



Tal personar i yrkesaktiv alder (20-64 år) per innbyggjar over 65 år – 2050



Jakta på dei kloke hovuda


Både lokalt næringsliv og offentlig sektor i fylket er på jakt etter høgskulekompetanse innanfor ei rekke ulike område. Det er stor konkurranse om kompetansen og dei store byregionane i Noreg har ein brei og attraktiv arbeidsmarknad for denne gruppa.

Dei regionale høgskulane blir trekte fram som viktige for kompetanseutviklinga og det å kunne behalde kompetansen i alle fylke. Demografiutvalet leia av Victor Norman trekte fram i sin rapport kor viktig det er å vidareutvikle og utvide tilbodet til dei regionale høgskolane. Eit godt regionalt utdanningstilbod som utviklar kompetanse lokalt arbeidsliv har behov for, er viktig for å behalde kompetanse og arbeidskraft i eige fylke.

Tek ungdom høgskuleutdanning i fylket?

Ved hjelp av data frå SSB har vi sett nærare på ungdom som har tatt høgskuleutdanning i perioden 2013–2017. Dette er ungdom som budde i Møre og Romsdal når dei var 16 år og er busette i Møre og Romsdal tre år etter at dei fullførte høgskuleutdanninga si. Samanliknar vi dei tre største byane har 48,8 prosent av ungdomane i Ålesund tatt utdanning si i eige fylke, mens 45,9 prosent av ungdommen i Molde har gjort det same. I Kristiansund er det 34,1 prosent av dei som har tatt høgskuleutdanning i perioden 2013–2017 som har tatt utdanninga i Møre og Romsdal. Det er viktig å merke seg at Kristiansund har først dei siste åra fått eit høgskuletilbod av eit visst omfang. Det blir derfor spanande å følgje med kva Campus Kristiansund og utvidinga av studietilbodet på Campus vil ha å seie for nordmørsregionen. Nærleiken til det store studiemiljøet i Trondheim kan sjølvstundt ha mykje å seie for val av studiestad for ungdommar busett lengst nord i fylket.

Bustadkommune i Møre og Romsdal, tre år etter fullført høgare utdanning, etter om utdanninga er gjennomført i fylke eller ei, 2013–2017



Tal studentar i parentes bak kommunenamnet



9. TANNHELSE

Litt dårlegare tannhelse hos 18-åringane i fylket

Fylkeskommunen har ansvar for den offentlege tannhelsetenesta, som driv helsefremmande og førebyggjande arbeid og gir gratis tannbehandling til prioriterte grupper, i hovudsak barn og unge, psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleie og personar i kommunal og statleg rusomsorg. Med fokus på kvalitet og pasientsikkerheit er hovudoppgåva å medverke til livslang god tannhelse.

Karies er ein indikator som kan synleggjere tannhelsa. Tabell 1 gir ein oversikt over kor stor del av indikatorårskulla som i 2021 var utan karieserfaring i kvar enkelt kommune i fylket. Tala gir eit relevant datagrunnlag for folkehelsearbeidet i kommunane. Det er relativt store kommunevise variasjonar som kan vere vanskeleg å forklare ut frå demografiske eller sosioøkonomiske faktorar. Tannhelsa for 5- og 12-åringane i fylket har betra seg i 2021, mens 18-åringane har ein auke i karies. 23 prosent av dei 3 278 18-åringane i fylket har ikkje hatt hol i tennene. Dette er dårlegare enn landet elles, der i snitt 32 prosent av 18-åringane ikkje har karieserfaring.

I 2021 var 63 389 personar, eller 24 prosent av innbyggjarane i fylket, under tilsyn av tannhelsetenesta. Gruppa barn og unge 3-18 år utgjør 48 122 personar. For denne målgruppa ser vi at delen som har hatt eit regelmessig og oppsøkjande tilbod ved distriktstanklinikkane har gått ned frå 98 prosent i 2019 til 86 prosent i 2021. Også for dei andre målgruppene er det ein reduksjon i tilsynsprosenten, noko som i hovudsak skuldast redusert behandlingsskapasitet som følgje av strenge smitteverntiltak under koronapandemien.

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

	Årskull				
	3-åringar	5-åringar	12-åringar	15-åringar	18-åringar
Del personar heilt utan karies, etter indikatorårskull, prosent					
Hareid	98,0	80,0	54,0	38,0	15,0
Ulstein	99,0	88,0	60,0	29,0	22,0
Herøy	93,0	83,0	56,0	41,0	18,0
Sande	100,0	95,0	58,0	33,0	11,0
Vanylven	91,0	86,0	61,0	18,0	21,0
Volda	94,0	91,0	46,0	23,0	12,0
Ørsta	94,0	87,0	57,0	30,0	20,0
Søre Sunnmøre kompetanseregion	95,0	87,0	55,0	31,0	17,0
Giske	97,0	87,0	70,0	29,0	29,0
Fjord	83,0	85,0	74,0	48,0	27,0
Stranda	90,0	88,0	52,0	36,0	23,0
Sula	96,0	82,0	62,0	34,0	19,0
Sykkylven	95,0	82,0	34,0	23,0	12,0
Ålesund	95,0	87,0	60,0	37,0	26,0
Ålesund kompetanseregion	93,0	85,0	59,0	35,0	23,0
Aukra	96,0	88,0	62,0	36,0	25,0
Hustadvika	83,0	92,0	45,0	23,0	22,0
Gjemnes	100,0*	50,0*	0,4	46,0*	35,0
Molde	94,0	82,0	62,0	33,0	23,0
Rauma	92,0	81,0	54,0	37,0	27,0
Vestnes	97,0	96,0	61,0	37,0	26,0
Molde kompetanseregion	92,0	87,0	57,0	32,0	24,0
Averøy	94,0	79,0	74,0	38,0	28,0
Tingvoll	94,0	87,0	66,0	25,0	14,0
Sunnadal	89,0	88,0	51,0	25,0	19,0
Surnadal	96,0	84,0	68,0	50,0	32,0
Smøla	94,0	80,0	84,0	56,0	25,0
Aure	88,0	90,0	63,0	36,0	34,0
Kristiansund	95,0	83,0	66,0	36,0	23,0
Kristiansund kompetanseregion	89,0	88,0	51,0	25,0	19,0
Heile fylket	94,0	85,0	59,0	34,0	23,0
Heile landet	94,0	82,0	63,0	44,0	32,0

*Under 30 % av årskullet er undersøkt


Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Tilsyn med lovpålagde pasientgrupper i den offentlege tannhelsetenesta 2019-2021, prosent

	2019	2020	2021
Barn og unge frå 3-18 år (Gr. A)	98,0	96,0	86,0
Psykisk utviklingshemma over 18 år (Gr. B)	96,0	92,0	91,0
Eldre og uføre i institusjon (Gr. C1)	87,0	77,0	74,0
Eldre og uføre i heimesjukepleie (Gr. C2)	76,0	71,0	68,0
Ungdom 19-20 år (Gr. D)	79,0	77,0	76,0

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Del femåringar, tolvåringar og attenåringar utan karieserfaring 2004-2021, Møre og Romsdal og landet



10. HELSE OG SOSIALSEKTOREN

4 500 barn i låginntekstfamiljar i fylket


Talet på barn og unge som veks opp i familiar med vedvarande låginntekt i Møre og Romsdal er nær dobla frå 2004 til 2020 og utgjer no 9,2 prosent av alle barn 0-17 år i fylket. Grensa for fattigdom er vanleg å sette ved hushaldsinntekt som er mindre enn 60 prosent av medianinntekta i landet (EU-skala 60 prosent). Vedvarande låginntekt inneber her dei siste tre åra.

Talet på barn som bur i låginntekstfamiljar har gått litt ned i Møre og Romsdal. På landsbasis er utviklinga stabil dei siste tre åra.


Møre og Romsdal er blant fylka med lågast del barn som veks opp i fattige familiar og ligg under landsgjennomsnittet som er 11,7 prosent. Oslo skil seg ut med 17,2 prosent, men også her har den negative utviklinga flata ut dei siste åra. Det er stor variasjon mellom kommunane i fylket i del barn som veks opp i fattige familiar. For åra 2018-2020 variere det frå 5,9 prosent i Vanylven kommune til 12,3 prosent i Sunndal kommune. Kommunane Sande, Kristiansund og Aure ligg også over landsgjennomsnittet. Sjå meir om den enkelte kommune på nettsida barnefattigdom.no.

Barn med innvandrarbakgrunn er sterkt overrepresentert i låginnteksgruppa. På landsbasis har 6 av 10 barn i låginntekstshushaldningar innvandrarbakgrunn. Særleg gjeld dette barn som er fødd i utlandet og flytta til Noreg. I 2020 var låginnteksandelen i denne gruppa av barn 48,4 prosent. Dei viktigaste faktorane for om eit barn veks opp i ein låginntekstfamilie er om foreldra er i arbeid, om foreldra har låg utdanning, om familien har offentlege ytingar som hovudinntekstskjelde, eller om barn veks opp med berre ein forsørgar.

Kjelde: SSB



Kjelde: SSB



*EU-skala 60 prosent



Langt fleire menn enn kvinner tek sjølv mord


Totalt tok 657 personar, 481 menn og 176 kvinner sitt eige liv i Noreg i 2021. Det er 14 fleire enn i 2020. Etter at talet passerte 600 i 1983, har den aukande tendensen stoppa noko opp, men det er store årlege svingingar. Det er også tilfellet for Møre og Romsdal, talet har dei siste 35 åra variert mellom 10 og 33. Talet er svakt synkende dei siste tre åra, og med 20 i 2021, er det det lågaste sidan 2014.

Sett i forhold til folketalet, ligg Møre og Romsdal for perioden 2017–2021 under landsgjennomsnittet for både menn og kvinner 0–74 år. Førrekomsten blant kvinner er den lågaste i heile landet.


I åra 2017–2021 var det 125 personar som tok livet sitt i Møre og Romsdal, av desse var det 105 menn, det er ein prosentdel på 84 prosent. Nasjonalt var delen menn lågare med 71 prosent, forskjellen skuldast det låge talet kvinner i Møre og Romsdal.

Vi får ikkje ut aldersfordeling på fylkesnivå, men nasjonale tal er tilgjengeleg. Det viser at 178 personar under 20 år og 505 personar i 20-åra tok livet sitt i Noreg åra 2017–2021. Men sjølv mord fordeler seg i alle aldersgrupper, og det er blant personar i 40 og 50-åra at talet er høgast, med 594 og 608 i same periode.



Handlingsplan for førebygging av sjølv mord 2020 – 2025- *“Ingen å mista”*, vart lansert 10. september 2020. Med denne handlingsplanen vart det innført ein nullvisjon for sjølv mord i Noreg på samfunnsnivå. Hausten 2022 blir prosjektet «Folkeopplysningskampanje om førebygging av sjølv mord» igangsett i fylket vårt. Målet er å opplysa befolkninga om at det ikkje er farleg å snakka om sjølv mordstankar, men at det derimot kan redde liv. Kampanjen skal nå heile befolkninga i region midt, men med eit særleg fokus på menn.



Kjelde: FHI dødsårsaksregisteret



Kjelde: FHI dødsårsaksregisteret



6,1 prosent i fylket er utan fastlege

I Helseidirektoratet sin årsrapport for Handling-splanen for allmennlegetjenesten for 2021 blir det slått fast at liten vekst i talet på fastlegar kombinert med redusert gjennomsnittleg listelengde og auke i befolkninga har gitt fleire innbyggjarar på lister utan fastlege, og ein reduksjon av ledige plassar hos fastlege.


I desember 2021 var det 21 lister i fylket utan fastlege, fordelt på 12 kommunar. Ni av listene hadde vore utan fastlege i over eit år. Vi gjer merksam på at ikkje alle lister utan fastlege er med i oversikta. Det er ulike årsaker til dette som no vert kartlagt.

Talet på lister utan fastlege i fylket er svakt aukande frå 1. kvartal 2020, med ein topp 1. kvartal 2021. 8,3 prosent av fastlegelistene var då utan fastlege. 4. kvartal 2021 var delen 7,5 prosent. I landet var det ein jamn stigning av lister utan fastlege til 4,8 prosent av listene i 4. kvartal 2021.


I desember 2021 var 16 039 innbyggjarar i fylket utan fastlege, 9 566 av desse på ei liste utan tilsett lege i over eit år. Delen innbyggjarar i fylket på liste utan fastlege auka frå 4,9 prosent 1. kvartal 2020 til 6,1 prosent 4. kvartal 2021. I heile landet auka delen innbyggjarar på liste utan fastlege i same periode frå 1,5 til 2,6 prosent. Vi ser dermed at delen av be-folkninga som ikkje har fastlege framleis er høgare i Møre og Romsdal enn landsgjennomsnittet, men at auken er sterkare nasjonalt dei to siste åra.

Frå 1. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021 vart det 33 prosent færre ledige plassar hos fastlege i fylket. I landet var det 60 prosent færre ledige plassar. Talet på fastlegelister har auka med 1,8 prosent i fylket, medan talet på legar har gått ned med 0,4 prosent i same periode. Samtidig var gjennomsnittleg listelengde redusert med 14 prosent i fylket, og 21 prosent i heile landet.

Kjelde: Helseidirektoratet



Kjelde: Helseidirektoratet



Kjelde: Helseidirektoratet

Kommunar registrert med lister utan fast lege og som har lister utan fastlege minst 1 år per desember 2021

Kommune	Lister utan fastlege*	Innbyggjarar liste utan fastlege	Lister over 1 år utan fastlege	Innbyggjarar på liste over 1 år utan fastlege
Kristiansund	1	372	1	372
Molde	2	964	0	0
Ålesund	6	5 841	3	2 394
Sande	1	571	1	571
Herøy	3	2 669	3	2 669
Hareid	2	1 320	1	764
Ørsta	1	650	0	0
Sykkylven	1	890	1	890
Vestnes	1	856	0	0
Averøy	1	701	1	701
Sunnadal	1	800	1	800
Surnadal	1	405	1	405
Møre og Romsdal - 12 kommunar	21	16 039	9	9 566
Landet - 129 kommunar	221	138 453	96	53 139

Kjelde: Helseidirektoratet

Sentrale måltall for fastlegeordninga. Endring frå 1. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021

	Endring i prosent						Endring i tal		
	Antal legar	Antal lister	Lister utan fastlege	Innbyggjarar på lister utan fastlege	Ledige plassar fastlege	ledige plassar inkl. lister utan fastlege	Listeinbyggjarar	Gjennomsnittleg listetak	Gjennomsnittleg listelengde
Møre og Romsdal	-0,4	1,8	17	25	-33	-31	1 186	-24	-14
Heile landet	1,2	3,3	66	76	-60	-49	53 101	-34	-21



11. KLIMA OG MILJØ

Utslepp av klimagassar går sakte ned

Miljødirektoratet publiserer kvart år tal for klimagassutslepp i kommunar og fylke. I januar 2022 vart det lagt fram tal for 2020. Dei viser at utslepp av klimagassar i Møre og Romsdal har gått marginalt ned frå 2019 til 2020, med 0,8 prosent. Frå 2009, første året det finnast tal for, og til 2020 har klimagassutsleppa i fylket gått ned med om lag 81 000 tonn CO₂-ekvivalenter. Dette gir ein reduksjon på 3,2 prosent.


Statistikken omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor fylket sine geografiske grenser. Dette betyr at klimagassutsleppa frå ein båt i trafikk vil vere inkludert under sektor sjøfart, men berre utsleppa som skjer mens båten køyrer innanfor grensa til fylket. Utslepp etter at båten har bevega seg ut frå fylkesgrensa vil bli belasta eit anna fylke. Utslepp knytt til produksjon av fartøyet på ulike fabrikkar (indirekte utslepp) vil vere plassert på sektor «industri, olje og gass» i dei fylka kor fabrikkane er fysisk plassert. Utslepp som fysisk skjer i utlandet vil ikkje vere inkludert i statistikk frå Noreg. Dette vil seie at alle utslepp som genererast indirekte gjennom aktivitet i fylket, til dømes bestilling av skipsskrog frå eit verft i utlandet, ikkje er med i statistikken.

Det er i 2020 ein nedgang i utslepp i sju av ni sektorar, og størst er nedgangen innan industri, olje og gass. Her er utsleppa gått ned 23 714 tonn CO₂-ekvivalenter, det utgjør -2,4 prosent. Størst prosentvis kutt er det innan luftfart, som var prega av korona-restriksjonane. Nedgangen i utslepp frå denne sektoren var 40,0 prosent i 2020. Også utsleppa frå vegtrafikk gjekk ned i 2020, med 1,5 prosent.

Dei to sektorane der utsleppa auka i 2020, var oppvarming og sjøtrafikk. Utsleppa gjekk her opp med 10,7 og 4,0 prosent.

Kjelde: Miljødirektoratet

Klimagassutslepp pr. år, etter sektor og kvoteplikt, Møre og Romsdal (tonn CO₂-ekvivalenter)



Markant auke i avfall frå hushalda

I 2021 vart det i gjennomsnitt kasta 425,7 kg avfall per innbyggjar frå hushalda i Møre og Romsdal. Dette er 46,3 kilo meir enn i 2015, og 4,0 kg meir enn i 2020. Tala er henta frå kommunane si Kostra-rapportering og inkluderer både det avfallet som blir henta av renovasjonsselskapa hos husstandane og det som blir levert på gjenvinningsstasjonane.

Møre og Romsdal ligg i 2021 nær landsgjennomsnittet som er 430,5 kg per innbyggjar. Men mens Møre og Romsdal har ein auke frå 2015 til 2021, er det ein liten reduksjon på landsbasis. Auken i Møre og Romsdal kom med pandemien i 2020 og 2021, og den største auken var i treavfall, plastavfall og hageavfall.

Det er kommunane på Nordmøre som rapporterer mest avfall frå hushaldningane per innbyggjar, med rundt 590 kg per innbyggjar. Kommunane på Søre Sunnmøre har lågast del, og med rundt 330 kg per innbyggjar.

Sjølv om avfallsmengda aukar i Møre og Romsdal, er det ei positiv utvikling er at ein stadig større del blir levert til gjenvinning. Dette gjeld både i fylket og nasjonalt. I 2021 gjekk 42,6 prosent av hushaldsavfallet til materialgjenvinning (inkl. biologisk behandling) mot 33,0 prosent i 2015. Det er delen som går til forbrenning som er redusert, og i 2021 utgjør dette 53,7 prosent. Delen som går til deponi er stabil og var i 2021 3,1 prosent.

Målt i vekt er det nesten like stor del hushaldsavfall som blir henta heime som blir levert på gjenvinningsstasjonar. I Møre og Romsdal vart 51,7 prosent av hushaldsavfallet i 2021 henta hos husstandane, denne delen er 54,2 prosent nasjonalt. Her er det stor variasjon mellom dei ulike regionane i Møre og Romsdal, der delen som blir henta ligg på rundt 60 prosent på Søre Sunnmøre mot rundt 40 prosent på Nordmøre.

Hushaldsavfall og renovasjon											
	Hushaldsavfall per årinnbyggjar 2015 i kg	Hushaldsavfall per årinnbyggjar 2021 i kg	Endring hushaldsavfall per årinnbyggjar 2015-2021 i kg	Prosentandel levert til materialgjenvinning*	Tonn avfall frå hushald, i alt	Prosent avfall frå hushald, hentesorring	Prosent avfall frå hushald - gjenvinningsstasjon	Prosent avfall frå hushald, restavfall	Prosent avfall frå hushald, utsortert	Tal hentingar av matavfall i løpet av eit år	Dagar per år med utvida opningstid på attvinningsstasjon
Kristiansund	401,8	590,8	189,0	27,1	14 274	39,2	60,8	43,7	56,3	26	104
Molde	-	366,5	-	51,7	11 924	52,9	47,1	38,0	62,0	26	280
Ålesund	-	393,1	-	43,5	26 604	56,8	43,2	42,9	57,1	52	150
Vanylven	439,3	430,5	-8,8	21,0	1 341	52,2	47,8	71,6	28,4	26	50
Sande	410,3	330,0	-80,3	66,7	824	61,2	38,8	23,3	76,7	26	100
Herøy	410,7	331,9	-78,8	66,8	2 931	61,0	39,0	23,2	76,8	26	240
Ulstein	410,6	329,3	-81,3	66,7	2 818	60,9	39,1	23,2	76,8
Hareid	411,1	329,8	-81,3	66,7	1 702	60,9	39,1	23,2	76,8	26	4
Ørsta	429,1	338,3	-90,8	52,1	3 734	61,9	38,1	35,3	64,7	26	80
Stranda	340,3	396,9	56,6	43,5	1 857	56,8	43,2	42,9	57,1	26	1
Sykkylven	340,2	397,8	57,6	43,5	3 089	56,7	43,3	42,9	57,1	26	100
Sula	339,9	390,0	50,1	43,5	3 736	56,8	43,2	42,9	57,1	26	150
Giske	340,1	391,8	51,7	43,5	3 368	56,7	43,3	42,8	57,2	25	90
Vestnes	340,2	373,9	33,7	43,4	2 632	56,7	43,3	42,8	57,2	26	52
Rauma	401,8	388,9	-12,9	51,8	2 886	52,8	47,2	38,0	62,0	26	104
Aukra	347,9	368,2	20,3	51,7	1 301	52,7	47,3	38,0	62,0	26	52
Averøy	401,8	586,7	184,9	27,1	3 530	39,2	60,8	43,7	56,3	26	64
Gjemnes	348,4	367,8	19,4	51,8	1 056	52,9	47,1	37,9	62,1	25	12
Tingvoll	401,5	593,5	192,0	27,2	1 955	39,2	60,8	43,6	56,4	26	104
Sunnadal	401,8	590,7	188,9	27,2	4 317	39,2	60,8	43,6	56,4	26	104
Surnadal	523,9	591,1	67,2	27,2	3 753	39,2	60,8	43,6	56,4	34	78
Smøla	401,8	590,9	189,1	27,1	1 372	39,3	60,7	43,7	56,3	26	52
Aure	402,0	602,2	200,2	27,1	2 306	39,2	60,8	43,6	56,4	26	52
Volda	-	337,3	-	52,1	3 724	62,0	38,0	35,3	64,7	26	80
Fjord	-	397,4	-	43,6	1 118	56,8	43,2	42,8	57,2	26	260
Hustadvika	-	368,9	-	51,7	5 014	52,9	47,1	38,0	62,0	26	52
Møre og Romsdal	379,4	425,7	46,3	42,6	113 166	51,7	48,3	40,5	59,5	27	97
Landet	438,8	430,5	-8,3	43,2	2 335 812	54,2	45,8	39,3	60,7	30	93

* inkl. biologisk behandling



12. AREAL

Kjelde: SSB arealbrukskart 2022 og kommunale planregister, SSB folketal og framskrivingar MMMM

Det manglar ikkje bustadareal

Alle kommunar ønsker å legge godt til rette for bygging av nye bustader. Den strategiske drøftinga om kvar dette skal skje, bør vere ein viktig del av arbeidet med kommuneplanens arealdel. Arealdelen legg til rette areal som seinare kan planleggast meir i detalj.

Kommuneplanen må svare ut den faktiske etter-spurnaden, men også etablere reserver som er tilstrekkelege innanfor planhorisonten og som helst er i samsvar med preferansar i marknaden. Behovet for bustadareal vil sjølvsagt avhenge av den demografiske utviklinga, men også med kva anna utvikling som skjer eller er tenkt skal skje, i kommunen. Dette er ikkje alltid lett å framskrive presist.

Areal fastsett som "framtidig bustadbygging" og areal avsett til "eksisterande bustadområde" fråtrekka areal som faktisk er utbygd utgjør "bustadreservar" i kommuneplanane.

Denne analysen er på eit enkelt, overordna nivå, basert på offentleg tilgjengelege kart, med atterhald om at dei er riktige og oppdaterte. Den største feilkjelda ligg i at mange av kommuneplanane er av eldre dato, slik at også areala som framstår som «framtidige» kan vere heilt eller delvis utbygde.

For fylket sett under eitt, er det trass feilkjeldene liten tvil om at kommuneplanane tilrettelegg store areal som det aldri blir behov for. SSB opplyser at det i femårsperioden 2016–2020 blei ferdigstilt nesten 6000 bustader i fylket. Kommuneplanane har reserver til det tidobbelte. Analysar for fritidsbustadar viser same resultat.

Avsett, ikkje utbygd bustadareal i kommuneplanane, dekar. august 2022

Kommune	Framtidig bustadomr	Eksisterande bustadomr. ikkje bygd	Sum bustadareal	Folketal 2022	Venta folketal 2032	Bustadareal/venta vekst
Kristiansund	1 909	1 822	3 731	24 013	24 139	30
Molde	1 903	5 356	7 259	32 002	33 058	7
Ålesund	4 866	5 962	10 828	67 114	69 722	4
Vanylven	895	499	1 394	3 045	2 755	ikkje vekst
Sande	606	556	1 162	2 422	2 432	116
Herøy	850	3 226	4 076	8 765	8 425	ikkje vekst
Ulstein	267	203	470	8 557	8 925	1
Hareid	133	1 068	1 201	5 126	5 190	19
Ørsta	996	240	1 236	10 833	10 645	ikkje vekst
Stranda	380	696	1 076	4 467	4 439	ikkje vekst
Sykkylven	283	1 771	2 054	7 558	7 267	ikkje vekst
Sula	2 215	1 376	3 591	9 547	10 381	4
Giske	618	1 828	2 446	8 597	9 347	3
Vestnes	224	1 790	2 014	6 936	6 889	ikkje vekst
Rauma	499	740	1 239	7 019	6 956	ikkje vekst
Aukra	329	623	952	3 518	3 858	3
Averøy	176	794	970	5 828	6 161	3
Gjemnes	311	209	520	2 669	2 765	5
Tingvoll	1 273	1 131	2 404	2 960	2 973	185
Sunndal	102	708	810	6 932	6 592	ikkje vekst
Surnadal	143	2 083	2 226	5 849	5 498	ikkje vekst
Smøla	800	2 555	3 355	2 120	2 093	ikkje vekst
Aure	203	1 429	1 632	3 384	3 272	ikkje vekst
Volda	207	719	926	10 809	11 452	1
Fjord	-	-	-	2 491	2 467	-
Hustadvika	633	1 121	1 754	13 287	13 373	20
Møre og Romsdal	20 821	38 505	59 326	265 848	271 074	

Dispensasjonar gir uføreseielege rammevilkår

Kommunane sitt viktigaste plandokument er kommuneplanen, denne skal alle andre planar baserast på. Den består av ein samfunnsdel, som omtalar mål for utviklinga i kommunen, og ein arealdel, som viser kva areal som skal brukast til kva.

Plan- og bygningslova gir reglar for korleis kommuneplanar skal bli til. Viktige omsyn i planprosessen er medverknad, samråd og offentlegheit. Fagorgan og andre som har interesser i området skal involverast. Slik blir ulike interesser og omsyn som skal vere ein del av avgjerdsgrunnlaget høyrte og vurdert når kommunestyret skal bestemme arealbruken for eit område.

Ut ifrå omsynet til medverknad, samråd og offentlegheit i planprosessar bør ikkje fråvik frå kommunen sine arealplanar skje gjennom enkeltvise dispensasjonar, men gjennom planendingar. Ein dispensasjonspraksis der gjeldande arealplanar i stor grad blir sett til side, gjer arealbruken lite føreseielege for grunneigarar, naboar og andre med interesser i planområdet. Det vil også svekke planen som overordna styringsverktøy.

Samla for kommunane i Møre og Romsdal medførte 24,8 prosent av innvilga byggesøknadar dispensasjon frå plan i 2021. Det er tredje høgast av fylka. Delen har ligge stabilt på rundt 25 prosent i Møre og Romsdal dei siste fem åra. Dette inkluderer både mindre og større avvik frå planføresegn. I 2021 var det Aure kommune som hadde høgast del i fylket, med 50 prosent, følgt av Gjemnes med 39 prosent.

Når kommuneplanar ikkje blir oppdaterte, aukar ofte behovet for dispensasjonar, fordi planane ikkje lenger blir dekkande for dagens situasjon. For Smøla kommune ser vi at ny arealdel kan ha gitt klar nedgang i dispensasjonar, men samanhengen er ikkje like klar i andre kommunar. Det handlar også om lokale tilhøve og vilje til å styre etter plan.

Alder på kommuneplanens samfunns- og arealdel, kommunar i Møre og Romsdal og del dispensasjonar

Kommune	Alder på kommuneplan		Del av innvilga byggesøknadar som medførte dispensasjon frå plan (prosent)	
	År for vedtak samfunnsdelen	År for vedtak arealdelen	2020	2021
Kristiansund	2020	2019	33,1	35,6
Molde	2020	X	14,9	17,9
Ålesund	2020	X	25,3	38,7
Vanylven	2022	2022	12,5	4,5
Sande	2022	2015	4,8	33,3
Herøy	2021	2014	38,9	37,6
Ulstein	2017	2019	27,3	36,6
Hareid	2006/2021*	2021	..	20,8
Ørsta	2012	1991**	18,2	22,8
Stranda	2019	2020	38,8	36,2
Sykkylven	2011/2021*	2013	16,3	9,3
Sula	2014	2015	6,9	16,8
Giske	2022	2018	86,9	..
Vestnes	2015/2021*	2015/2021*	..	9,4
Rauma	2018	2003**	18,8	9,1
Aukra	2019	2017	6,2	8,7
Averøy	2020	2017	..	20,1
Gjemnes	2020	2019	40,8	39,1
Tingvoll	2020	2015	19,2	18,0
Sunnadal	2020	2019	7,4	8,4
Surnadal	2020	2017
Smøla	2020	2020	74,6	33,3
Aure	2020	2017	..	50,0
Volda	2022	X	30,4	29,1
Fjord	2021	X	2,6	0,0
Hustadvika	2020	X	6,5	19,5


X= Med unntak av Hustadvika har ingen av dei samanslåtte kommunane frå 2020 utarbeidd utkast til ny arealdel. Har delplanar av ulik alder.

.. = Talgrunnlag manglar. Tal er ikkje komme inn i Kostrå eller er for usikre til å publisierast.

* Arbeidet med ny plan starta opp

** Har nyare delplanar for sentrumsområdet

Del av innvilga byggesøknadar som medførte dispensasjon frå plan (prosent)



13. BUSTADMARKNADEN

Kjelde: SSB

Auke i salet av bustadar

Det har vore ein auke i talet på omsette bustadar i Møre og Romsdal dei siste åra. I 2019 vart det omsett 3 904 bustadar, og to år seinare var dette auka til 4 561 bustadar. Frå 2020 til 2021 auka talet på omsette bustadar i fylket med 260, ein auke på 6,0 prosent. Det har òg vore god vekst i bustadmarknaden nasjonalt det siste året. I 2021 vart det omsett 102 852 bustadar i Noreg, det var 6 806 fleire enn i 2020.

Frå 2020 til 2021 hadde 15 av 26 kommunar i fylket auke i omsettinga av bustadar. Fjord kommune hadde den sterkast prosentvise veksten frå 2020 til 2021 med ein auke på 100 prosent og Aure kommune hadde 81,8 prosent auke.


I 2021 var den gjennomsnittlege kjøpesummen for bustadar i Møre og Romsdal 3 126 074 kroner. Prisveksten frå 2020–2021 var i fylket på 5,7 prosent, nasjonalt auka prisane med 8,1 prosent i det same tidsrommet.

Stor auke i salet av fritidseigedomar

Under Covid-19 pandemien var det mange rapportar i nasjonal presse om det auka salet av fritidseigedomar. Ved mange av dei kjente hyttestedestinasjonane var det ein kraftig auke i salet av hytter. Nasjonalt vart det seld 4 525 fleire fritidseigedomar i 2021 enn i 2019, ein formidabel auke frå 12 182 selde fritidseigedomar i 2019 til 16 707 i 2021. Dette utgjorde ein vekst på 37,1 prosent. Veksten var endå sterkare i Møre og Romsdal, der salet av fritidseigedomar auka frå 432 i 2019 til 627 i 2021. Dette representerer ein auke i salet av fritidseigedomar på 45,1 prosent. Det var Herøy som hadde den sterkast prosentvise veksten i salet på fritidseigedomar, med ein auke på 187,5 prosent frå 2019 til 2021.

Bustadar - fritidseigedomar - omsette 2019-2021												
	Omsette bustadar 2019-2021							Sal av fritidseigedomar 2019-2021				
	Omsetnadar			Endring 2020-2021		Gjennomsnittleg kjøpesum per omsetnad	Endring i kjøpesum 2020-2021	Omsetnadar			Endring 2019-2021	
	2019	2020	2021	Tal	Prosent			2019	2020	2021	Tal	Prosent
Kristiansund	385	442	486	44	10,0	2 758 739	4,9	10	16	20	10	100,0
Molde	443	510	564	54	10,6	3 642 209	4,7	36*	41	49	13	36,1
Ålesund	1 308	1 408	1 520	112	8,0	3 747 673	9,0	44**	73	78	34	77,3
Vanylven	28	23	17	-6	-26,1	1 378 059	-29,4	3	6	7	4	133,3
Sande	19	20	25	5	25,0	1 662 840	23,1	7	9	9	2	28,6
Herøy	115	127	128	1	0,8	2 440 609	-3,9	8	9	23	15	187,5
Ulstein	146	181	154	-27	-14,9	2 998 526	-14,2	8	8	10	2	25,0
Hareid	69	67	64	-3	-4,5	2 099 563	-0,2	:	3	:	:	:
Ørsta	140	133	148	15	11,3	2 706 939	9,6	11	14	16	5	45,5
Stranda	49	42	56	14	33,3	2 175 464	2,2	36	43	52	16	44,4
Sykkylven	61	68	77	9	13,2	2 566 104	13,8	26	20	42	16	61,5
Sula	164	174	160	-14	-8,0	3 056 544	4,6	11	13	7	-4	-36,4
Giske	148	164	164	0	0,0	3 189 530	-0,1	12	:	6	-6	-50,0
Vestnes	87	102	103	1	1,0	2 251 845	-15,1	11	12	16	5	45,5
Rauma	79	98	81	-17	-17,3	2 383 346	-1,7	12	22	23	11	91,7
Aukra	57	63	65	2	3,2	2 783 662	3,8	:	:	:	:	:
Averøy	63	91	125	34	37,4	2 487 480	17,9	11	20	28	17	154,5
Gjemnes	20	32	30	-2	-6,3	1 882 100	0,0	15	16	23	8	53,3
Tingvoll	32	36	31	-5	-13,9	1 645 903	20,1	26	42	25	-1	-3,8
Sunnadal	61	52	42	-10	-19,2	2 208 738	19,0	14	21	21	7	50,0
Surnadal	57	61	55	-6	-9,8	2 126 345	8,8	22	28	26	4	18,2
Smøla	27	44	36	-8	-18,2	1 620 139	0,7	10	18	15	5	50,0
Aure	17	22	40	18	81,8	1 734 250	-6,7	31	35	38	7	22,6
Volda	167	147	178	31	21,1	2 942 904	7,7	8	27	19	11	137,5
Fjord	15	13	26	13	100,0	1 411 538	-21,0	28	25	35	7	25,0
Hustadvika	147	181	186	5	2,8	2 895 683	19,9	14***	14	32	18	128,6
Møre og Romsdal	3 904	4 301	4 561	260	6,0	3 126 074	5,7	432	539	627	195	45,1
Landet	92 642	96 046	102 852	6 806	7,1	4 490 589	8,1	12 182	15 801	16 707	4 525	37,1

: = Vises ikkje av konfidensialitetsomsyn. Tal publiseres ikkje for å unngå å identifisere personar eller verksemdar. * Tal for Misund kommune var ikkje offentlege. ** Tal for Sandøy kommune var ikkje offentlege. *** Tal for Eide kommune var ikkje offentlege.



Fall i talet på igangsette bustadar

Bustadbygginga er for mange ein viktig indikator på kor attraktivt eit område er. Vekst i bustadmarknaden er ofte ein indikasjon på ein økonomi i vekst og eit bilete på folk si framtidstru.

Frå 2019 til 2020 fall talet på igangsette bustadar i fylket med -6,4 prosent eller -88 bustadar. I 2021 vart det igangsett 1 119 bustadar, ein nedgang på -177 bustadar eller 13,7 prosent frå 2020. Frå 2019 til 2021 er talet på igangsette bustader redusert med -265 einingar. Dette representerer ein nedgang i bustadbygginga frå 2019 på 19,1 prosent. Ser vi heile landet under eitt var det ein svak oppgang i talet på igangsette bustadar i 2021. Frå 2020 til 2021 auka talet på igangsette bustadar med 143 eller 0,5 prosent, med andre ord ein marginal vekst i bustadbygginga. Samanliknar vi 2021 med 2019, gjekk talet på igangsette bustadar ned med -1 552 bustadar.

I kommunane varierer talet på igangsette bustadar mykje frå år til år. Tilgjengeleg og ferdig regulerte areal til bustadføremål, kan vere eit av forholda som påverkar bustadbygginga. Av dei tre største byane i fylket er det Kristiansund som i 2021 hadde vekst i talet på igangsette bustadar. Veksten i Kristiansund frå 2020 til 2021 er på 54 bustadar eller 110,2 prosent. Molde og Ålesund hadde ein nedgang i igangsette bustadar frå 2020 til 2021 på -47,4 og -28,7 prosent. Størst prosentvis vekst er det i Stranda og Hustadvika med 350,0 og 287,5 prosent auke i igangsette bustadar frå 2020 til 2021.

I perioden 2017-2021 vart det fullført 5 640 bustadar i Møre og Romsdal. Det er rekkehus og einebustadar det er oppført flest av, 2 179 rekkehus og 1 819 einebustadar er oppført i denne perioden.

Igangsette og fullførte bustadar 2017-2021

	Igangsette bustadar 2019-2021			Endring 2020-2021		Fullførte bustadar 2017-2021				
	2019	2020	2021	Tal	Prosent	Einebustadar	Rekkehus m.v.	Blokker m.v.	Andre bustadar	Sum 2017-2021
Kristiansund	70	49	103	54	110,2	92	83	81	44	300
Molde	145	211	111	-100	-47,4	163	312	213	92	780
Ålesund	504	541	386	-155	-28,7	454	748	550	44	1 796
Vanylven	8	8	2	-6	-75,0	27	22	0	0	49
Sande	3	9	15	6	66,7	14	11	0	0	25
Herøy	51	37	47	10	27,0	71	50	38	1	160
Ulstein	31	32	21	-11	-34,4	98	98	44	0	240
Hareid	6	11	11	0	0,0	29	29	0	0	58
Ørsta	85	50	74	24	48,0	68	114	20	20	222
Stranda	10	8	36	28	350,0	32	10	8	0	50
Sykkylven	9	17	9	-8	-47,1	28	31	13	0	72
Sula	78	53	39	-14	-26,4	94	170	48	2	314
Giske	62	40	28	-12	-30,0	92	90	5	0	187
Vestnes	40	17	11	-6	-35,3	46	44	0	20	110
Rauma	3	15	9	-6	-40,0	29	10	21	0	60
Aukra	13	25	9	-16	-64,0	44	53	0	4	101
Averøy	10	31	13	-18	-58,1	70	37	0	0	107
Gjemnes	6	6	5	-1	-16,7	16	16	0	0	32
Tingvoll	5	4	10	6	150,0	25	9	0	0	34
Sunndal	3	5	9	4	80,0	27	8	8	0	43
Surnadal	14	19	21	2	10,5	44	10	39	4	97
Smøla	19	8	3	-5	-62,5	24	6	0	0	30
Aure	6	52	6	-46	-88,5	38	5	15	41	99
Volda	141	23	48	25	108,7	61	93	53	199	406
Fjord	4	1	0	-1	-100,0	10	0	0	0	10
Hustadvika	58	24	93	69	287,5	123	120	15	0	258
Møre og Romsdal	1 384	1 296	1 119	-177	-13,7	1 819	2 179	1 171	471	5 640
Landet	31 643	29 948	30 091	143	0,5	33 334	33 869	73 241	12 331	152 775



14. SAMFERDSEL

Sju prosent fleire køyretøy på fylkesvegferjer i 2021


Etter ein nedgang i køyretøy i 2020, auka talet på køyretøy på fylkesvegferjene i Møre og Romsdal i 2021. Totalt vart det frakta 4 253 111 køyretøy i 2021, noko som er ein auke på 7 prosent samanlikna med 2020. Samanlikna med 2019, var det ein nedgang på 4 prosent.

Reisemønsteret har endra seg i 2020 og 2021 samanlikna med 2019. Trafikken i sommarferien har auka, med ein topp i juli månad kor det vart frakta 14 prosent fleire køyretøy enn i 2019. Truleg er det nordmenn på norgesferie som er årsaka til endringa i reisemønsteret.


Ved overgangen til AutoPASS som billetteringsløsning frå 1.1.2020, vart det gratis å reise som passasjer med ferja, og det var venta at fleire ville velje å køyre saman. Talet for passasjerar per køyretøy har vist seg å ikkje auke etter innføringa, men heller minka. I 2019 var det i snitt 1,9 passasjerar per køyretøy, og 1,7 passasjerar per køyretøy i 2020 og 2021. Truleg har avstands anbefalingane under koronaen medverka til dette.

Privattrafikk er køyretøy på under 6 meter lengde, mens næringstrafikk har køyretøy med over 6 meter lengde. Koronaen påverka privat- og næringstrafikken ulikt første halvår, der næringstrafikken hadde auke samanlikna med same periode i 2019 og privattrafikken var lågare. Næringstrafikken utgjør årleg omlag 11 prosent av totale køyretøy i perioden 2019 – 2021. Næringstrafikken i 2021 ligg 5 prosent høgare samanlikna med 2019 og 9 prosent høgare enn 2020 nivå. Privattrafikken i 2021 ligg 5 prosent lågare samanlikna med 2019 og 6 prosent høgare enn 2020 nivå.


Kjelde: Uttrekk frå ferjedatabanken




Kjelde: Uttrekk frå ferjedatabanken



Kjelde: Uttrekk frå ferjedatabanken



Kjelde: Uttrekk frå ferjedatabanken



29 prosent færre bussreiser i 2021 samanlikna med 2019

Totalt vart det registrert 6,5 millionar reisande med buss i Møre og Romsdal i 2021. Dette er 5 prosent høgare enn talet for 2020, men derimot 29 prosent lågare enn talet for 2019. Totalt var det over 2,6 millionar færre busspassasjerar i 2021 enn i 2019. 2 millionar av desse er ordinære passasjerar og rest-erande er skuleskyss.


Koronapandemien påverka også tala på reisande i 2021, spesielt i første halvår. Samanlikna med 2020 var det likevel færre periodar med restriksjonar og stengde framdører. Med bakgrunn i dette, er det difor valt å samanlikne tala mot 2019 som var det siste normale året før koronapandemien.

Størst nedgang i passasjerar per måned i 2021 samanlikna med 2019 fekk vi i mai med 43 prosent reduksjon. I september og november var talet på bussreiser i ferd med å auke tilbake mot 2019-nivå, og månadane enda på 83 og 82 prosent av 2019-nivået. I desember vart det innført nye restriksjonar som førte til 32 prosent nedgang samanlikna med desember 2019.


Ordinære reiser hadde i 2021 ein nedgang på 34 prosent samanlikna med 2019, og skuleskyss ein nedgang på 19 prosent.

Ved å sjå nærare på tal for på-stigande passasjerar ein normal kvardag i september 2021, ser ein følgjande mønster. 36 prosent av dei på-stigande passasjerane gjennom dagen har avreise mellom kl. 06.00 og 08.59, og 38 prosent mellom kl. 13.00 og 15.59. Til saman utgjer dette 74 prosent av dei reisande i løpet av ein kvardag. Dette inneber at dei to nemnte tidsromma er dimensjonerande for kva kapasitet (kor store bussar vi brukar på rutene) vi får resten av døgnet, når etterspurnaden ikkje er like stor. Det er også i perioden med flest reiser at potensialet for nye reiser er størst.


Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



41 prosent færre hurtigbåtreiser i 2021 samanlikna med 2019


Totalt, utan Kystekspresen, vart det registrert 335 819 fylkesinterne reisande med hurtigbåt i Møre og Romsdal i 2021. Dette er ein reduksjon på 41 prosent samanlikna med 2019, og 13 prosent reduksjon samanlikna med 2020. Totalt var det over 230 000 færre reisande med hurtigbåt i 2021 enn i 2019. Desse fordelar seg på 192 000 ordinære reiser og 39 000 skuleskysseiser. Ordinære reiser hadde då ein nedgang på 34 prosent samanlikna med 2019 og skuleskysse ein nedgang på 9 prosent.

Rute 39 Molde – Vestnes – Sekken blei avvikla frå og med 1.1.2021, noko som bidrog til reduksjon i talet på passasjerar. Ruta hadde 76 000 passasjerar i 2019 og 52 000 passasjerar i 2020. Når ein i samanlikna år tek bort passasjerane for rute 39, blir nedgangen for 2021 på 31 prosent samanlikna med 2019 og tilnærma inga endring samanlikna med 2020.


Tal for på-stigande passasjerar ein normal kvardag i september 2021, gir følgjande mønster: 35 prosent av dei på-stigande passasjerane gjennom dagen har avreise mellom kl. 06.00 og 08.59, og 25 prosent mellom kl. 15.00 og 16.59. Til saman utgjer dette 60 prosent av dei reisande i løpet av ein kvardag. Dette inneber at dei to nemnte tidsromma er dimensjonerande for kva kapasitet vi får resten av døgnet, når etterspurnaden ikkje er like stor. Det er også i perioden med flest reiser at potensialet for nye reiser er størst.

Totalt for Kystekspresen var det 192 000 registrerte passasjerar i 2021, der 46 prosent av desse passasjerane gjekk av og/eller på i Møre og Romsdal. Samanlikna med 2019, var det 91 733 færre registrerte passasjerar totalt for ruta, som utgjer ein nedgang på 32 prosent. For passasjerar som gjekk av og/eller på i Møre og Romsdal, blei det ein nedgang på 32 093 eller 27 prosent, for tilsvarande periode.


Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune





Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



Kjelde: ATB



Fekk fleire elektriske ferjer og bussar, reduserte klimagassutsleppa

Den pågåande elektrifiseringa av kollektivtrafikken i Møre og Romsdal har i perioden 2019 til 2021 redusert CO₂-utsleppa frå kollektivtrafikken med 13 prosent. Dieselforbruket er i same periode redusert med meir enn 4 millionar liter.

Møre og Romsdal fylkeskommune har sett eigne mål for å handtere klima- og naturkrisa. Mellom anna har fylkeskommunen sett seg som langsiktig utviklingsmål å bli miljøfylke nr. 1. Utviklingsmålet blir støtta opp av fylkesplanmåla. Eit av desse måla er å redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor.


I perioden 2019 til 2021 blei dieselforbruket totalt for buss, hurtigbåt og ferje redusert med 4 284 000 liter. På same tid har den årlege ruteproduksjonen vore relativt uendra, sett bort ifrå nedlegginga av hurtigbåten Molde – Vestnes – Sekken, ekstra ferje på Edøya – Sandvika og auka produksjon på Seivika – Tømmervåg.

Hovudårsaka til nedgangen i dieselforbruk skuldast elektrifisering av tre ferjesamband og innføring av elektriske bussar i 2021. Elektrifisering av dei tre ferjesambanda bidrog aleine med ein reduksjon på 2,8 millionar liter diesel.



Klimagassutsleppa i 2021 vart redusert med 11 400 tonn CO₂-ekvivalentar samanlikna med 2019, noko som utgjer over 13 prosent.

Elektrifisering av kollektivtransporten i Møre og Romsdal er eit omfattande og langsiktig arbeid, kor det allereie ligg tidfesta planar fram i tid for vidare elektrifisering slik at ein vil nå målet om 55 prosent reduksjon.

Årleg dieselforbruk fylkesvegferje, buss og hurtigbåt



Berekn årleg utslepp og prognose tonn CO₂-ekvivalentar kollektivtransport i Møre og Romsdal



Meir asfaltering og meir tilfredsstillande vegdekke


Det vart i 2021 lagt 174 km asfalt på fylkesvegane i Møre og Romsdal, og 63 prosent av vegdekket har no tilfredsstillande tilstand.

Tilstanden til vegen har betydning for alle som ferdast på vegen, og asfaltdekket, vegfundamentet, kurvaturen, breidda og terrengtilpassinga er viktig for framkome. Det er 2 996 km fylkesveg i Møre og Romsdal, i tillegg eig fylkeskommunen 184 km gang- og sykkelveg.


Dekketilstanden vert kategorisert på grunnlag av årlege vegdekke-målingar. Kategoriane «svært god», «god» og «middels» vert rekna som tilfredsstillande dekketilstand. Kategoriane «dårlig» og «svært dårlig» vert rekna som ikkje tilfredsstillande. Trenden er i hovudsak positiv med 53 prosent tilfredsstillande dekke i 2016 og 63 prosent i 2021. Ingen fylkesvegar bør vere i kategorien «dårlig» eller «svært dårlig». Ekstramidlar på 14 mill. kroner i 2020 resulterte i nytt dekke på prioriterte fylkesvegar, og er truleg ei viktig årsak til den positive utviklinga. Staten har gjennom Nasjonal transportplan etablert ei ordning for å bidra til å hente inn vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane. Auka dekkelegging vil vere ei viktig følgje av denne ordninga.

Levetida for asfaltert dekke er om lag 15 år. På dei mest trafikkerte fylkesvegane våre har dekket ei levetid på 8–10 år. Prisen for å asfaltere 1 km fylkesveg er i gjennomsnitt ca. 1 mill. kroner. Når vi tar omsyn til levetida til vegdekket, er årleg asfalteringsbehov i storleiken 150–200 mill. kroner for å flate ut forfallet av vegdekket på fylkesvegane. Fylkeskommunen brukar 55 mill. kroner til asfaltdekkelegging, i tillegg 45 mill. kroner for forsterkning av vegar (inkludert asfaltering) og 29 mill. kroner til reasfaltering ved hjelp av ei statleg tiltakspakke i 2022.

Kjelde: Statens vegvesen





Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Asfaltparsellar, asfaltering fylkesvegar, 2021



Fleire lettare skadde i trafikken i Møre og Romsdal i 2021

Talet på lettare skadde i trafikken (riksveg, fylkesveg, kommunal veg) har auka frå 189 til 205 personar i Møre og Romsdal frå 2020 til 2021. Talet på hardt skadde i fylket har gått ned frå 32 til 30 personar frå 2020 til 2021. I Møre og Romsdal vart 3 drepne i vegtrafikken i 2021, like mange som i 2020. Summen av drepne, hardt skadde og lettare skadde er høgare i 2021 enn i 2020.


Den langsiktige trenden er ein nedgang i drepne og hardt skadde i fylket vårt. Men det var fleire lettare skadde i Møre og Romsdal i 2021 enn i 2018, 2019 og 2020.

Det er på fylkesveg det skjer flest alvorlege trafikulykker. Det var 23 drepne/hardt skadde på fylkesveg i Møre og Romsdal i 2021 av totalt 33 drepne/hardt skadde i vegtrafikken i fylket. Utkorkøyring-sulykker, og dernest møteulykker, tar flest liv og medfører alvorlege skader. Bättre vegar, betre vegvedlikehald, forsterking av midtoppmerkinga og strekningsmåling av fart kan medverke til færre ulykker.

80 personar vart drepne og 569 personar hardt skadde i trafikulykker i Noreg i 2021. Det skjer ei underrapportering av skadde i vegtrafikken. Ifølge Nasjonal transportplan 2022-2033 er det reelle talet på hardt skadde mellom 1500 og 2000 i Noreg per år. Nasjonal transportplan 2022-2033 foreslår ei skaderegistrering basert på helsevesen-data for å få oversikt over det reelle omfanget, og sette nye mål for talet på hardt skadde ved neste rullering av Nasjonal transportplan i 2026.


Eit positivt trekk er at færre unge mistar livet i trafikulykker i Noreg. Bättre opplæring og endra haldningar bidrar truleg til denne utviklinga. Samstundes er det ein negativ ulykkestrend på godt vaksne menn. Årsaka til dette er ikkje kjend.

Drepne, hardt skadde og lettare skadde i trafikulykker i Møre og Romsdal 2005-2021



Kjelde: SSB/Statens vegvesen

Drepne og hardt skadde totalt - Møre og Romsdal



Investeringar, drift og vedlikehaldskostnader på fylkesveg 2013–2021

Nordøyvegen er det største og mest kostnadskrevjande fylkesvegprosjektet i 2019–2021.

Nordøyvegen består av eit brusamband og tre undersjøiske tunnelar som gir fast vegsamband mellom øyane Lepsøya, Haramsøya, Flemsøya, Fjørtofta, Harøya og fastlandet.

Det blir framleis ferje mellom Brattvåg og Dryna etter at Nordøyvegen er opna. Det er også vedtatt å opprette ei ny hurtigbåtrute for strekninga Ålesund – Valderøy – Store Kalvøy – Hamnsund, eventuelt Lepsøya.



Skredsikringsprosjektet Korsmyra–Indreide på fylkesveg 63 til Geiranger består av ein 4,8 km lang tunnel mellom Eidsdal og Geiranger. Denne tunnelen vil gi ein sikrere vinterveg når den blir ferdig hausten 2023. Det er brukt 338,2 mill. kr på dette prosjektet i åra 2018–2021.

Nordøyvegen og skredsikringsprosjekt har andre finansieringskjelder i tillegg til ordinære fylkesvegmidlar.

Mindre utbetringar i tunnel, bruer, ferjekaier og forsterkning av vegstrekningar var dei største postane utover Nordøyvegen og rassikring i 2021. Gjennomsnittlege, årlege kostnader til fylkesvegprosjekt i perioden 2013–2022 er på 1,048 mrd. kroner.

Til drift og vedlikehald av fylkesveg i Møre og Romsdal vart det nytta 604,6 mill. kroner i 2021. Desse driftsmidlane kjem i tillegg til investeringsmidlane over. Entreprenørar som har inngått kontrakt med fylkeskommunen, utfører det praktiske arbeidet med drift og vedlikehaldet på fylkesvegane. Sentrale oppgåver er vintervedlikehald (snøbrøyting og strøing), vedlikehald på bruer og ferjekaier, asfaltering og vegoppmerking, drift og vedlikehald av grøfter og rekkverk mv.

Rekneskapsførte kostnader fylkesvegprosjekt og budsjett 2022



15. KOMMUNEØKONOMI

Kjelde: SSB

Har kommunane ein berekraftig kommuneøkonomi?

Dei mest sentrale indikatorane i kommuneøkonomien er netto driftsresultat, storleiken på disposisjonsfondet og gjeldsgraden. Det er samanheng mellom desse indikatorane som seier noko om kommunens økonomiske tilstand.

Netto driftsresultat er den leiande indikatoren for den økonomiske statusen i ein kommune. Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat bør utgjere minst 1,75 prosent av brutto driftsinntekt over tid for at formuesbevaringsprinsippet skal bli teke i vare. Prinsippet inneber at ein kommunes samla formue, realkapital og finansielle fordringar, med frådrag for gjeld, ikkje skal reduserast over tid.

I 2021 var gjennomsnittleg netto driftsresultat på 1,8 prosent for kommunane i Møre og Romsdal. Landet utan Oslo har i snitt eit netto driftsresultat på 4,2 prosent. Det er stor variasjon mellom kommunane. Samla sett viser statistikken ei betring i kommuneøkonomien samanlikna med året før, men det er heile 15 kommunar som ligg under det anbefalte nivået.

Konsekvensen av låge disponible midlar er at kommunane er meir sårbare, og då heilt avhengig av å få drifta til å gå i balanse for å levere eit berekraftig tilbod til innbyggerane sine, og for å unngå eit meirforbruk. Låge eller ingen tilgjengelege midlar vil, ved ein auke i rentekostnadane, medføre endring i driftsnivået i kommunane. Konsekvensen av dette er færre midlar til tenestetilbodet til innbyggerane. Tabellen viser at snittet for disposisjonsfond i Møre og Romsdal er på 8,9 prosent, men det er store forskjellar mellom kommunane. Snittet til landet utan Oslo er på 13,7 prosent.

Økonomiske indikatorar frå 2021 for kommunane i Møre og Romsdal

	Frie inntekter i kroner per innbygger	Avdrag, i prosent av brutto driftsinntekt	Avdrag i kroner per innbygger, konsern	Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt	Brutto driftsresultat i kroner per innbygger, konsern	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt, konsern	Disposisjonsfond i kroner per innbygger, konsern	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt, konsern	Netto driftsresultat i kroner per innbygger, konsern	Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt	Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern
Kristiansund	61 628	5.5	5 268	1.5	1 431	5.2	4 995	2.2	2 156	121.3	116 729
Molde	63 749	5.4	5 479	1.5	1 576	8.7	8 842	2.6	2 659	136.2	138 734
Ålesund	60 608	4.2	3 915	-0.6	-538	0.3	303	0.4	408	101.5	94 024
Vanylven	76 731	3.5	3 851	0.4	496	8.3	9 181	1.4	1 549	66.5	73 311
Sande	77 026	4.1	4 693	-0.6	-728	1.8	2 088	1.9	2 113	89.7	102 328
Herøy	63 422	4.8	4 247	-0.5	-476	6.6	5 833	0.0	9	117.5	103 238
Ulstein	63 618	6.7	6 161	2.2	2 027	5.9	5 434	0.8	764	184.2	168 782
Hareid	65 165	4.0	3 757	0.5	457	0.8	744	0.8	767	147.0	136 751
Ørsta	63 881	4.2	3 815	-0.1	-60	9.5	8 690	1.1	988	122.6	111 617
Stranda	68 325	6.0	6 475	0.6	692	7.4	7 964	-0.1	-100	148.2	160 458
Sykkylven	60 653	3.4	2 827	0.6	487	3.7	3 142	1.6	1 346	87.7	73 990
Sula	64 736	5.2	4 714	4.2	3 842	14.5	13 118	4.0	3 640	115.1	104 356
Giske	63 118	5.0	4 586	5.4	4 897	0.5	470	4.5	4 113	128.7	117 026
Vestnes	64 763	3.5	3 941	-2.9	-3 240	1.4	1 554	-1.8	-2 033	87.5	98 793
Rauma	68 277	3.7	3 900	-0.9	-924	1.9	2 004	0.0	-22	109.8	114 625
Aukra	68 603	6.8	12 136	8.5	15 303	131.9	236 163	12.4	22 265	89.2	159 802
Averøy	62 971	4.1	3 653	0.0	33	10.6	9 296	-0.6	-556	102.1	89 965
Gjemnes	69 084	4.4	4 539	-1.9	-1 929	7.8	7 944	-2.3	-2 311	79.5	81 329
Tingvoll	76 979	5.1	5 814	2.4	2 695	14.0	15 806	1.3	1 433	99.0	112 114
Sunnadal	68 471	3.5	4 088	1.7	2 028	20.5	24 179	3.8	4 535	62.6	73 793
Surnadal	65 525	3.3	3 713	1.7	1 884	5.1	5 805	2.3	2 608	90.6	103 121
Smøla	77 112	4.9	6 560	2.6	3 464	21.0	28 217	2.5	3 318	106.0	142 699
Aure	83 750	4.7	5 865	3.6	4 433	14.3	17 729	2.6	3 218	78.2	97 150
Volda	65 388	4.7	4 947	1.1	1 201	7.1	7 455	1.7	1 819	131.8	139 205
Fjord	87 318	4.8	6 705	-3.8	-5 236	0.2	328	-1.8	-2 549	107.0	148 916
Hustadvika	67 406	4.1	4 053	4.1	4 042	9.5	9 415	4.3	4 244	97.6	96 744
Møre og Romsdal	64 443	4.6	4 622	1.1	1 045	8.9	8 825	1.8	1 762	111.9	111 319
Landet utan Oslo	63 840	4.0	3 424	2.8	2 393	13.7	11 605	4.2	4 078	93.0	90 299

Økonomiske indikatorar

I gjeldstoppen

Møre og Romsdal har eit snitt på netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt på 111,9. I landet utan Oslo er denne prosenten på 93,0. Det høge gjeldsnivået tyder på at kommunane over lengre tid har nytta moglegheitene som ligg i den historisk låge renta, til å investere og bygge opp kostnadsnivået. Kommunane har i liten grad nytta høvet til å justere ned lånenivået. Dei har heller ikkje spart i tider med historisk låg rente og ekstraordinære inntekter. Det gir grunn til uro, når ein veit at det er utsikt til fleire rentehevingar i tida som kjem.

I Møre og Romsdal har 15 kommunar ein gjeldsgrad over 100 prosent av brutto driftsinntekt og av desse har 8 kommunar over 120 prosent. Dette er eit for høgt nivå i forhold til å oppretthalde ein god økonomisk handleevne. Med høgare rentenivå og ei forventning om ytterlegare renteauke, er det grunn til å tru at fleire kommunar vil få utfordringar med å dekke låneutgiftene sine over driftsbudsjettet.

Høg gjeldsgrad, lågt netto driftsresultat og bruk av disposisjonsfond gjer at mange av kommunane i Møre og Romsdal må arbeide for å oppnå balanse i budsjett og rekneskap framover. Det er grunn til å tru at fleire kommunar kommer på ROBEK i åra som kjem, om ikkje grep blir tatt no.


Mest til pleie og omsorg

Tabellen viser kva kommunane har nytta av eigne midlar på dei ulike tenestekområda i kommunen, på bakgrunn av behov og prioriteringar i kommunen. Dei største sektorane er helse og omsorg, grunnskole og barnehage. Dei aller fleste kommunane i fylket ligg over snittet til landet utan Oslo.

Meir informasjon om kommuneøkonomi finn du i den årlege rapporten til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, «Utviklinga i kommuneøkonomien».

Sektorvise netto driftsutgifter i prosent av totale netto driftsutgifter

	Sosialsektoren	Barnevern	Varn, avløp, renovasjon, avfall (VAR)	Kirke	Kommunale boliger	Brann- og trykkesvern	Administrasjon og styring	Kultur	Plan, byggesak og miljø	Næring	Samferdsel	Eiendomsforvaltning	Barnehage	Grunnskole	Helse og omsorg
Kristiansund	3.5	3.1	-0.7	0.9	0.8	1.1	4.1	2.4	0.8	0.7	1.6	7.3	12.4	22.4	46.7
Molde	5.2	3.0	-0.8	1.2	-0.1	2.0	-2.5	3.9	1.4	-1.0	2.3	6.4	14.7	22.6	48.7
Ålesund	3.6	2.8	-0.5	1.1	0.4	2.0	3.2	2.7	0.6	-0.1	1.3	7.6	14.7	22.9	44.2
Vanylven	3.2	1.7	-1.3	1.5	0.0	1.2	4.6	2.3	0.8	1.3	2.5	6.5	8.7	22.4	49.7
Sande	1.6	2.3	0.1	1.4	0.0	1.2	4.4	1.9	1.5	0.5	3.2	9.6	11.0	21.0	49.8
Herøy	3.6	2.7	-0.5	1.3	0.0	1.7	1.4	3.9	1.2	0.3	3.3	9.0	13.6	23.7	43.5
Ulstein	3.4	2.9	-0.4	1.1	0.1	1.4	3.8	5.1	1.0	0.6	2.7	9.9	14.9	26.9	36.5
Hareid	3.4	4.2	-0.9	1.2	-0.7	1.9	5.3	2.4	1.6	1.5	2.5	9.8	14.7	22.9	39.9
Ørsta	2.9	2.7	-0.6	0.9	0.1	1.6	2.0	2.9	1.0	0.3	2.3	8.2	15.0	23.1	45.6
Stranda	1.1	1.7	-1.4	1.4	0.7	2.7	3.7	2.0	0.9	-0.3	4.8	7.8	11.7	24.5	46.5
Sykkylven	2.9	2.6	-0.4	0.9	0.0	1.7	3.2	3.2	1.1	0.3	2.8	6.3	14.1	25.6	42.0
Sula	2.7	3.3	-1.8	0.9	0.5	1.4	3.7	2.2	1.1	0.1	1.8	5.2	17.5	25.9	40.6
Giske	2.1	2.2	-0.6	1.0	1.1	1.5	3.3	1.3	1.2	0.1	1.3	6.3	17.6	28.2	39.6
Vestnes	2.9	3.0	-0.1	0.8	0.3	1.2	2.1	2.7	0.8	0.6	2.7	4.6	9.8	17.8	55.7
Rauma	3.0	2.1	-0.6	1.0	0.0	1.9	4.3	2.9	1.3	0.2	3.0	9.3	13.3	20.9	47.5
Aukra	5.3	1.8	-0.9	0.9	-0.3	1.8	4.6	3.0	1.1	0.5	2.9	8.7	9.3	20.5	30.8
Averøy	3.2	2.1	-0.2	1.3	0.2	1.6	3.5	1.9	1.0	0.7	3.0	8.4	10.9	27.8	43.0
Gjemnes	1.3	2.3	0.2	1.3	0.1	2.5	4.5	3.3	0.8	0.7	1.6	9.1	16.7	22.2	42.5
Tingvoll	2.4	2.2	-0.4	1.9	0.2	2.2	6.7	3.5	1.4	1.4	2.4	9.8	11.3	22.1	42.2
Sunndal	4.5	2.7	-0.5	1.1	0.8	1.9	1.0	5.2	1.5	0.2	2.4	10.2	11.6	22.5	44.8
Surnadal	4.2	2.6	-0.6	1.3	-0.1	1.3	2.1	4.6	1.2	-1.9	3.3	9.1	12.6	23.5	45.9
Smøla	1.8	1.1	-1.5	1.4	0.4	1.8	5.4	5.1	1.6	3.3	2.3	9.8	8.9	22.4	47.7
Aure	1.2	1.8	-0.5	1.1	-1.9	1.1	12.7	2.1	1.1	2.4	3.6	11.4	8.8	24.2	42.0
Volda	2.7	2.1	-1.0	1.1	0.1	1.7	3.5	2.5	1.0	3.1	3.4	9.1	14.2	23.8	41.5
Fjord	1.6	1.1	-0.6	1.1	1.2	2.4	15.4	3.5	1.9	-0.9	4.3	9.9	6.6	21.2	41.0
Hustadvika	2.0	3.4	-1.0	0.9	-0.2	1.6	1.6	2.0	0.7	0.6	3.0	6.9	15.8	28.0	42.1
Møre og Romsdal	3.4	2.7	-0.7	1.1	0.2	1.7	2.9	3.0	1.0	0.3	2.3	7.8	13.7	23.4	44.4
Landet utan Oslo	4.9	3.4	-0.6	1.0	0.3	1.5	3.6	4.1	1.4	-0.2	2.0	9.5	14.4	23.6	40.5



16. PERSONINNTEKT

Kjelde: SSB

Inntektsforskjellen aukar

Den gjennomsnittlege bruttoinntekta i Møre og Romsdal er i 2020 på 474 200 kr, nasjonalt er snittet 497 100 kr. Gjennomsnittleg bruttoinntekt er med andre ord 22 900 kr høgare nasjonalt enn i Møre og Romsdal. I 2019 var forskjellen på 18 600 kr, så forskjellen i inntektsnivået aukar om vi samanliknar oss med resten av landet.

Medianinntekta er eit betre mål på inntektsnivået i ein kommune enn gjennomsnittsinntekta. Medianen er den observasjonen i eit talgrunnlag som er i midten. Medianinntekt er dermed det inntektsnivået der like mange har høgare inntekt som lågare inntekt. Brutto medianinntekt blir med andre ord ikkje påverka av at nokre få i ein kommune har ekstremt høge inntekter, slik som er tilfelle for ei gjennomsnittsberekening. Det er dei yrkesaktive i Vanylven som i 2021 har lågast brutto medianinntekt med 377 600 kr. Høgast brutto medianinntekt i 2020 har dei yrkesaktive i Molde kommune med 432 900 kr.

I 2020 var det i Herøy at bruttoinntekta var høgast med eit gjennomsnitt på 506 500 kr. Det er berre i kommunane Herøy og Giske at bruttoinntekta er høgare enn snittet for landet. Dei yrkesaktive i Fjord kommune hadde i 2020 den lågaste gjennomsnittlege bruttoinntekta med 423 400 kr.

Ser vi gjennomsnittsinntekta for kvinner i forhold til gjennomsnittsinntekta for menn, tener kvinnene i fylket 68,2 prosent av inntekta til menn. Det er i Fjord kommune forskjellen på kvinner og menn si inntekt er lågast, der tener kvinnene 77,8 prosent av mennene si inntekt.

Hovudpostar frå likninga for busette personar 17 år og eldre, 2020

	Bruttoinntekt	Gjennomsnittleg bruttoinntekt			Inntekt i prosent av landet, begge kjønn		Gj.snittsinntekt kvinner i prosent av gj.snittsinntekt menn
		Median	Begge kjønn	Menn	Kvinner	Median	
Kristiansund	400 500	467 600	548 100	384 500	93,9	94,1	70,2
Molde	432 900	484 100	561 000	406 900	101,5	97,4	72,5
Ålesund	427 000	490 800	582 000	395 200	100,1	98,7	67,9
Vanylven	377 600	449 200	549,600	343 400	88,5	90,4	62,5
Sande	382 600	459 000	548 800	357 400	89,7	92,3	65,1
Herøy	400 200	506 500	651 400	354 700	93,8	101,9	54,5
Ulstein	425 400	490 200	579 500	392 300	99,7	98,6	67,7
Hareid	407 400	453 900	551 100	353 300	95,5	91,3	64,1
Ørsta	412 200	455 100	542 900	365 900	96,6	91,6	67,4
Stranda	408 400	463 700	543 900	379 900	95,7	93,3	69,8
Sykkylven	420 000	453 300	522 000	382 200	98,5	91,2	73,2
Sula	425 300	473 900	564 700	376 500	99,7	95,3	66,7
Giske	429 700	503 800	625 900	376 100	100,7	101,3	60,1
Vestnes	396 600	454 800	531 300	372 000	93,0	91,5	70,0
Rauma	408 100	457 700	533 400	378 200	95,7	92,1	70,9
Aukra	413 800	477 100	576 700	377 000	97,0	96,0	65,4
Averøy	410 000	485 800	591 500	374 600	96,1	97,7	63,3
Gjemnes	411 600	445 000	508 900	375 300	96,5	89,5	73,7
Tingvoll	398 700	443 000	509 700	373 800	93,5	89,1	73,3
Sunndal	416 000	469 100	554 200	381 900	97,5	94,4	68,9
Surnadal	390 800	433 500	501 900	362 000	91,6	87,2	72,1
Smøla	401 000	480 800	583 700	370 500	94,0	96,7	63,5
Aure	395 800	457 500	527 700	382 800	92,8	92,0	72,5
Volda	395 100	430 300	499 900	360 700	92,6	86,6	72,2
Fjord	387 200	423 400	477 600	371 500	90,8	85,2	77,8
Hustadvika	423 000	473 900	567 100	376 600	99,2	95,3	66,4
Møre og Romsdal	415 600	474 200	561 700	383 200	97,4	95,4	68,2
Landet	426 600	497 100	583 600	409 900	100,0	100,0	70,2

17. LIKESTILLING OG DEMOKRATI

Kjelde: SSB

Kvinner og unge er underrepresentert

Resultata frå kommunevalet i 2019 viser at både kvinner, unge og eldre er underrepresentert i kommunestyra. Valet i 2019 gav ein samla kvinnedel i kommunestyra på 36,4 prosent, ein nedgang på 1,6 prosentpoeng frå valet i 2015. Møre og Romsdal er det fylket med lågast del kvinner i kommunestyra, landsgjennomsnittet er 40,1 prosent. Ser vi på kjønnsfordelinga mellom partia i kommunestyra i Møre og Romsdal, finn vi at partia Raudt og Sosialistisk venstreparti (SV) har over 50 prosent kvinner. Lågast del kvinner er det blant representantane frå Framstegspartiet, der kvinnedelen er 23,2 prosent.

Samla sett ligg kommunane i Møre og Romsdal også noko under landsgjennomsnittet i del unge mellom 18 til 29 år i kommunestyra. Desse utgjer 8,7 prosent i Møre og Romsdal mot 10,7 prosent nasjonalt. Til samanlikning utgjer gruppa 18-29 år rundt 18 prosent av dei røysteføre i Møre og Romsdal.


Ved kommunevalet 2015 kom det inn fleire unge kvinner enn unge menn i kommunestyra i Møre og Romsdal. Dette endra seg ved valet i 2019, denne perioden er det færre unge kvinner med i kommunestyra i fylket. I alderen 18-29 år er det 34 kvinner mot 32 menn. I gruppa 30-39 år er det 61 kvinner og 63 menn. Nasjonalt auka både delen unge kvinner og unge menn i kommunestyra i 2019. Gruppa 60 år og eldre utgjer om lag 34 prosent av dei røysteføre i Møre og Romsdal. I kommunestyra i fylket utgjer denne gruppa til saman 22,8 prosent av representantane, det er ein auke på 1,9 prosentpoeng frå 2015. Det kviler eit ansvar på partia å legge til rette for eit mangfald i kommunestyra, ikkje berre med omsyn til alder og kjønn, men også når det kjem til etnisk bakgrunn og personar med funksjonsnedsetting.

Kommunestyremedlemar i Møre og Romsdal etter kjønn og alder, prosent

	Menn					Kvinner				
	18-29 år	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60 år eller eldre	18-29 år	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60 år eller eldre
2003	2.4	11.8	22.4	20.8	8.2	3.4	8.9	12.4	7.7	2.0
2007	2.4	7.7	19.6	21.6	14.1	2.9	9.2	10.4	8.0	3.9
2011	4.0	7.3	15.5	20.9	16.5	3.8	7.4	12.1	8.9	3.7
2015	4.2	6.8	15.4	18.7	16.7	4.7	7.9	12.6	8.8	4.2
2019	4.2	8.3	13.4	19.5	18.2	4.5	8.0	10.1	9.2	4.6

Kjelde: SSB


Kommunestyremedlemar i Møre og Romsdal etter kjønn og alder, 2019



Kjelde: SSB

Kommunestyremedlemar i Møre og Romsdal etter parti og kjønn 2019

	Tal menn	Tal kvinner	Alle	%-del kvinner
Arbeiderpartiet	91	74	165	44.8
Framstegspartiet	73	22	95	23.2
Høgre	88	36	124	29.0
Kristeleg Folkeparti	38	14	52	26.9
Miljøpartiet dei Grøne	15	6	21	28.6
Raudt	3	4	7	57.1
Senterpartiet	108	72	180	40.0
Sosialistisk Venstreparti	16	22	38	57.9
Venstre	19	12	31	38.7
Pensjonistpartiet	5	0	5	0.0
Felleslister	0	1	1	100.0
Lokale lister	22	12	34	35.3
Andre lister	5	2	7	28.6
Totalt	483	277	760	36,4



Ein kjønnsdelt arbeidsmarknad

Den generelle tendensen er at det har vorte meir likestilling mellom kvinner og menn i Noreg sidan indikatorane for kjønnslikestilling i kommunane vart publisert for første gong i 2008. På nesten alle dei 12 indikatorane har det vore ei utvikling i retning av meir likestilling, men med ulik styrke.

Både for Møre og Romsdal og landet samla er det størst kjønnsbalanse på indikatorane som måler forholdet mellom del kvinner og menn i arbeidsstyrken og del barn 0–5 år som går i barnehage. Minst kjønnsbalanse er det på indikatorane som måler deltidsarbeid og grad av kjønnsbalansert næringsstruktur.

I mange yrke er det anten mange menn eller mange kvinner som er tilsett. Få menn vel yrke der det jobbar flest kvinner. Endringar i arbeidsmarknaden viser likevel at fleire kvinner søker seg til yrke der det jobbar flest menn. Det blir også stadig fleire kvinnelege sjefar. Men utviklinga mot ein mindre kjønnsdelt utdannings- og arbeidsmarknad går sakte.


Møre og Romsdal har den lågaste skåren av alle fylka på indikatoren «Grad av kjønnsbalansert næringsstrukturen». Skåren går frå 0 til 1, der eit resultat ned mot 0 viser stor kjønnsforskjell mellom tilsette i næringane i fylket/kommunen, og tal opp mot 1 betyr jamn fordeling av menn og kvinner i næringane. Oslo har høgast skår med 0,74, landsgjennomsnittet er 0,60 og Møre og Romsdal får 0,52.

Det er Sykkylven kommune som har størst grad av kjønnsbalansert næringsstruktur i Møre og Romsdal, det er den einaste kommunen som kjem opp på landsgjennomsnittet. Kommunane Stranda og Molde kjem deretter med skårane 0,59 og 0,58. Minst grad av kjønnsbalansert næringsstruktur finn vi i kommunane Sande og Smøla, begge med skår på 0,39.

Indikatorar for kjønnslikestilling, grunnlagstal, Møre og Romsdal og landet 2010 og 2020						
	2010		2020		Endring 2010–2020	
	Møre og Romsdal	Landet	Møre og Romsdal	Landet	Møre og Romsdal	Landet
Del barn 1–5 år i barnehage (prosent)	91.7	89.3	94.6	92.7	2.9	3.4
Del menn blant kommunestyrerepresentantar (prosent)	65.3	61.8	63.6	59.5	-1.7	-2.3
Del kvinner blant kommunestyrerepresentantar (prosent)	34.7	38.2	36.4	40.5	1.7	2.3
Del menn med høgare utdanning (prosent)	18.5	24.0	23.8	30.7	5.3	6.7
Del kvinner med høgare utdanning (prosent)	24.4	28.4	35.0	39.6	10.6	11.2
Del menn (20–66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	84.9	83.1	81.4	80.1	*	*
Del kvinner (20–66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	77.9	76.7	76.1	75.4	*	*
Gjennomsnittleg bruttoinntekt, menn (kr)	422 000	433 200	561 700	583 600	139 700	150 400
Gjennomsnittleg bruttoinntekt, kvinner (kr)	266 400	285 600	383 200	409 900	116 800	124 300
Del sysselsette menn (20–66 år) som jobbar deltid (prosent)	13.9	15.1	15.1	16.7	*	*
Del sysselsette kvinner (20–66 år) som jobbar deltid (prosent)	40.4	36.4	42.6	37.3	*	*
Del fedre som tar heile fedrekvoten eller meir av foreldrepengeperioden	63.6	61.7	61.5	60.1	-2.1	-1.6
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0.53	0.61	0.52	0.60	0.0	0.0
Del menn blant sysselsette (20–66 år) i offentlig sektor (prosent)	24.8	29.3	25.1	29.9	0.3	0.6
Del kvinner blant sysselsette (20–66 år) i offentlig sektor (prosent)	75.2	70.7	74.9	70.1	-0.3	-0.6
Del menn blant sysselsette (20–66 år) i privat sektor (prosent)	66.1	63.1	67.6	63.8	1.5	0.7
Del kvinner blant sysselsette (20–66 år) i privat sektor (prosent)	33.9	36.9	32.4	36.2	-1.5	-0.7
Del menn blant leiarar (20–66 år) (prosent)	69.0	66.1	64.1	62.9	-4.9	-3.2
Del kvinner blant leiarar (20–66 år) (prosent)	31.0	33.9	35.9	37.1	4.9	3.2
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på vidaregåande skole (skår)	0.64	0.66	0.64	0.67	0.0	0.0

* Brot i tidsseriar gjer ikkje talasamanliknbare mellom 2010 og 2020.

Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår) 2020





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Stab for strategi og styring
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 71 28 00 00
mrfylke.no
mrfylke.no/statistikk
E-post: post@mrfylke.no